

Kven skal få kva - og kvifor?

*Ein komparativ analyse av fordelingsreglane i Studentbarnehagene  
og Studentboligene i SiO.*

Irene Nese

Masteroppgåve ved Institutt for Statsvitenskap  
Universitetet i Oslo  
Hausten 2006



## Føreord

No når masteroppgåva er ferdig og studielivet ligg bak meg, ønskjer eg å takka ein del personar som har hjelpt meg med å få oppgåva i hamn.

Eg vil først og framst takka min rettleiar Harald Baldersheim for ikkje å ha mista trua då det røynde på som verst. I tillegg vil eg takka Eli Feiring for å ha gjort meg kjend med lokal rettferdsteori og statsvitenskapleg analyse av fordelingar av knappe gode, samt for råd undervegs.

Eg er også svært takksam overfor folk i Velferdstinget og i SiO, som var imøtekomande ved førespurnad om informasjon. Det gjeld først og framst Øyvind Gjengaar, leiar i Velferdstinget, Kristin Sten, tidlegare medlem i Uttakskomiteén for Studentbarnehagene, Egil Heinert, nestleiar i Velferdstinget, Silje Winther, leiar av Hovedstyret i SiO, samt Boligavdelinga i Studentboligene.

Arbeidet hadde vore mykje vanskelegare utan oppbacking og støtte frå familie og vener. Eg vil særleg takka mamma, som var korrekturlesar og verkeleg stod på for å korrigera min utvatna *Oslo-nynorsk*. Vennina mi, Monica skal ha takk for støtte, og for at ho heldt ut med stressnivået mitt den siste veka.

Oslo, 17. oktober 2006

Irene Nese



## Innhaldsliste

<b>1.0 Innleiing.....</b>	<b>7</b>
1.1 Tema.....	7
1.2 Val av tilnærming og kasus.....	7
1.3 Problemstilling .....	8
1.4 Oversikt over vidare framstilling .....	12
<b>2.0 Teoretiske perspektiv.....</b>	<b>13</b>
2.1 Lokal rettferdsteori.....	13
2.2 Tilgjengeteori .....	19
2.3 Forventningar om funn.....	20
<b>3.0 Metode.....</b>	<b>23</b>
3.1 Kva datakjelder treng eg for å svara på problemstillingane? .....	23
3.2 Korleis går eg fram for å skaffa data? .....	25
3.3 Kva for metodisk design er valt for å svara på problemstillingane? .....	26
<b>4.0 Presentasjon av kasus .....</b>	<b>28</b>
4.1 Studentsamskipnaden i Oslo .....	28
4.2 Studentbarnehagene .....	29
4.3 Studentboligene .....	31
<b>5.0 Fordelingsreglar.....</b>	<b>33</b>
5.1 Studentbarnehagene sine fordelingsreglar .....	33
5.1.1 Terskel .....	33
5.1.2 Kø .....	34
5.1.3 Skranke .....	35
5.2 Studentboligene sine fordelingsreglar .....	37
5.2.1 Terskel .....	38
5.2.2 Kø .....	38
5.2.3 Skranke .....	40
5.3 Oppsummering .....	42
<b>6.0 Normativ analyse av skriftlege fordelingsreglar.....</b>	<b>45</b>
6.1 Adgangskriterium.....	45
6.2 Ordinær køavvikling .....	47
6.3 Prioritering på særskild grunnlag .....	50
6.4 Oppsummering .....	51
<b>7.0 Revideringsprosess – Aktørar og synspunkt .....</b>	<b>53</b>
7.1 Studentbarnehagene .....	53
7.1.1 Uttakskomitéen.....	54

7.1.2 Velferdstinget .....	56
7.1.3 Hovedstyret i SiO .....	58
7.1.4 Andre aktørar.....	58
7.2 Studentboligene .....	59
7.2.1 Boligavdelinga .....	60
7.2.2 Velferdstinget .....	61
7.2.3 Hovedstyret i SiO .....	63
7.2.4 Andre aktørar.....	63
7.3 Oppsummering og konklusjon .....	65
<b>8.0 Kvifor er fordelingsreglane ulike?.....</b>	<b>68</b>
8.1 Samanliknande analyse av normative prinsipp .....	68
8.1.1 Terskel.....	68
8.1.2 Ordinær kø.....	69
8.1.3 Særskild kø.....	74
8.2 Samanliknande analyse av operasjonalisering .....	75
8.2.1 Terskel.....	75
8.2.2 Ordinær kø.....	76
8.2.3 Særskild kø.....	82
8.3 Oppsummering .....	84
<b>9.0 Konklusjon .....</b>	<b>85</b>
Litteraturliste og Datamateriale.....	88

# **1.0 Innleiing**

## **1.1 Tema**

Spørsmålet om "Who gets what, when and how" er, i følgje Elster (1992:1), ein definisjon på kva politikk handlar om. Eksempel på aktuelle fordelingsdebattar i Norge, er diskusjonen om opne universitet kontra opptakskriterium (t.d. Maseng 2006), og debatten som følgde oppslaga om statsrådar si "sniking" i barnehagekøen (t.d. Lode 2006). Fordeling av gode (og byrder) er viktig frå to perspektiv. Det er først og fremst det første eit spørsmål om ressurs-allokering for samfunnet, eller for institusjonen som fordelar. Korleis er det mest hensiktsmessig å bruka ressursane? Er det mest forsvarleg å setja inn ressursane der nauda er størst, eller bør dei brukast der dei kan gi mest avkasting i "*menneskeleg kapital*"? Korleis skal ein i så fall gå fram for å sikra at dei med størst behov eller dei mest produktive blir favoriserte? For det andre kan fordeling av gode påverka velferdsnivå og mogleikar for individ og grupper. Helsestell og studieplassar er eksempel på gode, som både kan påverka velferd og produktivitet, og som står for ein stor del av dei offentlege utgiftene.

Elster (1992) har utvikla eit omgrevsapparat for å analysera praktisk-administrative fordelingar av gode, *lokal rettferdsteori*. Utgangspunktet er ein teori om at aktørane som tilbyr goda, har normative synspunkt, *prinsipp*, om kva som skal vektleggjast ved fordelingar. t.d. behov, som seier at personar med lågast velferdsnivå bør prioriterast, og samfunnseffektivitet, der personar som har best utsikter i høve til framtidig produktivitet, bør gå i føre i køen. Faktorar som kan forklara val av prinsipp, blir også presenterte (ibid.:143-183). Gjennomgangen til Elster er hovudsakleg teoretisk, men med empiriske eksemplar. Lorentzen (1995) utviklar omgrevsapparatet, og analyserer fleire kasus. Elster og Lorentzen viser at overgangen frå prinsipp til praktisk utforming ikkje alltid er enkel. Ulike prinsipp kan stå i motsetnadshøve til kvarandre, og praktisk-administrative omsyn kan forskuva ei optimal operasjonalisering av prinsipp.

## **1.2 Val av tilnærming og kasus**

I denne studien vil eg byggja på Elster (1992) og Lorentzen (1995) sitt rettferdsteoretiske omgrevsapparat. Medan Lorentzen hovudsakleg analyserer

”statiske” regelverk og bakgrunnen for desse, vil eg retta fokus mot to skriftlege fordelingsregelverk som nyleg har gjennomgått endringar. Oppgåva vil vera ein komparativ studie av fordelingsreglane i Studentbarnehagene og Studentboligene i Studentsamskipnaden i Oslo. Dei to kasusa er teoretisk interessante og tenlege for ein slik studie av fleire årsaker. Begge har i fleire år hatt skriftlege fordelingsreglar (“Vedtekter for Studentbarnehagene” og ”Reglement for tildeling av studentbolig”) og desse har nyleg blitt reviderte. Studentbarnehagene og Studentboligene er underlagde Studentsamskipnaden i Oslo (SiO), noko som talar for at dei har mange fellestrekk med omsyn til overordna målsetjingar og utforming av reglar. Studien vil visa at regelutformingsprosessane har involvert fleire aktørar, med til dels ulike hovudfokus. Dei to tildelande institusjonane er særleg teoretisk interessante fordi SiO som organisasjon kan seiast å stå mellom to rettferdslogikkar, utdanning/produktivitet og velferd, ettersom dei tilbyr velferdsgode for å fremja studieprogresjon og læringsmiljø ([URL:<http://www.sio.no/omsio>](http://www.sio.no/omsio): Hva er SiO). Lorentzen sin empiriske konklusjon viser eit skilje mellom normative prinsipp og tilhøyrande kriterium i høvesvis utdanningssektoren og velferdssektoren (Lorentzen 1995:298-306). Eg vil trekkja inn Schaffer og Huang sin tilgjeneteori (Bleiklie.fl.1997:301-321), som gir eit anna perspektiv på fordelingssystem enn lokal rettferdsteori for å få eit meir heilskapleg bilet av regelutforminga. Fokuset i tilgjeneteori er på tilgjengestrukturen, som bør vera så enkel som mogleg av omsyn til søkerane, m.a.o. i utgangspunktet eit omsyn av meir praktisk art enn spørsmål om treffsikkerhet jf. normative prinsipp.

Studentbarnehagene og Studentboligene vil her bli omtala som *institusjonar*, ut frå eit rettferdsteoretisk omgrepssapparat. Med det meiner eg å kategorisera dei som separate tildelande einingar, med relativ autonomi i utøving av sitt myndighetsområde. Studentsamskipnaden i Oslo, den (næraste) sentrale myndigheten, vil bli omtala som organisasjon. Omgrepa *eldre* og *nye* fordelingsreglar blir brukte for å skilja mellom reglane før og etter revideringa hausten 2005.

### **1.3 Problemstilling**

Den overordna problemstillinga er:

## *Kva kan forklara fordelingsreglane i Studentbarnehagene og Studentboligene?*

Utgangspunktet er ein teori om at ulike, og motstridande, *normative prinsipp* er retningsgivande i Studentbarnehagene og Studentboligene. Eg vil finna ut korleis ulike normative prinsipp blir kombinerte eller vegde mot kvarandre, og mot praktisk-administrative omsyn i regelutforminga. Målet er å få eit bilete av regelutforminga, og av kva faktorar som kan forklara fordelingsreglane. Ved hjelp av komparativ kasus som design, og gjennom å sjå på revideringa av reglane, vil eg seia noko om korleis utforminga av fordelingsreglane kan bli forstått.

*Fordelingsreglar* er i denne samanhangen dei praktisk-administrative skriftlege retningslinene for kva som *skal* vektleggjast ved fordeling av ulike gode. Slike fordelingsreglar kan vera meir eller mindre detaljerte og komplekse, og opna for ulik grad av skjønn i sakshandsaminga. Der det er føremålstenleg og interessant ut i frå eit heilskapssyn, vil eg supplera med litt informasjon om korleis reglane er blitt praktiserte. Bruken av omgrepet *fordelingsreglar* i studien må skiljast frå Lorentzen (1995:61-62) sin bruk av omgrepet. Lorentzen brukar *fordelingsreglar* som er eit fellesomgrep som inneheld *både* normative fordelingsprinsipp *og* dei praktiske prosedyrene, kriterium og teknikkar. Omgrepet *fordelingsreglar* vil her hovudsakleg visa til kriterium og teknikkar slik dei er nedfelde i regelverket, for slik å skilja mellom reglane i seg sjølv og normative prinsipp.

Med *normative prinsipp* meiner eg etiske vurderingar om kva som *bør* vektleggjast ved fordeling av eit gode. Prinsippa i seg sjølv er sjeldan eksplisitt nedfelte i skriftlege reglar, og kan analyserast både på individnivå og på praktisk-administrativt nivå. For mitt føremål er det mest tenleg å sjå på det praktisk-administrative nivået av regelutforminga, sjølv om enkeltpersonar kan ha vore svært viktige. For mitt føremål er det mest tenleg å sjå på det praktisk-administrative nivået av regelutforminga, sjølv om enkeltpersonar kan ha vore svært viktige. I denne oppgåva er det i tillegg føremålstenleg å skilja mellom normative prinsipp slik dei kjem til uttrykk i fordelingsreglane, og normative prinsipp i den faktiske etiske vurderinga til

regelutformarane. Eit av poenga er å sjå korleis høvet mellom normative vurderingar og andre omsyn påverkar utforming av reglar.

Omgrepet *praktisk-administrative omsyn* er eit samleomgrep med fleire aspekt. Det eine er omsynet til den fordelande institusjonen og den sentrale organisasjonen, her SiO (Lorentzen 1995:91-93). Krav om at sakshandsaminga skal vera effektiv og enkel, samt sikring av institusjonen sin økonomi er viktige eksempel på praktisk-administrative krav som kan påverka val av fordelingsreglar. Det andre aspektet er omsynet til søkerane til institusjonen, gjennom å letta tilgjenget ved enkle og oversiktlege reglar. Omsynet til tilgjenge og omsynet til enkelhet og effektivitet i administrasjonen kan ofte kombinerast ved hjelp av mekaniske reglar (Bleiklie m.fl. 1997:301-321). Eit spørsmål er om, og eventuelt korleis, ein freistar å kombinera desse med normative vurderingar om kva som bør vektleggjast ved fordeling.

Eg vil prøva å svara på den overordna problemstillinga gjennom systematisering i 4 delproblemstillingar:

1. *Kva for fordelingsreglar har høvesvis Studentbarnehagene og Studentboligene?*

Eg vil først presentera dei viktigaste aspekta ved fordelingsreglane til Studentbarnehagene og Studentboligene før og etter revideringane hausten 2005, og så trekkja ein konklusjon på kva som er likt og ulikt i dei skriftlege regelverka.

2. *Kva for normative prinsipp uttrykkjer dei skriftlege fordelingsreglane?*

For å svara på delproblemstilling nr. 2 vil eg føreta ein rettferdsteoretisk analyse av dei skriftlege fordelingsreglane i mine to kasus.

3. *Kva motiverte revideringa av fordelingsreglane?*

Eg vil her bruka empiri om regelutformarane og dei fordelande institusjonane sin generelle politikk, samt empiri om argumentasjon i revideringsprosessane hausten 2005, for å seia noko om kva som var bakgrunnen for endringane og kva intensionar

regelutformarane hadde. Føremålet er å finna ut kva normative vurderingar og praktisk-administrative omsyn som låg bak regelendringane.

#### *4. Kvifor er fordelingsreglane ulike?*

Ved hjelp av konklusjonen frå empirien om revideringsprosessane, vil eg analysera fordelingsreglane slik dei er i dag. Analysen er todelt. Det første spørsmålet er om eventuelle ulike prinsipp hjå regelutformarane kan liggja bak reglane i dei to institusjonane. Eg vil deretter drøfta operasjonaliseringa av prinsippa og kva som kan forklara eventuelle ulikskapar. Det teoretiske utgangspunktet mitt seier at eit bestemt prinsipp kan gi ulike kriterium, særleg fordi andre aspekt enn det normative vil kunna påverka regelutforminga (Lorentzen 1995).

Med regelutformarar meiner eg aktørar som formelt har teke del i revideringsprosessane, det vil her seia sentrale myndigheter i SiO. Omgrepet må også skiljast frå omgrepet *regelutøvarar*, som er dei som brukar regelverket, d.v.s. sakshandsamarar i institusjonane. Nokre gonger kan regelutformarar og regelutøvarar vera dei same.

Problemstillinga har fokus på dei skriftlege reglane. Å studera kva for konsekvensar dei nye reglane får for dei to institusjonane, sakshandsamarane og søkerjarane, ligg derfor litt på sida. Slike studiar er også relevante i høve til lokal rettferdsteori, om ein ønskjer ei evaluering av praksis i høve til prinsipp og andre intensjonar. Ein slik studie krev eit anna analyseopplegg. Eg har valt å avgrensa analysen til dei skriftlege fordelingsreglane og intensjonane før og etter revideringa, dels p.g.a mangel på studiar med rettferdsteoretisk fokus på skriftlege fordelingsreglar og regelendringar, og dels ut frå kjennskap til oppgåva sitt standardiserte omfang. Regelutformarane sine vurderingar av tidlegare praksis er likevel interessante i denne samanhengen, fordi eg reknar med at slike vurderingar vil vera viktige føresetnader for regelendringar. Datamaterialet består hovudsakleg av skriftlege dokument, nærmere bestemt regelverk, interne og publiserte sakspapir, samt e-postkontakt og intervju med nøkkelinformantar.

## **1.4 Oversikt over vidare framstilling**

Kapittel 2 vil gi ein nærare presentasjon av mitt teoretiske utgangspunkt, som hovudsakleg kviler på lokal rettferdsteori, med litteratur frå Elster (1992) og Lorentzen (1995), og tilgjeneteori frå Schaffer og Huang (Beliklie m.fl. 1997:301-321).

Kapittel 3 gjer greie for den metodiske tilnærminga i oppgåva, datakjelder og design.

I kapittel 4 kjem ein presentasjon av mine to kasus, Studentbarnehagene og Studentboligene, samt Studentsamskipnaden i Oslo og Velferdstinget, som sentral myndighet. Føremålet er å få innsikt i kven som tek del i regelutforminga, samt kva for målsetjingar regelutformarane har med verksemda.

Kapittel 5 vil svara på problemstilling nr. 1, ved å presenttera fordelingsreglane i Studentbarnehagene og Studentboligene, slik dei såg ut før og etter revideringa hausten 2005, strukturert etter eit tilgjeneteoretisk omgripsapparat.

I kapittel 6 vil funna bli analyserte i lys av lokal rettferdsteori om normative prinsipp, problemstilling nr. 2. Spørsmål som vil bli svarte på, er: Skil dei to institusjonane seg frå kvarandre med omsyn til normative prinsipp? Er normene endra?

I kapittel 7 vil eg sjå nærare på sjølv prosessane rundt revideringa av reglane i Studentbarnehagene og Studentboligene hausten 2005, og kva som var motiva for revideringa, problemstilling nr. 3. Eg vil koma inn på kva for tema som blei tekne opp undervegs, kven som var med, og kva for synspunkt og argument som kom fram under arbeidet med å revidera dei to regelsetta.

I kapittel 8 vil eg drøfta kvifor fordelingsreglane er ulike, problemstilling nr. 4, basert på konklusjonar frå dei føregåande problemstillingane.

Kapittel 9 vil runda av studien med ei oppsummering av dei viktigaste funna i høve til problemstillingane, og i høve til det teoretiske utgangspunktet mitt.

## **2.0 Teoretiske perspektiv**

I dette kapitlet vil eg presentera det teoretiske perspektivet mitt grundigare. Eg tek utgangspunkt i forståinga lokal rettferdsteori har av normative vurderingar ved fordeling av gode, og korleis andre omsyn påverkar fordelingssystemet sin treffsikkerhet. Tilgjengeteori, med fokus på praktisk-administrative mål om eit enkelt fordelingssystem, blir så trekte inn. Kombinasjonen av dei to teoretiske perspektiva tydeleggjer vala regelutformarane står overfor når operasjonaliseringa skal nå fleire mål: treffsikkerhet jf. med normative prinsipp for fordeling (som i seg sjølv kan vera motstridande), og praktisk-administrative omsyn som tilgjenge og ressurssparing.

### **2.1 Lokal rettferdsteori**

Elster (1992:4-5) presenterer lokal rettferdsteori som ein deskriptiv teori om normativ struktur i aktørar sine eigne rettferdsomgrep. Teorien er derfor ikkje ein normativ teori i klassisk mening, men ein reknar med at det på idéplanet eksisterer generelle førestellingar om korleis gode og byrder bør bli fordelte, og at førestellingane får konsekvensar for val av fordelingsprosedyrar og vedtak (ibid.:62). Lokal rettferd handlar om fordeling av knappe gode og byrder til potensielle mottakarar, i tydinga ”kven skal få kva?” (ibid.:1, 18-19). At eit gode er knapt, betyr at det ikkje er nok av det til å tilfredsstilla alle potensielle mottakarar (ibid.:21). Omgrepet *lokal* viser til relativt autonome institusjonar. Institusjonane kan vera underlagt retningsliner frå sentralmakt, men har ein viss autonomi i implementering av desse (Elster 1992:4). Lokale fordelingar er også ikkje-kompensatoriske, og ikkje-monetære (ibid.:4).

Eit fordelingssystem blir definert som eit sett av prosedyrar som blir brukt for å implementera samansette prinsipp (Elster:1992:63). *Prinsipp* er generelle førestellingar om korleis knappe gode skal fordelast (ibid.: 62). Elster skil mellom *mottakarrelaterte* og *ikkje-mottakarrelaterte prinsipp*. Mottakarrelaterte prinsipp blir kalla kriterium (ibid.:62). Her er det trekk ved den potensielle mottakaren som er avgjerande for om vedkomande bør få godet. Mottakarrelaterte prinsipp blir delte i *statuskriterium* og *andre prinsipp*. *Statuskriterium* er observerbare biofysiske eigenskapar eller sosiale/juridiske offentleg dokumenterte eigenskaper, som t.d. alder

og kjønn (ibid.:76-84). Andre prinsipp er *individuell velferd, forteneste* og *effektivitet*. Elster deler *prinsipp om individuell velferd* i 3 delar. I følgje eit *behovsprinsipp*, er det dei potensielle mottakarane sitt noverande velferdsnivå som skal avgjera fordelingar (ibid.: 84). Blir eit prinsipp om *velferdsgevinst* lagt til grunn, er forventa betring i individuelt velferdsnivå som følgje av godet, i fokus (ibid.). Godet kan også bli tildelt etter kven ein forventar vil få høgast individuelt *velferdsresultat* (ibid.:86). Dei tre ulike velferdsprinsippa kan føra til ulike fordelingar, men ikkje alltid. Eit behovsprinsipp vil prioritera dei med lågast velferdsnivå. Det er ikkje sikkert at desse kan venta seg størst velferdsgevinst. Fordeling etter forventa velferdsresultat kan favorisera potensielle mottakarar som allereie er på eit høgt velferdsnivå.

*Fortenesteprinsippet* legg vekt på dei potensielle mottakarane sin tidlegare innsats (ibid.: 98), og skjeglar ikkje til velferdsnivå. Eit *effektivitetsprinsipp* kan, i følgje Elster, ha ulike former (Elster 1992:96-97), t.d. fordelingar som fører til velferdmaksimering for samfunnet (kommunen, Norge, verda), med fokus på forventa produktivitet hjå mottakarane, eller måloppfylling i meir avgrensa sfærer, t.d. produktivitet i ei bedrift (institusjonell effektivitet), eller velferdmaksimering for bestemte grupper. Individuelle velferdseffekter (gevinst og resultat) kan også klassifiserast her, i tillegg til under velferd (Elster 1992:97).

Ikkje-mottakarrelaterte prinsipp blir kalla *mekanismar* (Elster 1992:63). Her skil Elster (ibid.: 70-76) mellom egalitære prinsipp, som t.d. likedeling og lotteri, tidsrelaterte prinsipp som t.d. ventelister og ansiennitet, og maktrelaterte prinsipp, som innverknad og pengar. Elster meiner det er vanleg at fordelingssystem byggjer på fleire prinsipp, såkalla *mixed system* (ibid.:103), t.d. poengsystem, med poeng etter fleire kriterium.

Fordelingsprosedyrar er operasjonalisering av prinsippa, dvs. meir spesifikke reglar for korleis utveljinga skal skje (Elster:1992:63). Prosedyrar kan delast inn etter grad av skjønn. Statuskriterium gir lite innslag av skjønn, medan kriterium som behov, velferdsgevinst og forteneste er mindre klare. Elster (1992:65) brukar omgrepet *proxy*, eller *nest beste prinsipp* om bruk av statuskriterium som forenkla operasjonalisering av

andre prinsipp, for å få ei meir kostnadseffektiv sakshandsaming. T.d. kan alder bli brukt som ein proxy i høve til individuelt helsebehov. Likeeins kan ein brukar statuskriterium fordi ein ønskjer å prioritera visse grupper, t.d. grupper som ein reknar med er generelt diskriminerte, ut frå eit prinsipp om behov (ibid.: 195-200). Om den potensielle mottakaren tilhører gruppa, blir det teke som teikn på at mottakaren også har det behovet ein reknar med er utbreidd i gruppa. Ein slik indikasjon på individuelt behov er likevel ikkje sikker, med mindre absolutt alle medlemmer av gruppa, og berre dei har behovet (ibid.). Prosedyrene kan bli vurderte etter om dei oppnår måla som blir sett av dei normative fordelingsprinsippa. Elster (ibid.:166-167) hevdar at informasjonsintensive prosedyrar vanlegvis fører til betre treffsikkerhet.

Lorentzen (1995) har same utgangspunkt som Elster i definisjonen av lokal rettferdsteori, men opererer med eit anna omgrevsapparat med omsyn til normativ struktur. Fordelingsreglar blir brukte som ei fellesnemning på normer, omsyn og rutinar som regulerer fordelinga av knappe gode. Reglane seier noko om kva som skal bli vektlagt ved utveljing av mottakarar (ibid.:61), og inneheld fordelingsprinsipp, fordelingskriterium og fordelingsteknikkar. Fordelingsprinsipp er normer som fungerer som overordna retningsliner for kva som skal bli vektlagt ved ei fordeling (ibid.:62). Berre dei prinsippa Elster har kalla *andre prinsipp*, blir av Lorentzen definerte som prinsipp. D.v.s at statuskriterium og mekanismar ikkje blir kategoriserte som prinsipp, og verdiar i seg sjølv, men som operasjonaliseringar av vase, overordna normative prinsipp (ibid.: 73-76). Lorentzen skil, som Elster, mellom mottakarrelaterte og ikkje-mottakarrelaterte prinsipp. Mottakarrelaterte prinsipp er *velferdsprinsipp*: behov, velferdsgevinst og velferdsresultat, eller *fortenesteprinsipp* (ibid..). Lorentzen si forståing av desse prinsippa samsvarar for det meste med Elster si. Ikkje-mottakarrelaterte prinsipp legg vekt på *produktivitet*, den fordelinga som økonomisk sett er best for samfunnet, med vekt på mottakaren sin komande produktivitet (ibid.:71). Omgropa mottakarrelaterte og ikkje-mottakarrelaterte prinsipp viser hjå Lorentzen eit klart skilje mellom prinsipp med målsetjingar knytte til den individuelle

mottararen, og prinsipp med målsetjingar som har eit vidare perspektiv<sup>1</sup>. Skiljet er mindre klart hjå Elster (1992:97), ved at han klassifiserer også individuelle velferdseffekter som effektivitetsprinsipp, fordi det også er framtidsorientert. Eg vel å halda meg til Lorentzen, for å skilja klart mellom mål knytte til den individuelle mottakaren og målsetjingar med eit vidare fokus. Denne inndelinga er interessant i mine kasus. Omgrepet *samfunnseffektivitet* vil bli brukt for å skilja mål om akkumulert produktivitet frå individfokuserte mål.

Lorentzen reknar ikkje institusjonell effektivitet som eige prinsipp, fordi ho meiner slike omsyn neppe kan brukast som einaste grunngjeving bak prosedyreal i det offentlege (ibid.:72). Omsynet til den fordelande institusjon blir kalla *institusjonelle forhold* (her praktisk-administrative omsyn) og er klassifisert som ein forklaringsfaktor som påverkar prinsippa si gjennomslagskraft (91-93). Elster (1992:97) klassifiserer institusjonell effektivitet som eige prinsipp. Mine kasus er ikkje offentlege i tradisjonell forstand, men har heller ingen profittmål. Mi forståing er mest i samsvar med Lorentzen. Eg går ut frå at praktisk-administrative krav til lønsemd og effektivitet påverkar operasjonaliseringa av prinsipp, snarare enn å gi eigne retningsliner for kva som skal vektleggjast.

Fordelingskriterium er sosiale og biologiske trekk ved potensielle mottakarar (ibid.:73). Kriteria skal vera operasjonaliseringar av dei normative prinsippa. Målsetjinga er at kriteria skal fungera som gode verkemiddel for å nå dei mottakarane som bør ha godet, jf. dei normative prinsippa, men treffsikkerheten kan variera (ibid.:74). Fordelingsteknikkar, den siste type fordelingsreglar, er prosedyrar som ikkje er kopla til trekk ved potensielle mottakarar, t.d. loddtrekning (ibid.). Desse er også operasjonaliseringar av prinsippa og retningsliner for utveljing av mottakarar. Ulike former for likedelingar blir klassifisert som ein teknikk (ibid.:75). I motsetnad til Elster, som meiner at likedeling er eit prinsipp i seg sjølv, hevdar Lorentzen at likedelingar må støtta seg til overordna prinsipp, t.d. at alle fortener godet (ibid.).

---

<sup>1</sup> Lorentzen (1995:71) kategoriserer produktivitet som eit ikke-motakarrelatert prinsipp, i motsetnad til Elster (1992:63) si inndeling av mottakar- og ikke-mottakarrelaterte prinsipp basert på om kjenneteikn ved mottakaren er skal bli vektlagt eller ikkje, ved fordeling, ikkje kva som er målsetjinga med fordelinga

Lorentzen (1995:298-306) sin empiriske konklusjon er at sjølv om ulike prinsipp er tilstades i begge sektorane, er behov det viktigaste prinsippet ved fordeling av velferdsgode, og samfunnseffektivitet i utdanningssektoren. Rasch (1990) har gjennomført ein rettferdsteoretisk studie av fordeling av barnehageplassar.

Konklusjonen hans er at behov er det førande prinsipp i barnehagesektoren, sjølv om enkelte kriterium prioriterer produktive foreldre. Andre studier har skildra skilnaden mellom førande prinsipp i ulike sektorar som fundamental for å forstå institusjonell fordeling (Hochschild 1981, Walzer 1983). Walzer (ibid.) klassifiserer ulike sektorar i *rettferdssfærer*. Den sosiale konteksten av godet avgjer kva prinsipp som er normativt rett. Walzer skil seg frå lokal rettferdsteori ved at hans bidrag også har ei normativ målsetjing. Utan å ta stilling til det normative aspekt, ser eg at mine kasus er interessante i høve til Walzer sine deskriptive kategoriar.

Eg vil bruka Lorentzen sin hierarkiske struktur: Prinsipp, kriterium og teknikkar, med kriterium og teknikkar som operasjonaliseringar av prinsipp, velferd, forteneste og samfunnseffektivitet. Statuskriterium, likedeling og mekanismar/teknikkar blir dermed i utgangspunktet ikkje kategoriserte som eigne prinsipp, slik Elster (1992: 76-84) gjer. Statuskriterium og mekanismar blir også hjå Elster kopla til etiske vurderingar om kven som har størst behov, fortener godet mest e.l., m.a.o. blir statuskriterium og mekanismar sjeldan gitt etisk eigenverdi. Lorentzen sin typologi gir etter mi mening ei grei oversikt over høvet mellom overordna normer og fordelingsreglar. Mine teoretiske føresetnader baserer seg likevel også på Elster.

Eit normativt prinsipp kan gi fleire mogelege operasjonaliseringar. Relevante spørsmål for Studentsamskipnaden sine regelutformarar kan vera: Korleis få ein indikasjon på komande produktivitet? Korleis skal behov målast? Kan omsynet til treffsikkerhet kombinerast med praktisk-administrative omsyn? Tabell 2.1. oppsummerar dei vala eg forventar er relevante i Studentbarnehagene og Studentboligene.

**Tabell 2.1: Forventa val for regelutformarar i SiO.**

	behovsprinsipp	samfunnseffektivitet
målgruppe	Studentar som treng godet	Studentar som kan bli produktive
operasjonaliseringsval	Korleis måla velferd? Statuskriterium eller skjønn?	Korleis velja ut studentar med framtidig utsikter til produktivitet?

Lokal rettferdsteori gir ulike forklaringsfaktorar bak val av prinsipp og fordelingsreglar (Elster 1992, Lorentzen 1995). Fleire faktorar kan vera relevante her:

- Institusjonell politikk (Elster 1992: 152-153). Her SiO, Velferdstinget og dei fordelande institusjonane sine offentleg uttalte målsetjingar.
- Trekk ved regelutformarane, t.d. nærliek til mottakarar (Lorentzen 1995:89-91).
- Institusjonelle trekk som effektivitetskrav i saksbehandlinga, omsyn til mottakaren og innslag av konkurranse (Lorentzen 1995:81-82,91-93).
- Trekk ved godet som blir tilbode, som eksempelvis type gode, viktighet og knapphet (Elster 1992:143-145, Lorentzen 1995: 99-101, 102-103).
- Omgjevnadsfaktorar, som pressgrupper, media, og offentleg politisk regulering (Elster 1992:149-151, 153-158, Lorentzen 1992: 105-108).

Desse forklaringsfaktorane kjem i tillegg til normative prinsipp og mål om treffsikkerhet som forklaring på regelutforming (Lorentzen 1992:96-99).

Elster (1992:172-178) set opp tre mekanismar som kan forklara korleis preferansane til dei individuelle aktørane blir aggregert til eit felles syn. I mange tilfelle kan dei same prosedyrane bli rettferdigjort ved ulike normative prinsipp, og andre omsyn (ibid.:172). Slike tilfelle blir kalla *koalisjonsbyggjing*. I andre tilfelle må det forhandlast om ulike syn. Ein slik *forhandlingsmekanisme* kan gi seg utslag i meir kompliserte operasjonaliseringar, t.d. poengsystem der ulike kriterium blir vektlagde (ibid.:174-175). Prosedyrar vil sjeldan halda seg svært stabile over tid (ibid.:177). *Tillegg og tilpassingar* i prosedyrane skjer etterkvart som det blir oppdaga bieffektar og ein får vurdert treffsikkerheten til prosedyrane.

Sett i lys av lokal rettferdsteori, kan fordelingssystem bli evaluerte etter om dei evnar å nå den rette målgruppa ut frå normative prinsipp. Praktisk-administrative omsyn blir sett på som *forstyrrearar*, som kan svekka treffsikkerheten, dersom ein ikkje lukkast med å finna reglar som ivaretok både normative og praktisk-administrative omsyn. Eg vil supplera lokal rettferdsteori med ein anna deskriptiv modell av fordelingssystem. *Tilgjeneteori* set det praktisk-administrative målet om enkelhet i fokus.

Kombinasjonen av dei to tilnærningsmåtane tydeleggjer vala og eventuelt også konfliktane regelutformarane står overfor ved utforming av fordelingsreglar.

## 2.2 Tilgjeneteori

Å inkorporera tilgjeneteori i det teoretiske utgangspunktet mitt har to føremål. For det første ønskjer eg å bruka omgrevsapparatet frå Schaffer og Huang (norske omgrep er henta frå Bleiklie m.fl. 1997:308), for å systematisera empirien og analysen om fordelingsreglane i Studentbarnehagene og Studentboligene. For det andre er det interessant å sjå korleis to teoriar om praktisk-administrative fordelingar set ulike fokus. Tilgjeneteori konkurrerer ikkje med lokal rettferdsteori, i og med at også rettferdsteori set praktisk-administrative krav som viktige for å analysera fordelingssystem. Tilgjeneteori legg likevel større vekt på omsynet til søkeren. Det som først og framst skil dei to teoriane frå kvarandre, er verdien fordelingssistema skal vurderast opp mot. Lokal rettferdsteori vurderer fordelingsystemet deskriptivt opp mot regelutformarane og regelutøvarane sine normative prinsipp om korleis goda bør fordelast (Lorentzen 1995:74). Tilgjeneteori set enkelhet i i reglar og sakshandsaming som mål (Bleiklie m.fl. 1997:308). Omsyna kan vera i konflikt (Elster 1992:166-167). Eit optimalt fordelingssystem, i samsvar med tilgjeneteori er eit system det er enkelt for søkerane å forstå og forhalda seg til, der reglane er tydelege, sakshandsaminga går glatt, og det er vanskelegare å forskjellshandsama (Bleiklie m.fl. 1997:308).

Hovudtrekket i teorien er at fordelinga av gode i administrative fordelingssystem er strukturert av reglar. Eit slik fordelingssystem kan bli analysert som ein tilgjengestruktur, som er samansatt av tre element med kvar sine strukturerande regelsett (Bleiklie m.fl. 1997:308):

- Ein *terskel* med *adgangsreglar* som avgrensar potensielle brukarar til nærmere bestemde kategoriar.
- Ein *kø* med *prioriteringsreglar* for korleis køen av brukarar skal avviklast.
- Ein *skranke* med *reglar for fordeling* og for korleis *samhandling skal føregå*.

Desse kategoriane vil bli brukte for å systematisera empirien og analysen i oppgåva. Heller ikkje lokal rettferdsteori er ukjend med inndeling i stadium ved fordelingar av gode. Elster (1992:27) viser til døme på det han kallar *tostegsprosedyrar*, der første


steg består av å velja ut potensielle mottakarar som tilfredsstiller minimumskrav for å koma i betrakting, kalla *admission*. I andre steg blir så dei mest ønskverdige av desse valgt ut som mottakarar, kalla *selection*. Det kan også vera interessant å sjå om ulike normer er rådande på ulike stadium. Elster hevdar til dømes at ulike former for effektivitet ofte vil vera operasjonaliserte ved admission (ibid.).

Schaffer og Huang skil mellom *perfekte* og *ikkje-perfekte administrative fordelingssystem* (Bleiklie m.fl. 1997:308). I perfekte fordelingssystem er fordelinga av gode uproblematisk fordi reglane er enkle, stabile over tid, allment kjende og opnar ikkje for bruk av skjønn, eller bruk av tredjemenn. Faktiske administrative fordelingssystem skil seg ofte frå idealmodellen (ibid.). Omgrepet *perfekt* må ikkje bli sett på som eit uttrykk for at fordelinga er optimal jamfört med normative prinsipp. *Perfekt* speglar her eit idealsystem der fordelingsprosessane føregår utan problem eller konfliktar. Ikkje-perfekte fordelingssystem er kjenneteikna ved kompliserte og skiftande reglar, som ikkje er kjende av alle, og som opnar for skjønn og unnatak. Det enkle i fordelingssystem blir forsvart med at det er oversiktleg for brukarane og sakshandsamarane (ibid.:316-321).

I utforming av praktiske kriterium og teknikkar, står valet mellom det enkle, i form av statuskriterium, og skjønnsvurderingar. Elster (1992:166-167) meiner at informasjonsintensive prosedyrar oftast gir best treffsikkerhet. Men ei optimal operasjonalisering av fordelingsprinsipp kan i visse tilfelle bli så kompleks at det blir svært ressurskrevjande å sokja om godet (Sørli 1978), og at sakshandsaminga blir vilkårleg, med risiko for manipulering (Elster 1992:168, Lorentzen 1995:293). I slike tilfelle kan kriterium som i utgangspunktet er mindre treffsikre, men enklare å handtera, gjera at målgruppa for godet i større grad blir nådd. Ein føresetnad er likevel at det finst enkle kriterium som kan måla det som skal vektleggjast, anten det er noverande behov, eller komande produktivitet.

### **2.3 Forventningar om funn**

Modell 2.1 viser ein teoretisk modell av utforming av fordelingsreglar.



Lokal rettferdsteori analyserer høvet mellom fordelingsprinsipp, operasjonalisering og fordelingsresultatet, medan tilgjengeteori ser på høvet mellom praktisk-administrative omsyn, fordelingsreglar og praksis. Både fordelingsprinsipp og praktisk-administrative omsyn påverkar utforminga av reglane, og det kan vera konflikt mellom målsetjingane. Kriteria og teknikkane i regelverket skal gi retningsliner for praksis, som ideelt sett skal føra til at rett målgruppe blir nådd, og at praktisk-administrative omsyn blir ivaretakne. Erfaringar frå bruk av fordelingsreglane gir tilbakemelding på om reglane når måla. Desse erfaringene kan danna grunnlag for revideringar av regelverket.

I samsvar med teori forventar eg følgjande funn på dei fire delproblemstillingane:

*1. Kva for fordelingsreglar har høvesvis Studentbarnehagene og Studentboligene?*

Eg baserer meg her hovudsakleg på dei skriftlege reglane, men supplerer i visse høve med informasjon om praktisering av reglane. I utgangspunktet forventar eg ein høg grad av likskap i fordelingsreglane i dei to institusjonane, fordi dei begge er tilbydarar av velferdsgode under paraplyen til Studentsamskipnaden i Oslo. Eg forventar likevel at det kan vera visse ulikskapar i regelverka, fordi visse trekk, som t.d. knapphet på godet likevel kan vera ulike i dei to institusjonane. I tillegg forventar eg at institusjonane går nokolunde same retning ved revideringa av reglane

*2. Kva for normative prinsipp uttrykkjer dei skriftlege fordelingsreglane?*

Eg forventar at velferdsprinsipp og samfunnseffektivitet vil vera i fokus i

---

<sup>2</sup> Denne forenkla modellen tek ikkje omsyn til øvrige forklaringsfaktorar nemnd på s. 15.

Studentbarnehagene og Studentboligene. SiO høyrer til sektoren for høgare utdanning, som tradisjonelt har fokus på samfunnseffektivitet (Lorentzen 1995:302-306, Walzer 1983:209-210). På den andre sida tilbyr Studentbarnehagene og Studentboligene gode som er viktige for individuell velferd, noko som kan gjera at ulike velferdsprinsipp står i fokus (ibid.) Har ein freista å kombinera prinsippa?

### *3. Kva motiverte revideringa av fordelingsreglane?*

I samsvar med til lokal rettferdsteori har eg utleia tre hovudkategoriar av motiv:

- Endringar i normative prinsipp om kva som bør vektleggjast ved fordeling.
- Tilpassingar i høve til praktisk-administrative omsyn
- Prinsippa kan liggja fast, men ønskjet om å betra treffsikkerheten kan motivera til endra operasjonalisering av prinsipp

Eg reknar med at prinsippa til regelutformarane har lege relativt fast, knytta opp mot SiO sin politikk. SiO sin tilhaldsstad mellom velferdssektoren og utdanningssektoren kan likevel føra til at delvis motstridande prinsipp er rådande, med ein klar sjanse for endringar i styrkeforhold mellom prinsippa. Eg reknar likevel med at dei største endringane er tilpassingar med praktisk-administrative siktemål, eller mål om å auka treffsikkerheten, basert på erfaringar frå praktisering av regelverk (jf. modell 2.1 over).

### *4. Kvifor er fordelingsreglane ulike?*

Ettersom Studentbarnehagene og Studentboligene har same regelutformarar, forventar eg at prinsippa er relativt like. Som eg var inne på under delproblemstilling nr. 3, kan likevel dualitet i prinsipp opna for ulikskap i styrkeforhold mellom prinsippa. I tillegg kan prinsippa ha ulik gjennomslagskraft i dei to institusjonane, avhengig av om dei blir sett på som kompatible med ulike praktisk-administrative omsyn. Fordi regelutformarane stort sett er dei same, forventar eg også mykje felles mellom Studentbarnehagene og Studentboligene i val av kriterier. Eg forventar at eventuelle ulikskapar i operasjonalisering av prinsippa framfor alt kan forklaraast med at praktisk-administrative omsyn gir ulike utslag i kvar av institusjonane.

## **3.0 Metode**

Eg ønskjer å bruka det teoretiske perspektivet til å samanlikna fordelingsreglane i to kasus, Studentbarnehagene og Studentboligene i SiO. I dette kapitlet vil eg gjera greie for korleis eg går fram for å finna svar på problemstillingane for oppgåva. Tre metodologiske spørsmål blir gjennomgått:

1. Kva datakjelder treng eg for å svara på problemstillingane?
2. Korleis går eg fram for å skaffa data?
3. Kva for metodisk design er valt for å svara på problemstillingane?

### **3.1 *Kva datakjelder treng eg for å svara på problemstillingane?***

Den første problemstillinga for oppgåva er: *Kva for fordelingsreglar har høvesvis Studentbarnehagene og Studentboligene?* For å svara på problemstillinga vil eg sjå på dei skriftlege reglane i dei to institusjonane, ”Vedtekter for Studentbarnehagene” og ”Reglement for tildeling av studentbolig”. Desse reglane gjennomgår kontinuerlege revideringar (Winther 2006:intervju), noko som betyr at regelverka ikkje bør bli oppfatta i eit statisk perspektiv. For å letta tilgangen til datamateriale har eg likevel valt å avgrensa oppgåva til den siste revideringa av reglane, hausten 2005. Eg vil sjå på korleis dei skriftlege fordelingsreglane var før og etter revideringa. Mine informantar gir uttrykk for at regelverket blir brukt ved fordelingsvedtak (Heinert 2006a:intervju, Sten 2006a:intervju), men grad av samsvar mellom reglar og praksis er ikkje eit tema i denne oppgåva. Der praktisering av regelverket er interessant ut frå eit komparativt perspektiv, supplerer eg likevel med informasjon om praksis.

For å svara på problemstilling nr. 2: *Kva for normative prinsipp uttrykkjer dei skriftlege reglane?*, tek eg utgangspunkt i same datamateriale som ovanfor, hovudsakleg skriftleg regelverk, før og etter revideringa. Ei slutning frå reglar til normative prinsipp hjå regelutformarane kan by på metodiske problem fordi same kriterium eller teknikk kan vera operasjonaliseringer av ulike prinsipp, og fordi andre omsyn enn normative kan påverka kriterieutforminga (Lorentzen 1995: 58-60).

Problemstilling nr. 2 spør eigentleg ikkje om etiske vurderingar hjå regelutformarane. Det spørsmålet blir teke opp seinare. Føremålet med problemstilling nr. 2 er knytta

formuleringar i regelverka til rettferdsteoretisk forståing av normative prinsipp, for seinare i analysen å kunna seia noko om høvet mellom normativt uttrykk og etiske vurderingar.

Dei to neste problemstillingane: *Kva motiverte revideringa av fordelingsreglane?* og *Kvífor er fordelingsreglane ulike?*, krev ein annan type data i tillegg til dei skriftlege regelverka. I den første av desse problemstillingane spør eg etter regelutformarane sine intensjonar, både etiske vurderingar, og andre målsetjingar. Her kjem problemet med å slutta frå reglar til normative prinsipp inn. Problemstillinga blir noko enklare å svara på ved at eg dreg inn datamateriale om argumentasjon i revideringsprosessane. Eg er også interessert i å setja regelendringane i samanheng med bakgrunnsfaktorar som t.d. knapphet på godet. For å kunna finna svar treng eg data om bakgrunnsfaktorar, institusjonell politikk og om revideringsprosessane. Kva for aktørar medverka, og kva synspunkt hadde dei?

Problemstilling nr. 4 spør, i motsetnad til nr. 3, etter forklaring på ulikskapen i dei noverande regelverka, og kan bli rekna som hovudproblemstillinga. Konklusjonane frå dei andre tre problemstillingane skal bli sett saman for å svara på dette. Same datamateriale som svarar på problemstilling nr. 3, vil bli brukt til å forklara noverande fordelingsreglar. Eit problem ved å bruka data frå den siste revideringa til å forklara fordelingsreglane, er at tidsperspektivet blir litt kort. Datamaterialet er avgrensa av omsyn til tilgjenge. Reglane har utvikla seg over tid, og har vore under kontinuerleg endring (Winther 2006:intervju). Om ein regel ikkje vart endra hausten 2005, er det vanskeleg, basert på mitt datamateriale, å fastslå kva det var som initierte regelen i første omgang, og kva tid det skjedde. Eg kan likevel i enkelte tilfelle seia noko om kvífor regelen blir oppfatta som OK, og dermed forklara kvífor han ikkje vart endra. Særlege vanskar oppstår likevel når det gjeld knapphet på godet som forklaringsfaktor. P.g.a. kontinuerlege endringar, saman med til dels store svingingar i knapphet, er det vanskeleg å seia noko om knapphetssituasjonen ved innføringa av enkeltreglar. Det kan likevel seiast noko om utviklinga på dette området generelt dei siste åra.

### **3.2 Korleis går eg fram for å skaffa data?**

Dei mest grunnleggjande datakjeldene i denne studien er dei skriftlege fordelingsreglane til Studentbarnehagene og Studentboligene. Dei gjeldande utgåvane av ”Vedtekten for Studentbarnehagene” og ”Reglement for tildeling av studentboliger” er å finna på dei respektive institusjonane sine heimesider ([URL:http://www.sio.no/barnehager](http://www.sio.no/barnehager): Vedtekter, og [URL:http://www.sio.no/boliger](http://www.sio.no/boliger): Tildelingsreglement). Utgåvene eg analyserer, omtala som ”det eldre” og ”det nye”, er frå høvesvis før og etter revideringa hausten 2005. Begge er henta frå institusjonane sine heimesider. Informasjon om praksis hentar eg hovudsakleg frå interjvu og e-post-kontakt. Bakgrunnsdata om institusjonane og om SiO sentralt, slik som knapphet, politikk og kven som formelt er med på regelutforminga, er også i stor grad henta frå SiO og institusjonane sine heimesider, mellom dei SiO sine årsrapportar frå 2001 – 2005. Eit problem med å bruka heimesider som kjelde for politikk, er at bodskapen i sterkare grad kan vera formulert med tanke på å reklamera for eigne tilbod, enn å gje greie for filosofien bak tilboda. Likevel kan ein gå ut frå at det er ein samanheng mellom ”reklamen” og det SiO ser på som si rolle overfor studentar. Andre datakjelder blir også trekte inn for å få eit meir heilskapleg bilet, t.d. politiske grunndokument frå Velferdstinget (Velferdstinget 2005a, b, 2006), som er ein viktig aktør i regelutforminga i SiO, og interjvu av nøkkelinformantar.

For å få data om revideringsprosessane, har eg også valt å kombinera ulike typar datakjelder. Offentlege og interne saksdokument frå prosessen blir brukte for å seia noko om argumentasjonen frå ulike aktørar. Dokument frå Universitetet i Oslo (2001, 2003) gir i tillegg informasjon om deira interesser i høve til fordelingsreglane. Eg har også søkt i studentavisa *Universitas* sitt arkiv for å finna ut noko om studentpressa sitt eventuelle engasjement, og for om mogleg å få fleire argument enn dei som kjem fram i saksdokumenta. Det skriftlege datamaterialet, og då særleg dei offentlege saksdokumenta, kan berre gi eit avgrensa bilet av dei ulike syna i revideringsprosessane, ettersom berre utfallet av debattane blir gjengitt, og ikkje alltid med ei grunngjeving. For å få noko meir innsikt, har eg vore i kontakt med fire

nøkkelinformantar, der tre er blitt intervjua (Heinert<sup>3</sup> 2006a:intervju, Sten<sup>4</sup> 2006a:intervju, Winther<sup>5</sup> 2006:intervju), og den fjerde har svart utfyllande ved hjelp av personleg e-post-korrespondanse (Gjengaar<sup>6</sup> 2006a, b, c). Alle er studentrepresentantar involvert i studentvelferds-politikk, og er derfor representantar for regelutformarane i høve til mine kasus. To av dei er, eller har vore, involverte i regelutøving i Studentbarnehagene og/eller Studentboligene i tillegg. Intervjua gir tilleggsinformasjon i høve til saksdokument, men sjølv om eg meiner å ha funne fram til sentrale nøkkelinformantar, gir dei fire informantane framfor alt data sett frå eigne perspektiv. Winther (2006:intervju) seier t.d. at det kan vera vanskeleg å seia kva dei andre medlemmene i Hovedstyret tenkjer, og at ho derfor ikkje vil seia noko på vegner av dei. Det kan vera vanskeleg å hugsa argumentasjonen til andre, ettersom det er meir enn eit halvt år sidan. Val av nøkkelinformantar speglar heller ikkje det politiske spekteret av ulike partigrupper i studentpolitikken. Plenumsdebattane i Velferdstinget vart, i desse tilfella, ikkje tekne opp på band, noko som gjer det vanskeleg å få eit heilskapleg bilet av den studentpolitiske debatten. Dei ulike datakjeldene, nøkkelinformantar, offentlege og interne dokument, samt søk i studentpressa, kan likevel samla sett gi eit godt bilet på dei viktigaste synspunkta og grunngjevingane i prosessen med å endra fordelingsreglane i Studentbarnehagene og Studentboligene hausten 2005.

### **3.3 Kva for metodisk design er valt for å svara på problemstillingane?**

Ein komparativ kasus-studie er valt for å svara på problemstillingane. Studentbarnehagene og Studentboligene er valde fordi dei er teoretisk interessante, ettersom dei står mellom to sektorar, høgare utdanning og velferd, med vanlegvis ulik rettferdslogikk (Walzer 1983, Lorentzen 1995). Analysestrategien er såkalla ”pattern-matching”, der empirisk materiale blir samanlikna med eit teoretisk forventa mønster (jf. kap. 2) (Yin 2003:116). Ei samanlikning av Studentbarnehagene og

---

<sup>3</sup> Nestleiar i Velferdstinget og medlem av Kontrollkomitéene for både Studentbarnehagene og Studentboligene.

<sup>4</sup> Tidlegare medlem i Velferdstinget, medlem av den tidlegare uttakskomiteén i Studentbarnehagene. Har også hatt vikariat i barnehageadministrasjonen.

<sup>5</sup> Hovudstyreleiar i SiO, studentrepresentant. Var nestleiar i Hovedstyret under regelendringa.

<sup>6</sup> Leiar i Velferdstinget. Under regelendringa var han leiar i SiO-komiteén i Velferdstinget.

Studentboligene kan kategoriserast som eit ”mest like”-design, fordi dei begge tilhøyrer SiO, og tilbyr velferdsgode til studentar, og fordi dei stort sett har dei same regelutformarane (jf. kap. 4). Trass i denne likskapen er det visse viktige skilnader i fordelingsreglar for Studentbarnehagene og Studentboligene, både når det gjeld praktisk utforma reglar, og når det gjeld uttrykk for normative prinsipp (jf. kap. 5 og kap. 6). Ved hjelp av pattern-matching vil eg freista å forklara ulikskapen ved hjelp av faktorar som skil kasusa frå kvarandre. Ulike forklaringsmekanismar vil bli diskuterte. Designet gjer det lettare å trekkja slutningar om årsakssamanhangar trass i problemet med få kasus og mange variablar.

Hovudføremålet med oppgåva er å synleggjera korleis ulike prinsipp og ulike andre omsyn formar fordelingsreglane i mine kasus. Derfor er det interessant å sjå på kasus som eg reknar med har nokolunde felles, men kanskje innbyrdes motstridande prinsipp, og sjå på kvifor reglane likevel ikkje er like. Mine kasus er relativt unike nettopp ved at dei er institusjonar som opererer mellom to sektorar, og med ei snevert avgrensa målgruppe, i motsetnad til dei fleste *offentlege* institusjonar. I motsetnad til dei fleste *private* institusjonar føregår regelutforminga gjennom ein næraast parlamentarisk vedtaksprosess (studentpolitiske organ). Dei er derfor ikkje typiske fordelingsinstitusjonar, men er interessante ”avvikarar”. Funna kan derfor ikkje utan vidare generaliserast til fordelingsinstitusjonar generelt. Det eg er interessert i å seia noko om, er høvet mellom ulike, ofte motstridande prinsipp. Korleis kan motstridande prinsipp bli operasjonalisert? Kva for andre omsyn har spela inn i val av operasjonalisering i Studentbarnehagene og Studentboligene? Kan motstridande prinsipp samlast i eit kriterium, eller må det opererast med komplekse, differensierte kriterium for å tilgodesjå ulike prinsipp og omsyn? Målet er framfor alt teoretisk generalisering, der mine kasus blir framstilte i høve til ulike teoretiske omgrep, og analyserte i høve til problemstillinga, for å få forståing av korleis motstridande prinsipp og ulike omsyn er blitt operasjonalisert.

## **4.0 Presentasjon av kasus**

I dette kapitlet vil eg sjå nærmere på mine to kasus, Studentbarnehagene og Studentboligene. Føremålet er å gi generell bakgrunnsinformasjon som kan brukast som bakteppe i analysen. Først vil eg gi ein introduksjon av Studentsamskipnaden i Oslo, som begge mine kasus er organisert under, og som er viktig i regelutforminga.

### **4.1 Studentsamskipnaden i Oslo**

SiO blei stifta i 1939, og har som uttalt føremål å ta seg av velferdsbehova til studentane ved lærestader tilknytta SiO<sup>7</sup> ([URL:<http://www.sio.no/omsio>](http://www.sio.no/omsio): Hva er SiO?). Nesten 40 000 studentar var tilknytta SiO i 2005 (SiO 2006). Finansiering av SiO skjer gjennom offentleg støtte og semesteravgift, samt tilbyding av gratis lokale ved studiestadene, og overskot frå forretningsdrift ([URL:<http://www.sio.no/omsio>](http://www.sio.no/omsio): Hva er SiO?). SiO er underlagt *Lov om studentsamskipnader* (LOV-1996-06-28-54).

Betring av studentane si velferd blir av SiO kopla saman med eit ønske om studiekvalitet og ein effektiv læringsprosess. Dei overordna målsetjingane har vore stabile dei siste åra (årsrapportar for SiO 2001-2005). SiO si hovudrolle i høve til studia er å tilretteleggja kvardagen for studentar (Winther 2006:intervju).

SiO har tre divisjonar som ligg under Hovedstyret og konsernleiinga (SiO 2006): Forretningsdivisjonen, Velferdsdivisjonen og Studentboligene. Studentbarnehagene er ei underavdeling av Velferdsdivisjonen på lik line med m.a. Studenthelsetjenesten (og er dermed underlagt styret for Velferdsdivisjonen i tillegg til SiO sine sentrale organ), medan Studentboligene utgjer ein eigen divisjon.

Hovedstyret er det øvste organet i SiO, og studentane har sjølv fleirtal ([URL:<http://sio.no/omsio>](http://sio.no/omsio): Hva er SiO?). Øvrige styremedlemmar er ein representant frå utdanningsinsitusjonane, og ein representant for dei tilsette i samskipnaden. Det er Hovedstyret som har endeleg vedtaksmyndighet ved regelutforming for både

---

<sup>7</sup> Universitetet i Oslo, Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo, Norges idrettshøgskole, Norges musikhøgskole, Det teologiske Menighetsfakultet, Norges veterinærhøgskole er alle tilknytta SiO, og i tillegg Handelshøyskolen BI frå hausten 2005, og Kunsthøgskolen i Oslo i løpet av 2006 (SiO 2006)

Studentbarnehagene (nye vedtekter § 14) og Studentboligene (nytt tildelingsreglement § 8.3), og som vedtok endringane hausten 2005 (Winter 2006:intervju).<sup>8</sup>

Velferdstinget, eit felles demokratisk forum for studentar ved lærestadene tilknytta SiO, har innverknad på SiO sine velferdstilbod ved at dei gir sine innstillingar til Hovedstyret ([URL: http://www.studentvelferd.no](http://www.studentvelferd.no): Om velferdstinget)<sup>9</sup>. Tidlegare hadde studentparlamentet ved Universitetet i Oslo denne rolla. Velferdstinget vel også studentrepresentantane til Hovedstyret i SiO. Velferdstinget er samansett av SiO-studentar som er valde av studentdemokratiet ved lærestadene, og dannar politiske eller faglege grupperingar i Velferdstinget.

Det uttalte målet for Velferdstinget sitt arbeid er *lik rett til utdanning* (Velferdstinget 2006:1). Velferdstinget sitt generelle syn på *studentbarnehagar* er at desse er viktige for studentforeldre sin studieprogresjon, og at det derfor bør bli tilbode skreddersydde løysingar, som m.a. kveldsope i eksamensperiodar (Velferdstinget 2005b:5).

*Bustadpolitikken* til Velferdstinget fokuserer på behovet for utviding av studentbustadmassen i Oslo (ibid.:3). I Velferdstinget (2006) sitt bustadpolitiske dokument, blir behovet for fleire studentbustader sett i samanheng med målet om lik rett til utdanning, ubunde av økonomi og geografisk tilknyting.

## **4.2 Studentbarnehagene**

Studentbarnehagene har i dag 15 barnehagar, organiserte som 11 barnehageeininger, med til saman 635 plassar (SiO 2006). Barnehageplassane er for barn mellom 8 månader og 6 år, med studerande foreldre. Studentbarnehagene blir finansierte ved hjelp av offentlege tilskot frå staten og Oslo kommune, i tillegg til foreldrebetaling (ibid.). Studentbarnehagene er underlagt kommunalt tilsyn jf. barnehagelova (LOV-2005-06-17-64).

Studentbarnehagene sin politikk er todelt. Det viktigaste aspektet konsentrerer seg om

---

<sup>8</sup> Vedtak av Studentbarnehagene sine uttaksriterium *kunne* tidlegare bli delegert til andre organ, t.d. Styret for Velferdsdivisjonen, men etter regeledringa er det kun Hovedstyret som har vedtaksmyndighet (eldre vedtekter § 4, nye vedtekter § 14).

<sup>9</sup> Velferdstinget arbeider også med studentpolitiske saker som er retta inn mot nasjonale eller lokale styresmakter, t.d. betring av studentar sin økonomi, studentrabattar på kollektivtrafikk o.l. ([URL: http://www.studentvelferd.no](http://www.studentvelferd.no): Tillitsvalgte).

barnehagebarna, deira utvikling og velferd (nye vedtekter: § 1). På heimesidene til Studentbarnehagene finn me også referansar til studentforeldra sine behov:

*"Hverdagen din som student med barn bør være så enkel som mulig, slik at du får ro til studiene og at barnet får en god og trygg tilværelse."*  
([URL:<http://www.sio.no/barnehager>](http://www.sio.no/barnehager): Om oss.)

*"Vi har kunnskap om foreldrenes studiehverdag og kan derfor ivareta deres skiftende behov."* ([URL:<http://www.sio.no/barnehager>](http://www.sio.no/barnehager): Velkommen til Studentbarnehagene)

Fleksible opningstider og tilbod om sommarbarnehage er nemnde som satsingsområde for Studentbarnehagene (SiO 2006). Eit spesielt trekk ved studenttilveret blir også framheva:

*"Mange studenter er nyinnflyttere til kommunen og har ikke et stort sosialt nettverk, som kan avlaste. Vi i Studentbarnehagen kan gi studentbarna et sosialt nettverk gjennom våre barnehager."* (<http://www.sio.no/barnehager>: Om oss)

Tabell 4.1 viser utvikling i dekningsgraden, d.v.s. andelen av søkerane som har fått plass i Studentbarnehagene dei siste åra, og utviklinga i talet på barnehageplassar.

**Tabell 4.1: Barnehageplassar og dekningsgrad for Studentbarnehagene.**

Årstal	2000	2001	2002	2003	2004	2005
Barnehageplassar	610	610	613	614	614	635
Dekningsgrad	85 %	87 %	91 %	83 %	92 %	75 %

Kjelde: SiO 2006.

Dekningsgraden har hatt til dels store svingingar dei siste åra, med eit botn-nivå i 2005. Studentbarnehagene er populære gode, og har status som "elite-barnehagar" (Heinert 2006a:intervju, SiO 2006), men knappheten har framfor alt kome dei siste åra (Sten 2006a:intervju). Tidlegare hadde Studentbarnehagene problem med å fylla opp

plassane. Barnehageutbyggjing er i gang for å møta den auka etterspurnaden (SiO 2006).

Revideringa hausten 2005 førte med seg endringar i organisering av fordelingsmyndighet i Studentbarnehagene. Ein uttakskomité tok seg tidlegare av fordelingsvedtaka (eldre vedtekter § 4). Uttakskomiteén var samansett av studentrepresentantar, ein medlem frå barnehageadministrasjonen, og med ein barnehagekonsulent som sekretær (eldre vedtekter § 4). Etter revideringa er det barnehageadministrasjonen som står for sakshandsaminga, medan ein Kontrollkomité, samansett av studentrepresentantar frå Velferdstinget, deretter kontrollerer kvar sak, samt er klageinstans (nye vedtekter § 4, Heinert 2006a:intervju, Sten 2006a:intervju). Bakgrunnen var at revideringa førte med seg mindre bruk av skjønn, noko som gjorde at det ikkje lenger vart sett på som nødvendig at studentrepresentantar var involverte i den administrative delen av sakshandsaminga (Winther 2006:intervju).

### **4.3 Studentboligene**

Studentboligene har ansvaret for utleige, forvalting og drift av SiO sine studentbustader<sup>10</sup> (SiO 2006). I 2005 kunne dei tilby 6019 bueiningar (ibid.). Drifta av Studentboligene er sjølvfinansiert, hovudsakleg gjennom leigeinntekter (ibid.). Staten er likevel som regel med på å finansiera byggjing av nye studentbustader (Velferdstinget 2006, Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet 2001). Studentboligene sine uttalte hovudmål konsentrerer seg om å tilby studentar eit kvalitativt bra gode som studentane har råd til, og å medverka til innpass i studentmiljø:

*”Å skaffe studenter et godt og rimelig husvære som samtidig skaper et fellesskap og godt bomiljø”.* ([URL:<http://www.sio.no/boliger>](http://www.sio.no/boliger): Om oss)

*”...som ny student er det en glimrende måte å få innpass i studentlivet på.”* ([URL:<http://www.sio.no/boliger>](http://www.sio.no/boliger): Om oss)

---

<sup>10</sup> Byggjing av studentbustader er lagt til Eiendomsavdelingen i SiO ([URL:<http://www.sio.no/omsio>](http://www.sio.no/omsio): Byggeprosjekter).

Studentboligene opplever mindre knapphet på godet enn Studentbarnehagene (Heinert 2006a:intervju, Sten 2006a:intervju). Bueiningar står tome. SiO peikar sjølv på ein enklare bustadmarknad i Oslo som årsak (SiO 2006). Tabell 4.2 viser det økonomiske belegget dei siste åra.

**Tabell 4.2: Økonomisk belegg i Studentboligene**

Årstal	2001	2002	2003	2004	2005
Dekningsgrad	97 %	97,71%	98,2%	94,57%	94,89%

Kjelde: Guri Bergo 2006:personleg korrespondanse.

Ved semesterstart er det likevel vanleg med til dels lange ventelister på Studentbustader, og listene har vore lengre det siste året (SiO 2001:15, 2002:13, Bielecki og Meldalen 2006, Winther 2006:intervju). Studentboligene opplever likevel at ein del søkerar som får tilbod om bustad ved semesterstart, seinare takkar nei, og bueiningar blir tome utover semesteret (Gram 2005, Nystad 2005). Det er store ulikskapar på kor attraktive dei ulike bualternativa er (SiO 2006). Knappheten på studentbustader har dei siste åra først og framst vore temporær, dvs. ved semesterstart, og også for attraktive bueiningar (Heinert 2006a:intervju).

Fordelingsvedtaka blir gjort av Studentboligene sin administrasjon (ibid.). Ein Kontrollkomité, samansett av studentrepresentantar frå Velferdstinget, går gjennom søknadane som har fått avslag, og godkjenner eller omgjer desse<sup>11</sup>, samt tek seg av klagesakene (ibid.). I tillegg har Kontrollkomitéen ansvar for å avgjera saker der søkeren hevdar å ha særskild prioritet basert på § 3.3 i tildelingsreglementet (nytt tildelingsreglement § 7.3). Den formelle organiseringa av vedtaksnivå i Studentboligene er ikkje endra.

---

<sup>11</sup> Merk ein forskjell frå Kontrollkomitéen i Studentbarnehagene sine oppgåver, der dei går gjennom alle saker.

## **5.0 Fordelingsreglar**

I første del av empirigjennomgangen vil eg freista å svara på følgjande spørsmål:

*Kva for fordelingsreglar har høvesvis Studentbarnehagene og Studentboligene?*

*Kva for endringar er blitt gjort i fordelingsreglane?*

Føremålet med denne delen av studien er å systematisera empiriske data frå dei skriftlege regelverka før og etter revideringa (gjeld frå 01.01.06), for å få eit bakteppe for den komparative analysen vidare. For å presentera fordelingsreglane tek eg i bruk Schaffer og Huang sitt omgrepssett frå tilgjeneteori, terskel (adgangskriterium), kø (prioriteringsreglar) og skranke. I skrankedelen vil eg kommentera skjønnsinnslag og mekanikk i reglane. Eg vil sjå på kasusa kvar for seg før eg gjer ei oppsummerande samanlikning. Eg vil presentera dei eldre reglane, før eg kjem inn på kva for endringer som vart gjort ved revideringa hausten 2005.

### **5.1 Studentbarnehagene sine fordelingsreglar<sup>12</sup>**

#### **5.1.1 Terskel**

Terskelstadiet er, i tilgjeneteoretisk terminologi, samansett av adgangskriterium som avgrensar potensielle brukarar til nærmere spesifiserte kategoriar (Bleiklie m.fl. 1997:308). Ein søker må oppfylla visse minstekrav for i det heile å vera aktuell ved fordeling av godet.

Dei viktigaste krava dei eldre vedtekten til Studentbarnehagene (i kraft frå 01.01.02, sist endra 02.11.05) stiller til søkerane, er at dei betalar semesteravgift til SiO, har studieplass ved ein lærestad tilknytta SiO (§ 4.1a og b), og skal studera i komande semester<sup>13</sup> (ibid.: § 4.1c). Det er nok at ein av foreldra studerer (ibid.:§ 4.2). På Studentbarnehagene sine heimesider blir det i tillegg opplyst om at målgruppa er studentar som følgjer normal studieprogresjon ([URL:<http://www.sio.no/barnehager>](http://www.sio.no/barnehager): Søke om plass i studentbarnehagene?).

---

<sup>12</sup> Uttakskriterium i Studentbarnehagene sin eigen terminologi.

<sup>13</sup> Unnataksreglar gjeld t.d. avbrot i studier ved sjukdom og fødsel, og forlenging av plass dersom det er eit år igjen til skulestart for barnet (eldre og nye vedtekter § 4) Ledige plassar kan dessutan bli tildelt søkerar som ikkje oppfyller kriteria dersom det ikkje er ventelister med andre søkerar, såkalla tomgang (eldre og nye vedtekter § 13).

På terskelstadiet er det lite som er endra i fordelingsreglane som gjeld frå 01.01.06.

### **5.1.2 Kø**

I følgje tilgjengeteori, er ein kø regulert av prioriteringsreglar. Desse seier noko om korleis køen skal avviklast (Bleiklie m.fl. 1997:308).

I Studentbarnehagene sine vedtekter kan det skiljast mellom ordinære saker, og saker av særskild prioritet (eldre vedtekter § 4.2 og § 4.3). Hovudregelen i ordinære saker er at fordeling av barnehageplassar skjer etter studieansiennitet (ibid.:§ 4.2), som blir utrekna matematisk:

- Einslege studentar får 10 poeng for kvart registrerte semester
- Studentpar får 5 poeng pr. person for kvart registrerte semester.
- Par der den eine er student, får 5 poeng for kvart registrerte semester.

Utrekninga skal skje på grunnlag av betalt semesteravgift og vekttalsproduksjon (ibid.). Studium ved lærestader utanfor SiO vil berre gi poeng om dei inngår i ein grad ved ein SiO-lærestad (ibid.:§ 4.2a, c). I praksis blei det før gitt poeng også dersom tidlegare studium utanfor SiO blei vurdert som relevante for noverande studium, sjølv om dei ikkje inngjekk i ein SiO-grad (Sten 2006b:personleg korrespondanse).

Det er også sett av ein kvote på 5 barnehageplassar for studentar som er einslege forsytarar, og som ikkje har studieansiennitet (ibid.:§ 4.2). I tillegg blir barn som har søsken i barnehagen, prioritert (ibid.:§ 4.2f).

Tre grupper som har særskild prioritet ved fordeling av barnehageplass, er nemnde i dei eldre vedtekten (ibid.:§ 4.3). Her skiftar fokuset frå foreldra sin studieansiennitet til situasjonen for barna. Barn med funksjonshemmning som kan ha nytte av opphold i vanleg barnehage, barn som er omfatta av vernevedtak fatta av barnevernsnemnda, og barn som blir sikra barnehageplass som verkemiddel i forebyggjande barnevern, vil få prioritert plass ved opptak. Praksisen har vore at det også kan bli gitt særskild prioritet dersom foreldra har nedsett funksjonsevne (Sten 2006a:intervju).

I dei nye vedtektena som gjeld frå 01.01.06 (§ 4) har ein halde på poengsystemet basert på studieansiennitet. Men no får søkerane poeng for kvart registrerte semester ved utdanningsinstitusjon omfatta av Universitets- og høyskoleloven, eller tilsvarande utdanningsinstitusjonar i utlandet (ibid.). Det er m.a.o. irrelevant om dei tidlegare studia er gjennomførte ved lærestader tilknytta SiO eller ikkje.

Studentbarnehagene har halde på søskerprioriteten i dei nye vedtektena (ibid.). Kvoten på 5 barnehageplassar øvremerkt einslege forsytarar utan studieansiennitet er oppheva. I staden er det lagt inn ein generell prioriteringsregel som seier at einslege forsytarar utan studieansiennitet, og med bustadregisterd adresse utanfor Oslo og tilstøytande kommunar skal bli prioriterte (ibid.). Revideringa har med andre ord ført til at einslege forsytarar utan studieansiennitet skal ha absolutt prioritet ubunde av kor mange barnehageplassar dei til saman vil oppta, dersom dei har bustadregisterd adresse utanfor Osloregionen.

Prioriteringsreglane om opptak på særskild grunnlag er uendra (ibid.).

### **5.1.3 Skranke**

Ein skranke er forma av eit sett med reglar for fordeling og for korleis samhandlinga mellom sakshandsamar og søker skal gå føre seg (Bleiklie m.fl.1997:308). Korleis denne samhandlinga går føre seg, er påverka av krav til innsats frå søkeren, samt klarleik og grad av skjønn i adgangsreglar (terskel) og prioriteringsreglar (kjø). Ein heilskapleg analyse av skrankestadiet vil tyda å studera praksis meir inngåande. For mitt føremål, med fokus på dei skriftlege reglane, er det likevel interessant å seia noko om eventuelle endringar i grad av skjønn og mekanikk.

I Studentbarnehagene skjer sakshandsaminga ved hjelp av søknad og dokumentasjon, i følgje reglane. Verken eldre eller nye vedtekter gir rom for vurderingsmøte.

Dei eldre vedtektena for Studentbarnehagene gjer hovudsakleg bruk av objektive kriterium på terskelstadiet, men utøving av skjønn kan bli aktuelt ved fornying av plass

der det er snakk om avbrot eller opphold i studier pga. helsemessige tilhøve.

Dokumentasjonskrava og kriteria er mindre klare enn elles i vedtekten.

På køstadiet er hovudregelen i dei eldre vedtekten at ordinære søknader blir handsama ved hjelp av mekaniske reglar med objektive kriterium, nærmere bestemt eit poengsystem basert på studieansiennitet i Studentbarnehagene (ibid. § 4.2).

Dokumentasjonskrava er klare. Det skal gjerast greie for planlagte studier og avgjorte eksamenar, og dokumenterast at studium utanfor SiO-lærestader inngår i ein grad ved ein SiO-lærestad (ibid.: § 4.4). Einslege forsytarar må også dokumentera sin status.

Opptak på falske premissar kan føra til tap av plass (ibid.).

Ved poengutrekning i dei eldre vedtekten er det tidlegare studium ved ein SiO-lærestad, samt studium som er godkjende som ledd i ein grad ved ein SiO-lærestad, som gir poeng (ibid.: § 4.2a, c). *I praksis* var det likevel før også mogleg å få poeng om tidlegare studium utanfor SiO blei vurderte som *relevante* for noverande studium, noko som opna for skjønn (Sten 2006b:personleg korrespondanse).

I tillegg fremjar dei særskilde sakene i Studentbarnehagene sine eldre vedtekter bruk av skjønn. I slike saker er det nødvendig med dokumentasjon frå fagpersonar (eldre vedtekter § 4.4e). Studentbarnehagene opererer med tre kriterium for særskild prioritering (ibid.: § 4.3): Funksjonshemma barn som kan ha nytte av opphold i vanleg barnehage, barn omfatta av barnevernsvedtak, og barn som treng barnehageplass som forebyggjande barnevern. Funksjonshemming er ein samlekategori, og det kan vera uklart kva som kan omfattast av denne. Tilleggskriteriet om nytte av opphold i barnehage blir det heller ikkje gjort greie for, og må seiast å vera av ganske skjønnsmessig art. I tillegg opplyser Sten (2006a:intervju) om at dokumentasjonen i særskilde saker blir vurdert av sakshandsamarane i kvart enkelt tilfelle. Det blir t.d. stilt spørsmål ved seriøsitet til legeattestar, for å unngå at Studentbarnehagene blir ein fristad for folk med slik attest. Uroa i den samanhanga handlar om såkalla "snille" fagfolk, som lett synest synd på folk, og dermed skriv ut legeattestar urettmessig. Det har også til ein viss grad vore praksis at Studentbarnehagene har ein dialog med Studenthelsetenesten for å vurdera om aktuelle legar kan reknast som nøytrale (ibid.).

Dermed blir det eit stort skjønnsinnslag i vurdering av dei særskilde sakene, trass i dokumentasjonskrava.

Bak dei to andre kriteria i dei særskilde sakene i dei eldre vedtektena ligg høvesvis eit formelt vedtak fatta av barnevernsnemnda (eldre vedtekter § 4.3b), og tilrådingar frå same instans (eldre vedtekter § 4.3c). Dei to siste kriteria kan dermed bli tolka som meir presise.

Mykje er likt i dei nye vedtektena. Det todelte regelverket med mekaniske prioriteringar i ordinære saker og særskilde saker, som kan opna for meir skjønnsbruk, er vidareført i dei nye vedtektena. Det er også strenge dokumentasjonskrav i dei nye vedtektena (nye vedtekter:§ 4). Unnataksreglane er no klarare ved at dei eksplisitt etterspør godkjend permisjon frå studia som krav for å halda på barnehageplass ved avbrot i studium (ibid.).

Revideringa av fordelingsreglane medførte også visse endringar i uttakskriterium for ordinære søknader. Endringane går i retning av meir mekanikk. Dei nye vedtektena krev ikkje at søkeren viser at tidlegare studium inngår i ei universitetsgrad. Grunnen er at all utdanning ved utdanningsinstitusjonar som er omfatta av Universitets- og høyskoleloven, eller tilsvarande i utlandet, i følgje vedtektena blir sidestilte (ibid.).

Det er ikkje gjort endringar i prioriteringsreglane eller praksis i dei særskilde sakene, (ibid., Sten 2006a:intervju).

## **5.2 Studentboligene sine fordelingsreglar**

Dei eldre fordelingsreglane til Studentboligene (i kraft frå 01.08.97, sist endra 21.07.05) samt endringane som kom til i dei nye reglane, (gjeld frå 01.01.06), blir presenterte på same måte som data frå Studentbarnehagene, i empirisk form, og systematiserte ved hjelp av omgrep kø, terskel og skranke. Studentboligene skil mellom hybler og par- og familiebustader, der litt ulike reglar gjeld for kvar av butypane.

### **5.2.1 Terskel**

Adgangskriteriet i dei eldre reglane (§ 2.1) er at søkeren i leigeperioden skal gjennomføra eit studium som fører fram til godkjend grad ved ein SiO-lærestad, eller relevant tilleggsutdanning. Eit viktig tilleggskriterium er at søkeren skal ha studium som hovudsysselsetjing i heile leigeperioden, samt at søkeren følgjer oppsett godkjend studieplan<sup>14</sup> (ibid.: § 2.1 og § 2.2). Det eldre regelverket opererer med ei øvre aldersgrense på 34 år for hyblar. Eldre søkerar kan berre bli tildelt hybel på særskild grunnlag (ibid.:§ 4.1a).

Berre par, med eller utan barn, eller einslege med dagleg omsut for barn, kan søkja familiebustader (ibid.:§ 2.3) Også par eller familiar der berre den eine er student, kan få tildelt studentbustad (Heinert 2006b:personleg korrespondanse).

Dei nye fordelingsreglane, som gjeld frå 01.01.06, viser få omfattande endringar på terskelstadet. Reelle heiltidsstudentar på veg mot ein grad ved ein SiO-lærestad er framleis målgruppa til Studentboligene<sup>15</sup> (nytt fordelingsreglementet § 2.1). Det er likevel gjort ei viktig justering av målgruppa til Studentboligene: Den øvre aldersgrensa på 34 år er fjerna til fordel for ei nedre aldersgrense på 18 år (ibid.).

### **5.2.2 Kø**

Prioriteringsreglane for handsaming av søknader i Studentboligene kan delast mellom ordinære saker, og saker som får særskild prioritet. Det eldre reglementet gir eit komplekst prioriteringssystem i handsaming av ordinære saker. For hyblar skal ein kvote på 75 % tilfalla førstesemesterstudentar, medan den resterande kvoten på 25 % skal tilfalla studentar med høgast studieansiennitet (eldre tildelingsreglement § 4.1b). Studieansiennitet blir målt i talet på fullførte semester, også ved andre læresteder enn SiO, dersom studia har tilknyting til SiO-studium, eller inngår som delar av planlagd grad (ibid.). Par får den samla studieansienniteten delt på to (ibid.:§ 4.2c). Maskinell loddtrekking blir brukt for å prioritera mellom søkerar med lik poengsum (ibid.:§ 4.3). For familiebustader skal høvet vera 50/50 mellom førstesemesterstudentar og studentar

<sup>14</sup> Visse unnataksreglar gjeld ved forseining eller avbrot som t.d. skuldast sjukdom og fødsel (eldre reglar § 5.3, nytt § 5.1).

<sup>15</sup> I det nye tildelingsreglementet ( § 4.3) er det innført ein tomgangsregel, som opnar for fordeling av studentbustader til personar som ikkje oppfyller adgangskriteria, dersom bustader står tomme.

med høgast studieansiennitet (ibid.:§ 4.2a). I tillegg til studieansiennitet skal familiebustader tildelast etter talet på barn (ibid.:§ 4.2a). Par utan barn må konkurrera med nye søkerar også ved fornying av kontrakt (ibid.:§ 6.4), medan det for andre leigetakrar er nok å oppfylla adgangskriteria ved fornying av plass.

Ein søker kan, etter det eldre regelverket (§ 5.1), få prioritet på særskild grunnlag basert på søkeren si fysiske eller psykiske helse, eller sosiale tilhøve. Liknande behov hjå søkeren sine familiemedlemer kan også vera prioriteringsgrunn (ibid.). Det blir i tillegg kravd at det skal vera ein *openberr fordel* for søkeren å få tildelt bustad i SiO, eller at søkeren må vera svært vanskelegstilt på den private bustadmarknaden (ibid.).

Dei nye fordelingsreglane, som gjeld frå 01.01.06, viser omfattande endringar i prioriteringsreglar for Studentboligene. Poengsystemet er skifta ut med prioritering etter søknadsdato for alle butypar (nytt tildelingsreglement § 4.1 og § 4.2).

§ 3 i Studentboligene sitt nye tildelingsreglement viser tre nye grupper som etter revideringa skal prioriterast ved fordeling av studentbustader innanfor ordinære søker. Studentar under 22 år som startar sitt studium ved ein SiO-lærestad, og som har bustadregisterert adresse utanfor Oslo/Akershus, får prioritet på hybel, men ikkje på par- eller familiebustad (ibid.: § 3.1). Prioritert rett til hybel får også internasjonale studentar som er godkjende gjennom ein SiO-lærestad (ibid.:§ 3.2). Desse gruppene er garanterte bustad i dag (Heinert 2006a:interjvu). I tillegg har leigetakrar som allereie bur i ein av SiO sine bustader, no prioritert rett ved intern overflytting eller ved ny søker (nytt tildelingsreglement § 3.4). Tidlegare måtte par utan barn som leigde familiebustad konkurrera med nye søkerar, der dei blei nedprioriterte til fordel for familiar med barn (eldre tildelingsreglement § 6.4).

Ved fordeling av familiebustader skal no einslege forsytarar prioriterast føre par med barn (ibid.:§ 4.2). Talet på barn er ikkje lenger eit kriterium i reglementet.

Formuleringa rundt dei særskilde sakene er endra i det nye regelverket. No spør

fordelingsreglane eksplisitt etter spesielle behov:

*"...studenter som har behov for rullestoltilpasset bolig, eller studenter som av medisinske eller sosiale grunner blir anbefalt bolig av offentlig helseinstitusjon."*  
(Studentboligene sitt nye tildelingsreglement § 3.3.)

Kriteriet om at det må vera ein openberr fordel for søkeren å få studentbustad, eller at søkeren må vera svært vanskelegstilt på den private bustadmarknaden, er fjerna i dei nye fordelingsreglane. No er det nok at offentleg helseinstitusjon tilrår at søkeren får bustad. Søkerar som viser slik dokumentasjon er i praksis garantert bustad i dag, ettersom sakshandsamarane er liberale ved framvising av dokumentasjon (Heinert 2006a:intervju).

Medan dei eldre fordelingsreglane (§ 4.2a,b) berre skilde mellom hyblar og familiebustader der sistnemnde også kunne bli tildelt par utan barn, skil det nye regelverket (§ 4.1 og § 4.2) også mellom par- og familiebustader. I følgje Studentboligene sitt nye regelverk blir nye søknader til parbustader berre prioriterte etter søknadsdato, og eventuelt etter særskild prioritet (ibid.:§ 3 og 4.1). Ved fordeling av familiebustader blir det prioritert etter søknadsdato, samt at einslege forsytarar og studentar med særskilde behov får absolutt prioritet (ibid.:§ 3 og 4.2). Nyinnflytta studentar som søker om par- eller familiebustader må dermed konkurrera på lik line med andre, i motsetnad til studentar som søker om hybel for einslege.

### **5.2.3 Skranke**

Studentboligene opererer utelukkande med søknadsskjema og dokumentasjon, som kontaktpunkt mellom sakshandsamar og søker både før og etter revideringa av reglane.

Terskelstadiet er hovudsakleg av mekanisk karakter. Det viktigaste kriteriet i dei eldre fordelingsreglane (§ 2,1) er studium ved ein SiO-lärestad. Regelen om at *relevant* tilleggsutdanning kan gi burett, opnar likevel for skjønnsbruk. Reglementet gir ingen retningsliner for forståing av "relevans".

Køstadiet kan delast inn i ordinære og særskilde saker, der særskilde saker i størst grad opnar for skjønnsmessige vurderingar. Det eldre tildelingsreglementet (§ 4.1 og § 4.2) skisserer eit poengsystem basert på studieansiennitet. For familiebustader blir det i tillegg prioritert etter talet på barn (ibid.:§ 4.2a). I utgangspunktet er kriteria mekaniske, men det kan vera eit problem å vurdera kva for tidlegare studium som er relevante for noverande SiO-studium, og som dermed skal gi poeng.

Det eldre reglementet (§ 5.1) viser til omgrep som fysisk og psykisk helse og sosiale tilhøve som døme på kriterium som kan kvalifisera til prioritering på særskild grunnlag. I utgangspunktet er slike kriterium av svært skjønnsmessig art. Det same gjeld tilleggskriteria om at det må vera ein openberr fordel for søkeren å få tildelt bustad i SiO, eller at søkeren må ha store problem på den private bustadmarknaden. I slike saker blir det kravd legeattest e.l. (ibid.:§ 3.4). Dermed kan dei skjønnsmessige vurderingane bli lagde til ein annan instans.

I dei nye fordelingsreglane er det få endringar på terskelstadiet. Studium ved SiO-lærestader er det viktigaste adgangskriteriet, med eit mogleg skjønnsinnslag i samband med vurdering av relevans for tilleggsstudium (nytt tildelingsreglement § 5.1).

Ordningane for ordinær køavvikling i Studentboligene er svært endra i dei nye fordelingsreglane. Det komplekse poengsystemet basert på studieansiennitet er blitt erstatta av nye prioriterte grupper (i tillegg til dei særskilde sakene), basert på enkle kriterium som bustadregistrert adresse, internasjonal student (ibid.:§ 3.1, § 3.2), samt prioritering etter søknadsdato. Både det gamle og det nye systemet er hovudsakleg mekaniske, med lett dokumenterbare statuskriterium og lite rom for vurdering frå sakshandsamarane si side. Dei nye prioritieringsreglane kan likevel framstå som meir forenkla, hovudsakleg fordi det ikkje lenger er snakk om ein kvote for førstesemesterstudentar og ein for dei med høgast studieansiennitet.

Den viktigaste endringa i dei særskilde sakene er at dei nye fordelingsreglane ikkje

eksplisitt krev at det må vera ein openberr fordel for søkeren å få tildelt ein SiO-bolig, eller at søkeren må vera vanskelegstilt på den private bustadmarknaden, for å få særskild prioritet (ibid.:§ 3.3). Dermed blir skjønnnsinnslaget innskrenka. Dokumentasjonskravet er i tillegg blitt ein klarare del av kriteriet for å få særskild prioritet i dei nye fordelingsreglane:

*”...studenter som av medisinske eller sosiale årsaker er anbefalt bolig av offentlig helseinstitusjon.”* (Studentboligene sitt nye tildelingsreglement § 3.3).

I praksis blir ikkje dokumentasjonen vurdert av sakshandsamarane (Heinert 2006a:intervju). Skjønnet blir då overlate til offentlige helseinstitusjonar.

### **5.3 Oppsummering**

Føremålet med kapitlet var å svara på problemstilling nr. 1: *Kva for fordelingsreglar har høvesvis Studentbarnehagene og Studentboligene?* Eg vil presentera to tabellar som viser det viktigaste innhaldet i dei eldre og dei nye reglane for kvar av mine kasus, strukturert ved hjelp av omgripsapparatet terskel, kø og skranke.

**Tabell 5.1: Studentbarnehagene**

	Eldre vedtekter	Nye vedtekter
Terskel	Reell student ved lærerstad tilknytta SiO. Unnataksreglar	Reell student ved lærerstad tilknytta SiO. Unnataksreglar
Kø	<i>Ordinær:</i> Poengsystem basert på SiO- relatert studieansennitet og sivil status.  <i>Kvote for einslege forsytarar utan studieansennitet, søskerprioritet</i>  <i>Særskild:</i> Funksjonshemma barn, barn med barnevernsvedtak.	<i>Ordinær:</i> Poengsystem basert på studieansennitet, ved lovgodkjende lærerstader og sivil status.  Generell prioritet for nyinnflytta einslege forsytarar utan studieansennitet, søskerprioritet  <i>Særskild:</i> Identisk med eldre vedtekter.
Skranke	<i>Terskel:</i> Mekanikk, men med skjønnnsinnslag  <i>Ordinær kø:</i> Mekanikk, men med skjønnnsinnslag  <i>Særskild:</i> Dokumentasjonskrav, men skjønn i praksis	<i>Terskel:</i> Mekanikk, mindre skjønnnsinnslag  <i>Ordinær kø:</i> Mekanikk, mindre skjønnnsinnslag  <i>Særskild:</i> Dokumentasjonskrav, men skjønn i praksis

Dei viktigaste endringane i Studentbarnehagene sine vedtekter er styrka prioritering av nyinnflytta einslege forsytarar utan studieansennitet, samt mindre favorisering av tidlegare SiO-studier i poengsystemet, og mindre vekt på skjønnnsvurderingar generelt.

**Tabell: 5.2 Studentboligene**

	Eldre vedtekter	Nye vedtekter
Terskel	Reell student ved lærerstad tilknytta SiO, under 34 år. Unnataksreglar	Reell student ved lærerstad tilknytta SiO, over 18 år. Unnataksreglar
Kø	<i>Ordinær:</i> Poeng- og kvotesystem basert på studieansiennitet (høgast/lågast). Loddtrekking ved lik poengsum. For familiebustader også etter talet på barn. <i>Særskild:</i> Fysisk, psykisk helse, sosiale tilhøve. Openberr fordel for søkerar å få SiO-bustad, eller særleg vanskelegstilt på bustadmarknaden	<i>Ordinær:</i> Unge, innflytta førstesemesterstudentar og internasjonale studentar til hybel, einslege forsytarar til familiebustader, samt prioritering av leigetakrar ved fornying av plass. Elles etter søknadsdato. <i>Særskild:</i> Tilråding frå offentleg helseinstitusjon om bustad pga. medisinske eller sosiale tilhøve.
Skranke	<i>Terskel:</i> Mekanikk, men med skjønnsinnslag <i>Ordinær kø:</i> Kompleksitet. mekanikk, men med skjønnsinnslag <i>Særskild:</i> Noko skjønn, men dokumentasjonskrav	<i>Terskel:</i> Som tidlegare. <i>Ordinær kø:</i> Forenkling. Mekanikk. <i>Særskild:</i> Dokumentasjonskrav, lite skjønn i praksis

I Studentboligene sine fordelingsreglar er det gjort store endringar ved at poeng- og kvotesystemet er fjerna. Unge nyinnflytta studentar utan studieansiennitet, og internasjonale studentar er prioriterte. Dessutan er søknadsdato prioriteringsgrunnlag. Regelendringane vitnar om forenkling av søknadshandsaminga i ordinære saker, samtidig som skjønnsinnslaget er stramma inn i dei særskilde sakene.

Studentboligene har gått gjennom ei meir omfattande endring i regelverket enn Studentbarnehagene. Dei største endringane er for begge å finna i reglane om ordinær køavvikling, men det er likevel berre Studentboligene som har fått vesentlege endringar på hovudregelen om korleis køavviklinga skal gå føre seg. Studentbarnehagene held fast ved studieansiennitet som hovudkriterium, medan Studentboligene byter ut poeng- og kvotesystem med prioriterte grupper og fordeling etter søknadsdato.

På terskelstadiet er det, som forventa, berre små skilnader mellom Studentbarnehagene og Studentboligene. Studium på lærerstader tilknytta SiO er det viktigaste adgangskriteriet.

Ordinær køavvikling viser dei mest interessante funna, som også strid mot mine forventningar om like reglar. Før revideringa var eit poengsystem basert på studieansiennitet (og sivil status) hovudregelen for køavviklinga i både

Studentbarnehagene og Studentboligene. Studentboligene opererte med store kvotar for førstesemesterstudentar (75 % for hyblar, 50 % for familiebustader).

Studentbarnehagene premierte derimot studentar med høg studieansiennitet, og nedprioriterte førstesemesterstudentar, når ein ser bort frå kvoten på 5 plassar reservert for einslege forsytarar utan studieansiennitet. Etter revideringa er inntrykket av motsetnader styrka, noko som er i strid med mine forventingar. Kvotesystemet i Studentboligene er oppheva, og studentar med høg studieansiennitet blir sterkare nedprioritert til fordel for unge, nyinnflytta studentar utan studieansiennitet, og internasjonale studentar. Studentbarnehagene har på si side halde på hovudregelen om prioritering av studentar *med* studieansiennitet.

Det er elles verdt å merka seg at begge institusjonane får innført eit nytt tilleggsriterium, *bustadregistrert adresse utanfor Oslo og tilstøytande kommunar*. Nyvinninga i Studentboligene om prioritering på bakgrunn av søkeradsdato, finn me ikkje igjen i Studentbarnehagene.

Det er visse skilnader mellom dei to institusjonane når det gjeld særskild prioritet. Studentbarnehagene framstår som noko strengare, ved at det aktuelle barnet sin helsetilstand må kvalifisera til omgrepets *funksjonshemming* i følgje både nye og eldre vedtekter. Barnet må dessutan ha sannsynleg nytte av barnehageplass for å kunna få særskild prioritering. Studentboligene etterspør dei breiare kategoriene *medisinske og sosiale tilhøve*. Begge stiller likevel strenge dokumentasjonskrav i desse sakene.

På skrankestadiet er det mykje som er likt i regelverka til dei to institusjonane. Sakshandsaminga på terskelstadiet og ordinær køavvikling skjer hovudsakleg ved hjelp av objektive kriterium som kan dokumenterast. Både Studentbarnehagene og Studentboligene går etter revideringa i retning av meir presise kategoriar i ordinære saker. Men Studentbarnehagene brukar i praksis meir skjønn i dei særskilde sakene enn det Studentboligene gjer.

## **6.0 Normativ analyse av skriftlege fordelingsreglar**

I dette kapitlet vil eg trekkja ut dei store linene frå dei empiriske funna i det føregåande kapitlet og tolka desse i høve til lokal rettferdsteori. Problemstillinga er:

*Kva for normative prinsipp uttrykkjer dei skriftlege fordelingsreglane?*

Dei viktigaste prinsippa frå lokal rettferdsteori (Lorentzen 1995) er:

- Velferdsprinsipp: individuelt behov, individuell velferdsgevinst eller individuelt velferdsresultat.
- Individuell forteneste.
- Samfunnseffektivitet.

Min teori er at ulike, og til dels motstridande prinsipp, vil kunna lesast i fordelingsreglementa. Eg forventar at velferdsprinsipp, særleg behov, og samfunnseffektivitet vil vera mest framtredande i mine kasus, jf. SiO si rolle.

Kapitlet er delt i tre delar. Først blir adgangskriteria i begge kasus analyserte. Deretter blir analysen av prioriteringsreglane delt i ein del som tek for seg reglane for ordinær køavvikling, og ein del som ser på dei særskilde reglane

### **6.1 Adgangskriterium**

Studentbarnehagene og Studentboligene har, som me har sett, relativt like adgangskriterium, med fokus på reelt studenttilvere ved ein av lærestadene tilknytta SiO (Studentbarnehagene sine vedtekter § 4, Studentboligene sitt tildelingsreglement: § 2.1). Det har vore lite endringar på det punktet. Det blir stilt krav om at søkeren faktisk er student. Ein person som allereie *har fått* barnehageplass eller studentbustad kan mista desse goda dersom vedkomande ikkje er student. Hovudprinsippet bak adgangskriteria er likevel ikkje at tidlegare handlingar medfører at du har gjort deg fortent til goda dei tilbyr, jf. fortenesteprinsipp.

Noko av tanken bak SiO sin eksistens kan vera at studentar har spesielle behov i høve til andre grupper. Det å stilla krav om at søkeren skal vera student kan dermed bli tolka som uttrykk for ei behovsprioritering. Men studentkriterium er neppe særskilt

treffsikkert fordi samanhangen mellom behov og utslag på studentkriteriet sannsynlegvis er relativt marginal, med tanke på variasjon mellom studentar i høve til andre grupper med store behov for velferdsgode. Adgangskriteria bør derfor heller bli forstått som eit uttrykk for prinsippet om samfunnseffektivitet. Reelle studentar blir forventa å gi framtidig produktivitet, velferdsgoda som tek sikte på å forenkla tilveret, bør derfor øyremerkjast desse. Kriteriet om å følgja normert studieplan kan også tolkast som eit incentiv til studieprogresjon.

I tillegg til å sikra adgang berre for produktive eller trengjande studentar, krev adgangskriteria at studentane har tilknyting til SiO, d.v.s. betalar semesteravgift og studerer ved ein SiO-lærestad. Kriteriet om tilknyting til SiO er det litt vanskelegare å finna rom for i Lorentzen sin typologi over normative prinsipp. SiO rettar seg mot ei bestemt gruppe, SiO-studentar<sup>16</sup>. Kravet om tilknyting til organisasjonen er kanskje først og framst eit spørsmål om legitimitet for SiO overfor det offentlege, studentane og lærestadene. Det kan knyttast til praktisk-administrative omsyn. Ein annan måte å forstå kriteriet på, er å sjå på tilknyting til SiO som eit sjølvstendig prinsipp, ikkje først og framst av omsyn til organisasjonen, men av omsyn til den bestemte målgruppa. Kriteriet om tilknyting til SiO er basert på ei førehandsdefinert målgruppe. SiO-studentar har neppe større behov eller betre utsikter til produktivitet enn andre studentar. Det er likevel denne målgruppa sin framtidige produktivitet og/eller velferd som er i fokus for SiO. Tilknyting som eige prinsipp er i størst grad i samsvar med Elster (1992:97) si forståing der fokus på bestemte grupper, her SiO studentar, kan vera eit prinsippielt mål. Mi tolking her er at tilknyting til SiO som kriterium først og framst er eit utslag av organiseringa i studentsamskipnader, d.v.s. praktisk-administrative omsyn.

Den tidlegare øvre aldersgrensa på 34 år i Studentboligene (eldre tildelingsreglement § 4.1a), samt unnataksreglane om sjukdom o.l. i begge institusjonane, viser at velferdstanken likevel ikkje er borte på terskelstadiet. Ein kan gå ut frå at personar

---

<sup>16</sup> Liknande kriterium, som bustad i den aktuelle kommunen, er omtala hjå Rasch (1990: 39) i studien av fordeling av barnehageplassar.

over 34 har mindre behov for studentbustader enn andre studentar. Aldersgrensa er no fjerna.

## **6.2 Ordinær køavvikling**

Studentbarnehagene opererer med studieansiennitet som viktigaste kriterium i ordinær køavvikling, både før og etter revideringa av fordelingsreglane (eldre vedtekter § 4.2, nye vedtekter § 4). Eit kriterium om studieansiennitet leier tankane til eit fortenesteprinsipp. Her gir tidlegare innsats på studiebenken utteljing. Vel så viktig kan det vera å lesa studieansiennitet som eit uttrykk for eit prinsipp om samfunnseffektivitet. SiO kan ønskja å prioritera effektive studentar for å fremja enda meir produktivitet. Barnehageplassar kan vera ein viktig faktor for å forenkla studiekvarden, og dermed betra studieprogresjonen. Ved å prioritera studentar etter studieansiennitet, vil ein tilretteleggja for dei som har vist indikasjonar på at dei kan vera produktive. Slike studentar er allereie nærmare arbeidslivet enn andre studentar, og er dermed sikrare kort for å fremja produktivitet.

Studentbarnehagene sine vedtekter uttrykkjer ein kombinasjon av ulike og til dels motstridande prinsipp. Fordelingsteknikken som blir brukt i den ordinære køavviklinga, er eit poengsystem som gir poeng for fullførte semester, med varierande individuell utteljing for par og einslege forsytarar (eldre vedtekter § 4.2), og kan såleis kategoriserast som eit *mixed system*, der studieansiennitet og sivil status avgjer poengsum. Tidlegare var det berre SiO-relaterte studium som ga poeng (eldre vedtekter § 4.2). Det gir uttrykk for ønskje om å prioritera etter kor lenge søkerane har vore knytta til organisasjonen. Etter revideringa av vedtektena er SiO-favoriseringa fjerna. I tillegg vart det tidlegare sett av ein kvote på fem barnehageplassar til einslege forsytarar utan studieansiennitet. Kvoten er no fjerna, og einslege studentar utan studieansiennitet blir gitt generell prioritet, dersom dei oppfyller eit nytt tilleggskriterium, bustadregisteret adresse utanfor Oslo-regionen (nye vedtekter § 4). Prioriteringa av einslege forsytarar går tilsynelatande mot vedtektena sine hovudprinsipp om forteneste og/eller samfunnseffektivitet. Det kan tolkast som eit ønskje om å prioritera ei gruppe som ein kan gå ut frå har særlege behov, det vil seia at

statuskriteriet er ein indikasjon på noverande velferdsnivå. Prinsippet blir styrka ved revideringa av vedtekten.

Samtidig kan kriteriet også bli forstått ut frå eit prinsipp om velferdsgevinst. Med velferdsgevinst i fokus ønskjer ein å tildela gode til personar som ein går ut frå vil få den største velferdsauken som følgje av det oppnådde godet (Elster 1992:84-85, Lorentzen 1995:64). Ofte vil fordelinga bli annleis med eit prinsipp om velferdsgevinst til grunn, jamført med ei rein behovsbasert fordeling (Lorentzen 1995:65). Dei med størst behov er ikkje nødvendigvis dei som har best utsikt til velferdsauke. Ved val av kriteriet *einsleg forsytar* kan ein oppnå å gi til ei gruppe som både har stort behov, og som har gode utsikter for velferdsauke. Ein kan gå ut frå at einslege forsytarar og deira barn har større nytte av tilbod om barnehageplass eller studentbustad enn det foreldrepar har, d.v.s at ein ikkje berre ser på den noverande situasjonen til søkjaren, men også på forventa velferdsauke som følgje av fordelinga. Føresetnaden er at behova kan tilfredsstilla på ein god måte gjennom godefordelinga, og føra til velferdsauke. Dei søkerane som er aktuelle, har allereie kome gjennom adgangskriteria, dei er blitt klassifiserte som reelle studentar. Dei kan dermed i utgangspunktet rekna som relativt ressurssterke, sjølv om det vil vera store variasjonar mellom dei. Poenget er at få av dei er på eit så lågt velferdsnivå at dei ikkje kan forventast å kunna nyttiggjera seg goda som Studentbarnehagene tilbyr. Ein kan dermed rekna med at dei søkerane som har størst behov, også har størst rom for velferdsauke fordi dei har lågare velferdsnivå i utgangspunktet.

Studentboligene har endra sine hovudkriterium for ordinær køavvikling. Tidlegare vart ledige hybler og familiebustader delt på to kvotar, førstesemesterstudentar og studentar med høgast studieansiennitet (eldre tildelingsreglement § 4.1 og § 4.2) m.a.o. nok eit mixed system. Å prioritera førstesemesterstudentar kan koplast til velferdsprinsipp: behov, med fokus på noverande velferdsnivå, og velferdsgevinst, med fokus på studentar som har best sjanse til velferdsauke. ”Problem” til førstesemesterstudentar er at dei er nye på studiestaden, og treng å koma inn i eit sosialt studiemiljø, dei er ofte unge og uetablerte, og kan ha vanskar på bustadmarknaden.

Den andre kvoten var sett av til studentar med høgast studieansienitet. Som i Studentbarnehagene vil eit slikt kriterium både kunna uttrykkja eit fortenesteprinsipp, ved premierung av tidlegare studieinnsats, og eit prinsipp om samfunnseffektivitet, d.v.s. eit ønskje om å fremja produktivitet. Det kan gjerast ved å tilby goda til effektive studentar som kan gjera seg nytte av desse for å bli meir produktive.

Studentboligene sine hovudreglar for ordinær køavvikling var tidlegare m.a.o. meir samansette enn det Studentbarnehagene sine vedtekter var. I det eldre reglementet til Studentboligene blir ein kombinasjon av behovsprinsipp og forteneste/samfunnseffektivitet uttrykt i kvotar. Behovsprinsippet står tilsynelatande sterkest i fordeling av hyblar ved at heile 75 % av ledige hyblar skal tildelast førstesemester-studentar, mot berre 50 % av familiebustadane. Er det uttrykk for ein teori om at einslege førstesemesterstudentar har større behov for studentbustad enn familiar? Ein mogleg negativ effekt for einslege forsytarar talar for at kvoteandelane i større grad er basert på søkeratal enn normative haldningars, d.v.s. at få førstesemesterstudentar søker om familiebustad. Innanfor det gamle kvotesystemet vart familiebustader i tillegg tildelt etter talet på barn. I dag er talet på barn irrelevant, medan einslege forsytarar blir prioriterte. Begge kriteria kan tolkast som uttrykk for eit behovsprinsipp der familievelferd er i fokus.

Kvotesystemet er fjerna i det nye reglementet til Studentboligene. No blir søknader prioriterte etter søknadsdato (nytt tildelingsreglement § 4.1 og 4.2). Teknikken kan forsvaraast på fleire måtar, men har inga klar kopling til nokon av dei normative prinsippa i Lorentzen sin terminologi. Ein kan rett nok tenkja seg at søkerarar som har stått lenge på venteliste *fortener* å bli prioriterte p.g.a. tida dei har brukt på å venta, sjølv om innsatsen som blir kravd ikkje er særskild stor. Søkerarar må fornya søknaden sin kvar 50. dag for framleis å stå på venteliste (<http://www.sio.no/boliger>: Søk bolig). Om nokon framleis ønskjer å stå på venteliste etter 50 dagar, kan det også tolkast som ein indikasjon på at vedkomande har stort behov for ein studentbustad.

Studentboligene gir i dag prioritert rett til nyinflytta studentar som startar studiet ved ein av lærestadene tilknytta SiO (nytt tildelingsreglement § 3.1). Den sterke prioriteringa av nyinnflyttarar fanst ikkje i eldre regelverk. Også her kan kriteriet bli kopla til behov og eventuelt velferdsgevinst. Omsyn til sosial velferd, og at ein reknar med mindre kjennskap til bustadmarknaden i Oslo, kan liggja bak. Det er likevel berre studentar under 22 år som er omfatta av prioriteringsregelen. Regelen kan derfor bli tolka som uttrykk for eit ønskje om å møta særskilde behov hjå nye studentar som flyttar heimefrå for første gong. I det nye regelverket til Studentboligene blir også internasjonale studentar trekte fram som ei prioritert gruppe (*ibid.*:§ 3.2). Også denne endringa gir uttrykk for at SiO i sterkare grad vil prioritera grupper dei reknar med har eit særskild behov for studentbustader. Det er nærliggjande å vurdera situasjonen for utanlandske studentar som særskild vanskeleg ved start av studium i Norge.

Prioriteringa av internasjonale studentar og unge nyinflytta førstesemesterstudentar gjeld likevel berre søknader til hyblar. Unge nyinflytta par med barn må dermed konkurrera på lik line med andre barnefamiliar.

### **6.3 Prioritering på særskild grunnlag**

For Studentbarnehagene er det ingen endringar i fordelingskriterium i sakene som omhandlar prioritering på særskild grunnlag. Det blir oppgitt tre kriterium som kvar for seg kvalifiserer for opptak på særskild grunnlag (eldre vedtekter § 4.3, nye vedtekter § 4) Formuleringa, *"barn med funksjonshemmning som kan ha nytte av opphold i vanlig barnehage"*, gir normative haldepunkt. Funksjonshemmning som kriterium set fokus på noverande velferdsnivå, og bør derfor bli forstått som uttrykk for eit behovsprinsipp. Ei funksjonshemmning kan dermed bli sett på som ein klar indikasjon om at ein har særskilde behov. Samtidig er det eit tilleggskriterium at barnet kan tenkjast å ha nytte av opphold i vanleg barnehage. I så fall kan ikkje kriteriet tolkast ut i frå eit reint behovsprinsipp, men også prinsipp om velferdsgevinst. Bruken av tilleggskriteriet kan føra til annleis fordelingar, om nyttekriteriet blir tolka strengt.

Om kravet er at barnet må reknast å ha *positiv nytte* av barnehageplass, i form av utviklingspotensiale, kan til dømes multihandikappa barn ha problem med å nå opp.

Også dei to særskilde kriteria som involverer barnevern, kan tolkast som uttrykk for både behovsprinsipp og prinsipp om velferdsgevinst. Barnevernsbarn kan ha særskild behov for barnehageplass p.g.a. noverande velferdsnivå. Men i kriteriet som omhandlar barnehageplass som verkemiddel i førebyggjande barnevern (ibid.), er ein implisitt oppteken av den framtidige nytte barnet vil kunna ha av opphold i barnehage.

Kriteria i Studentboligene sine særskilde saker gir meir eintydige uttrykk for behovsprinsipp, med vekt på noverande velferdsnivå. Dei eldre fordelingsreglane (§ 5.1) etterspør fysisk/psykisk helse eller sosiale tilhøve. Det blir slått fast at det må vera ein openberr fordel for søkeren å få tildelt husvære i studentsamskipnaden (i staden for hjå andre bustadtilbydarar), eller at søkeren må vera særskild vanskelegstilt på den private marknaden. I Studentboligene sine nye fordelingsreglar er tilleggskriteria fjerna og erstatta med krav om tilrådingar frå offentleg helseinstitusjon om medisinske og sosiale behov (nytt tildelingsreglement § 3.3).

## **6.4 Oppsummering**

Problemstilling nr. 2 var kva for normative prinsipp fordelingsreglane uttrykkjer.

Tabell 6.1 gir oversikt over prinsipp som kan lesast ut av regelverka.

**Tabell 6.1: Oversikt over prinsipp i Studentbarnehagene og Studentboligene**

	Studentbarnehagene	Studentboligene
Terskel	<i>Før/No: Samfunnseffektivitet</i>	<i>Før: Samfunnseffektivitet, behov (aldersgrense)</i> <i>No: Samfunnseffektivitet</i>
Ordinær køavvikling	<i>Før/no:</i> <i>Prioriterte grupper: Behov</i> <i>(evt. også velferdsgevinst)</i> <i>Poengsystem:</i> <i>Forteneste/samfunnseffektivitet og behov (relativ prioritet til einslege forsytarar)</i>	<i>Før:</i> <i>Poeng- og kvotesystem: Behov, forteneste, samfunnseffektivitet</i> <i>No:</i> <i>Prioriterte grupper: Behov</i> <i>(evt. også velferdsgevinst)</i> <i>Søknadsdato: Teknikk med uklar kopling til prinsipp, evt. behov/forteneste.</i>
Særskild køavvikling	<i>Før/no: Behov og velferdsgevinst</i>	<i>Før/No: Behov</i>

Afgangskriteria i Studentbarnehagene og Studentboligene er svært like, og har ikkje blitt endra i stor grad. Afgangskriteria kan best bli forstått ut frå ønske om

samfunnseffektivitet. Det er berre reelle SiO-studentar, som ein reknar med tek sikte på fullført studium og seinare arbeidsliv, som skal få tilgang til goda.

Prioriteringsreglane uttrykkjer visse skilnader mellom Studentbarnehagene og Studentboligene med omsyn til normative prinsipp, noko som er i strid med forventningane mine. Studentboligene har gjennomgått store endringar, og legg i dag større vekt på velferd, behov og evt. velferdsgevinst enn tidlegare, ved at unge nyinnflytta studentar utan studieansiennitet og internasjonale studentar blir gitt førerang (nytt tildelingsreglement § 3.1). For Studentbarnehagene er det små endringar i kva for prinsipp som kan lesast ut av regelverket. Her blir det framleis uttrykt prinsipp om forteneste eller samfunnseffektivitet ved bruk av studieansiennitet som kriterium, men med innslag av behovsfokus i prioriteringa av nyinnflytta einslege forsytarar. Studentbarnehagene sine reglar er derfor meir i samsvar med mine forventningar om kombinasjon av samfunnseffektivitet og velferd. Om ein fokuserer på prinsipp, kan ein seia at dei to institusjonane sine regelverk har blitt meir ulike som følgje av revideringa, noko som stirr mot mine forventingar om at endringane skulle gå i same retning. Begge institusjonane vektlegg likevel behov i dei særskilde sakene. Eit skilje er likevel at Studentbarnehagene eksplisitt spør etter nytte av fordelingane i dei særskilde sakene.

Spørsmålet er korleis ein best kan forstå ulikskapen mellom dei to institusjonane når det gjeld kva for prinsipp som blir uttrykte i regelverket. Kan dei knyttast til ulike prinsippielle haldningars til goda hjå regelutformarane, eller har praktisk-administrative omsyn fått ulike konsekvensar for reglane, og ført til at reglane i skriftleg form er eit resultat av vriding bort frå dei prinsippielle haldningane? For å kasta lys over skilnadane i uttrykte prinsipp og praktiske kriterium og teknikkar, vil eg presentera empiri om sjølve prosessane rundt revideringa hausten 2005. Her vil eg sjå på kva for aktørar som deltok, og kva for argument og synspunkt som kom fram. Samstundes vil eg bruka informasjon om Studentbarnehagene og Studentboligene, samt SiO, som presentert i kap. 4, for å seia noko om høva mellom prinsippa, og høvet mellom prinsipp og praktisk-administrative omsyn som bakgrunn for regelverka.

## **7.0 Revideringsprosess – Aktørar og synspunkt**

I dette kapitlet vil eg setja søkjelyset på sjølve prosessane rundt regelendringane som blei gjort hausten 2005. Omgrepet *prosess* er her ikkje først og framst ei kronologisk rekke av hendingar som til slutt førte fram til endeleg vedtak. Mi tilnærming til prosess blir meir fokusert, der siktet er å svara på følgjande delproblemstilling:

*Kva motiverte revideringa av fordelingsreglane?*

Eg vil presentera empiri frå revideringsprosessane for å finna ut kva for tema som var framme, kva for aktørar som deltok, og kva for synspunkt dei hadde. Både regelutøvarar, regelutformarar og aktørar i omgivnadane er representerte.

Føremålet med kapitlet er å få eit empirisk innblikk i ulike omsyn bak endringane som vart gjort. Kapitlet er inndelt i tre delar, 7.1 ser på Studentbarnehagene, 7.2 fokuserer på Studentboligene. I delkapittel 7.3 vil eg så samanfatta og kategorisera dei empiriske funna i høve til ulike motiv: endring i prinsipp, praktisk-administrative omsyn eller betring av treffsikkerhet. Det interessante er at dei to institusjonane gjekk til dels ulike vegar ved revideringa av fordelingsreglane hausten 2005, trass i at regelutformarane var dei same.

### **7.1 Studentbarnehagene**

Fordelingsreglane for Studentbarnehagene blir med jamne mellomrom tekne opp til revisjon (Winther 2006:intervju). Velferdstinget, det studentdemokratiske organet knytta til SiO, slo fast i sitt arbeidsprogram for 2005 at dei ville ta ein gjennomgang av fordelingsreglane for Studentbarnehagene i løpet av året. Måla var både å få eit reglement som tydeleggjer dei ønskte prioriteringane, og at formuleringane passa til det nye gradssystemet med bachelor- og mastergrad (ibid, Velferdstinget 2005a).

Dei sakene som først og framst blei tekne opp i revideringsprosessen, var baserte på problemstillingar Uttakskomiteén møtte i praktiseringa av det tidlegare regelverket (Sten 2006a:intervju, Winther 2006:intervju). Ei av sakene var spørsmålet om kva for tidlegare studium som skulle telja med i utrekninga av studieansiennitet i poengsystemet som avgjorde plassen på ventelista, der Uttakskomiteén ønskte å

eliminera skjønnsinnslaget ved vurderingar av tidlegare studium sin relevans (Sten 2005). Den andre viktige saka handla om kva for prioritet som skulle bli gitt til einslege forsytarar, m.o.t kvoten på fem plassar til desse søkerane (ibid).

Dei viktigaste aktørane i regelutformingsprosessen var Uttakskomiteén, som var regelutøvar og dermed kom med innspel baserte på erfaringar med regelverket, Velferdstinget som gav si formelle innstilling og Hovedstyret i SiO, som vedtok det nye reglementet (jf. kap. 4: Presentasjon av kasus). Barnehagelova (LOV 2005-06-17-64) legg visse føringar på prioriteringsreglane. For å få eit oversyn over vurderingar av tidlegare praksis som utgangspunkt for revideringsprosessen, vel eg å byrja med framstillinga av dei enkelte organa sine synspunkt på sakshandsamarnivå, representert ved Uttakskomiteén, før eg ser på regelutformarane, Velferdstinget og Hovedstyret i SiO, samt aktørar i SiO sine omgivnader.

### **7.1.1 Uttakskomiteén**

Den tidlegare Uttakskomiteén for Studentbarnehagene var samansett av (eldre vedtekter § 4):

- Medlemer utnemnde av Studentparlamentet
- Ein medlem frå Studentbarnehagene sin administrasjon
- Barnehagekonsulent som Uttakskomiteén sin sekretær

Uttakskomiteén er m.a.o. ei lita gruppe med representantar for ulike aktørar. Det som gjorde Uttakskomiteén til ein eigen aktør i høve til arbeidet med fordelingsreglar, var rolla som *regelutøvar*. Uttakskomiteén si oppgåve var å handsama søknader og å tildela barnehageplassar i høve til vedtekten (ibid). Dei var aktive overfor Velferdstinget med innspel, for å gjera studentpolitikarane merksame på problem i praktiseringa av reglane, og å føreslå moglege løysingar på desse (Sten:2005).

Poengsystemet, som er hovudregelen for prioritering i ordinære saker, var ei av sakene Uttakskomiteén tok opp (ibid.). Problemets, slik Uttakskomiteén ser det, er praksisen der poeng kan bli gitt dersom tidlegare studium utanfor SiO har relevans for noverande SiO-studium. I følgje Sten (ibid.) opnar ordninga for stor grad av skjønn ved vurderingar av tidlegare studium sin relevans. Skjønnsbruken blir skildra som

problematisk, og det blir vist til at fleire foreldre har følt seg forskjellshandsama p.g.a. vanskar med likebehandling ved uklare formuleringar. Uttakskomitéen ønskjer likevel å halda på studieansiennitet som kriterium, og skisserer tre alternativ til det eksisterande poengsystemet. Alternativ 1 er å gi poeng berre for tidlegare studium ved SiO-lærestader. Alternativ 2 er å skilja mellom SiO-lærestader og andre lærestader ved å gi studium ved dei førstnemnde høgast utteljing i form av poeng, til dømes 5 poeng for kvart semester ved SiO-lærestader, og 3 eller 4 for kvart semester frå andre lærestader i Norge dersom desse er godkjende av Universitets- og Høyskolerådet, eller tilsvarande i utlandet (ibid.). Alternativ 3 er å gi like mange poeng for all høgare utdanning. Uttakskomitéen vil anbefala den differansierte løysinga for å:

*” ...fange opp de som faktisk har studert mye, men samtidig holde(r) på prinsippet om at SiO-studier er mer verdt. ”* (Sten 2005)

Det siste alternativet, å gi like mange poeng for tidlegare studier ubunde av studiestad, blir frårådd fordi det vil føra til mange søkerar med høge poengsummar, noko som vil gjera det vanskeleg for nye studentar å søkja (ibid.).

Det andre hovudproblemet som Uttakskomitéen tek opp i si fråsegn til Velferdstinget (ibid.), er kvoten på fem barnehageplassar for einslege forsytarar utan studieansiennitet. Problemet er at det tidvis har vore for mange kvalifiserte søkerar til kvoten. Dei som ikkje fekk ein av dei fem kvoteplassane, nådde ikkje opp i det ordinære poengsystemet (ibid), og det vart opplevd som vanskeleg å velja ut fem blant dei kvalifiserte søkerane (Sten 2006a:intervju). Også her blir tre alternativ til status quo skissert (Sten 2005). Alternativ 1 er å auka kvoten til 10-20 plassar. Alternativ 2 er innføring av generell garantiordning for einslege forsytarar utan studiepoeng. Alternativ 3 er ei moderert garantiordning, der det i tillegg blir kravd at søkeren ikkje kjem frå Oslo eller omland. Uttakskomitéen gir ingen synspunkt på dei ulike alternativa i notatet, p.g.a. usemje mellom studentrepresentantane i Uttakskomitéen og administrasjonen i Studentbarnehagene (Sten 2006a:intervju). Administrasjonen i

Studentbarnehagene frykta at ei generell garantiordning, alternativ 2, og kanskje også 3, ville føra til at søknader frå einslege studentar ville ”ta heilt av”(ibid.).

### **7.1.2 Velferdstinget**

I saksførebuinga til Velferdstinget legg SiO-komiteén<sup>17</sup> vekt på ønsket om å gi einslege forsytarar utan studieansiennitet prioritet, og gjer framlegg om å fjerna kvoteordninga til fordel for ei generell prioritering av einslege forsytarar med bustadregistrert adressse utanfor Oslo-regionen (møtereferat, SiO-komiteén 2005, Gjengaar 2005b). Framlegget blir grunngitt med at kvoten er for liten i høve til talet på kvalifiserte søkerar, og at einslege forsytarar utanbysfrå truleg har større problem enn andre med å få barnehageplass i Oslo (Gjengaar:2005b). SiO-komiteén viser også til målet om lik rett til utdanning (ibid.), og derfor implisitt at nyinnflytta einslege forsytarar kan vera meir avhengige av velferdstenester enn andre for å kunne ta utdanning.

SiO-komiteén ønsker å halda på studieansiennitet som hovudkriterium for ordinær køavvikling (møtereferat, SiO-komiteén 2005), sjølv om behov blir framstilt som det viktigaste prinsippet for regelutformarane (Gjengaar 2005b, Sten 2006a:intervju, Winther 2006:intervju). Eit av argumenta er at det kjem inn mange søknader på same tid i samband med hovudinntaka, og at ein derfor har behov for eit kriterium som kan brukast til å prioritera (Sten 2006a:intervju). Positive tilbakemeldingar frå søkerar om studieansiennitet som kriterium, blir tekne som teikn på at kriteriet er OK. Også søkerar som har fått avslag, har gitt uttrykk for at dei føler seg rettvist handsama, og skjørnar kvifor dei ikkje når opp (ibid.). Behovsomsyn er tekne ved at nyinnflytta einslege forsytarar blir prioriterte. Om fleire skulle bli prioriterte p.g.a behov, ville det bli press på andre grupper som også kunne ha behov (ibid.).

Det er gjort framlegg om at poengsystemet basert på studieansiennitet blir revidert noko, sjølv om komiteén ønsker å halda på kriteriet om studieansiennitet (møtereferat, SiO-komiteén 2005, Gjengaar:2005b). SiO-komiteén vil, etter framlegg frå

---

<sup>17</sup> SiO-komiteén i Velferdstinget førebur saker som handlar om SiO sin politikk ([URL:<http://www.studentvelferd.no>](http://www.studentvelferd.no): Tillitsvalde).

Uttakskomiteén, at også tidlegare studium utanom SiO-lærestader skal gi utteljing i poengsystem, men SiO-studium skal telja meir. Dei går inn for Uttakskomiteén sitt forslag om ei differensiering på høvesvis 5 og 3 poeng pr. semester (ibid). Føremålet med revideringa er å gjera det enklare å søkja, samt å fjerna mogleikane for ”synsing” i Uttakskomiteén (ibid.).

Revideringa av Studentbarnehagene sine vedtekter blei diskutert og stemt over i plenum i Velferdstinget (møtereferatet, Velferdstinget 2005). Sju framlegg til endringar blei fremja før heilskapen blei vedteken, to mindre endringar blei vedtekne. Visse av endringsforslaga som fall, var likevel interessante ut frå mitt teoretiske perspektiv.

Ein representant frå Venstrealliansen fremja følgjande framlegg:

*”Det gis 20 tilleggsspoeng til studenter som kan dokumentere at de hadde inntekt så lav at de kvalifiserte til laveste takst i forrige ligningsperiode.”* (møtereferatet, Velferdstinget 2005).

Her blir det gjort framlegg om å innføra eit nytt kriterium i høve til dei eldre vedtekten: inntekt. Det er likevel berre snakk om relativ prioritet til låginntektsgrupper innanfor det eksisterande poengsystemet basert på studieansiennitet. Framlegget fekk ikkje fleirtal i Velferdstinget (møtereferatet 2005). Døme på argument mot økonomiske kriterium som prioriteringsgrunnlag er vanskar med å rekna ut studentar sin økonomi (Først etter opptak blir personleg økonomi lagt til grunn for å avgjera foreldrebetaling i barnehagane (Sten 2006a:intervju)), i tillegg til negative verknader som det å ramma studentar som vel å arbeida ved sida av studiene, eller studentar som har arva gard (Gjengaar 2006b:personleg korrespondanse).

Gjengaar fastslår også at:

*”Det er ikke SiO eller Velferdstingets oppgave å drive økonomisk utjevning.”*

(Gjengaar 2006b:personleg korrespondanse)

Familietilhøve eller geografisk bakgrunn blir sett på som viktigare kriterium (ibid.).

Ein annan representant for Venstrealliansen i Velferdstinget ønskte seg enda sterkare prioritering av einslege forsytarar enn det SiO-komiteén gjorde framlegg om, ved at desse skulle prioriterast framfor alle andre, ubunde av bustadregistrert adresse og studieansiennitet (møtereferatet, Velferdstinget 2005). Også dette vart nedstemt (ibid.). I all hovudsak gjekk Velferdstinget i plenum inn for framlegget frå SiO-komiteén i innstillinga si til Hovedstyret i SiO (ibid.).

### **7.1.3 Hovedstyret i SiO**

Hovedstyret gjorde visse endringar i høve til Velferdstinget si innstilling (Winther 2006:intervju). Den viktigaste var at favoriseringa av tidlegare SiO-studium i utrekning av studieansiennitet vart fjerna, m.a. fordi ei slik prioritering vart sett på som mindre viktig enn andre prioriteringar (ibid.). Hovedstyret ville at alle godkjende høgare studium skulle telja likt.

### **7.1.4 Andre aktørar**

Eg vil sjå på kva for aktørar i SiO sin omgivnad som kom med innspel i samband med revideringsprosessen knytta til Studentbarnehagene sine fordelingsreglar hausten 2005.

Bortsett frå at individuelle tilbakemeldingar til Uttakskomiteén om tidlegare prioriteteringspraksis var viktige premissar for prosessen, var det ingen innspel frå søkergrupper i samband med revideringsprosessen (Sten 2006a:intervju, Winther 2006:intervju). Lærestadene tilknytta SiO har heller ikkje vore involverte i høve til Studentbarnehagene sine reglar (Sten 2006a:intervju, Winther 2006:intervju). Den same mangel på innspel finn ein i studentavisa Universitas ([URL:http://www.universitas.no](http://www.universitas.no)). Visse artiklar dei siste par åra set fokus på Studentbarnehagene, med tema som prisar (t.d.:Wong og De Rosa) eller mangel på barnehageplassar (t.d.: Dameshmand 2006), men ikkje problemstillingar knytte til vedtekten eller prioriteteringspraksis.

Ein openberr premissleverandør er Barnehagelova (LOV-2005-06-17-64), som Studentbarnehagene er underlagd. § 13 i lova gir pålegg om visse prioriteringsreglar. Barn med nedsett funksjonsevne og barn med barnevernsvedtak skal prioriterast. Sakkunnige skal vurdera funksjonsevna i høve til § 13, første ledd. Den nye barnehagelova vart vedteken før revideringa av vedtekten i Studentbarnehagene hausten 2005, men tok først til å gjelda frå 01.01.06. Omgrepet *barn med nedsett funksjonsevne* erstatta det tidlegare brukte omgrepet *barn med funksjonshemming* (ot.prp. nr. 72 (2004-1005)). I følgje det dåverande Barne- og familidepartementet (*ibid.*) var det i større grad ei omgrepsmessig endring som følgje av endra syn på handikappa, enn ei endring som førte til nye kriterium. Tidlegare kravde barnehagelova i tillegg at funksjonshemma barn berre skulle få prioritering dersom ein kunne rekna med at dei ville få nytte av barnehageplass (*ibid.*). Det dåverande Barne- og familidepartementet gjorde framlegg om å fjerne tilleggskriteriet fordi dei meinte det var overflødig. Ein gjekk ut frå at barnehagar generelt er bra for alle barn. I tillegg var det foreldre/føresette som avgjorde om barna hadde nytte av barnehage, og ein rekna med at dei neppe ville søkja om plass dersom dei ikkje meinte at det var til nytte for barnet (*ibid.*).

## **7.2 Studentboligene**

I likskap med Studentbarnehagene sine vedtekter, blir også Studentboligene sitt tildelingsreglement teke opp til vurderingar med jamne mellomrom (Winther 2006: intervju). Revidering av fordelingsreglane til Studentboligene var eit punkt på arbeidsprogrammet til Velferdstinget for 2005. Hovudønskjet til Velferdstinget var å sikra prioritering av unge, nyinnflytta førstesemesterstudentar, internasjonale studentar, og leidgetakrar ved fornying av kontrakt eller søknad om overflytting (Gjengaar:2005a) Også administrasjonen i Studentboligene ønskte seg endringar som følgje av praktiske erfaringar (Nystad 2005). Deira mål var å forenkla reglementet av omsyn til søkerar og effektivitet i administrasjonen (*ibid.*).

Både prioriteringsspørsmål og praktiske spørsmål var derfor i fokus. Det komplekse kvote- og poengsystemet i det eldre tildelingsreglementet vart eit viktig tema i prosessen.

Dei viktigaste aktørane i revideringssprosessen var stort sett dei same som for Studentbarnehagene, Velferdstinget med si saksførebuing og innstilling, og Hovedstyret med sitt endelege vedtak (jf. kap. 4: Presentasjon av kasus). Studentrepresentantane i Kontrollkomitéen for Studentboligene hadde, som regelutøvarar, ingen eigen funksjon i regelendringa, utover at medlemmene også var representantar i Velferdstinget (Sten 2006a, intervju). Boligavdelinga i Studentboligene deltok derimot som regelutøvar i revideringsprosessen, gjennom ei såkalla samarbeidsgruppe, samansett av to representantar frå SiO-komitéen i Velferdstinget, og bustadsjef og utleigesjef i Boligavdelinga. Føremålet var å avdekkja problem og manglar ved det eksisterande regelverket, og å gjera framlegg om løysingar på desse, hausten 2005 (Gjengaar 2006a:personleg korrespondanse). Blant aktørar i omgivnadene står lærestadene i ei særstilling overfor Studentboligene (Winther 2006:intervju).

Eg vil starta med å presentera regelutøvarane, d.v.s Boligavdelinga, sine synspunkt, før eg ser på regelutformarar og aktørar i omgivnadene.

### **7.2.1 Boligavdelinga**

Det er Boligavdelinga som administrerer fordelinga av studentbustader, og dei er såleis å rekna som regelutøvarar. Boligavdelinga har klare målsetjingar i høve til arbeidet i ”samarbeidsgruppa” i notatet som vart sendt til Studentboligene si leiargruppe (Nystad 2005). Målsetjingane var tredelte: å ivareta omsynet til søkeren, omsynet til ressurssparing i administrasjonen, og målet om høgt belegg gjennom heile året. Endringane Boligavdelinga konkret ønskjer seg, er å fjerna poeng- og kvotesystemet basert på studieansiennitet, til fordel for søknadsdato som kriterium for ordinær køavvikling, samt å opna for fordeling av bustader til andre enn målgruppa ved tomgang (ibid.). Grunngjevingane bak endringsframlegga er fleire. For det første blir det peika på at eit forenkla regelverk er lettare å kommunisera med søkeren, og tilbakemelding på søknader kan bli gitt raskare (ibid.). Samstundes skaper det større tryggleik for søkerane at Studentboligene som følgje av regelendringa kan operera

med ventelister (ibid.). Med nytt regelverk får søkeren eit nummer på lista og kan berre flytta seg oppover på lista, og ikkje bli forbigått slik det er i dag (ibid.).

Fjerning av poeng- og kvotesystem til fordel for søknadsdato som prioriteringsgrunnlag, blir også argumentert for ved å visa til effektiviseringsgevinstar for administrasjonen, som følgje av forenkla regelverk (Nystad 2005).

Boligavdelinga meiner i tillegg at belegget for Studentboligene kan betrast ved å opna for fordeling til søkerar som ikkje fyller adgangskriteria ved tomtgang. Dei forventar seg også høgare belegg som indirekte konsekvens av eit forenkla regelverk. Ein reknar med at større tryggleik for søkeren vil føra til at færre takkar nei til bustadtildelning rett før semesterstart (ibid.).

### **7.2.2 Velferdstinget**

Forslaget som SiO-komiteén sende til Velferdstinget i plenum, kom etter dialog med andre aktørar (Gjengaar 2005a), m.a. Boligavdelinga gjennom den såkalla ”samarbeidsgruppa”. Rollene i samarbeidsgruppa var delte. Dei politiske premissane vart lagde av SiO-komiteén, medan representantane frå Boligavdelinga kom med erfaringar og synspunkt frå praktisering av reglementet (Gjengaar 2006b:personleg korrespondanse). Den viktigaste endringa, i følgje SiO-komiteén, er framlegget om å fjerne kriteriet om studieansiennitet, til fordel for prioriterte grupper. Grunngjevinga er som følgjer:

*”Studentboliger er et knapphetsgode, og bør dermed tilfalle de som behøver dem mest.”*(Gjengaar 2005a).

Det er SiO-komiteén sitt syn at studentar med høg studieansiennitet vil ha mindre problem på bustadmarknaden enn yngre førstesemesterstudentar. Derfor meiner komiteén at studentar med høg studieansiennitet ikkje lenger bør prioriterast til studentbustader (ibid.). SiO-komiteén (møtereferatet 2005) har kome fram til tre grupper som dei meiner vil ha ha størst behov for studentbustad:

- Førstesemesterstudentar under 22 år med bustadregistrert adresse utanfor Oslo/Akershus.
- Internasjonale studentar.
- Studentar med funksjonsnedsetjingar og behov for tilrettelagt bustad.

I tillegg skal leigetakarar bli prioriterte ved fornying av kontrakt og intern overflytting (*ibid.*). SiO-komiteén støttar Boligavdelinga sitt framlegg om søknadsdato som prioriteringsregel, av omsyn til tryggleik for søkeren (Gjengaar 2005a).

Den tidlegare øvre aldersgrensa på 34 år var særleg omdiskutert i SiO-komiteén<sup>18</sup> (Heinert 2006a:intervju). Framlegg om å fjerne kriteriet vart vedteke med knappast mogleg fleirtal, ved at leiaren i SiO-komiteén avgjorde med sin dobbeltstemme (*ibid.*). Hovudargumentet for å halda på den øvre aldersgrensa var at aldersskilnader tidlegare har skapt sosiale problem i studentbyane, og har ført til mange klager på eldre studentar si atferd (*ibid.*). I tidlegare diskusjonar om temaet er den øvre aldersgrensa også blitt forsvar med eit ønskje om å prioritera unge fordi eldre studentar som regel har betre mogleikar på den private bustadmarknaden (Engh 2003). Motargumentet, som vann fram hausten 2005, var at det ikkje var føremålstenleg at ei gruppe SiO-studentar blir nekta å flytta inn, samstundes som fleire studentbustader står tomme (Heinert 2006a:intervju).

Det er gjort framlegg om å endra formuleringane i dei særskilde sakene. Kravet om at det må vera ein openberr fordel for søkeren å få studentbustad, eller at søkeren må vera særleg vanskelegstilt på bustadmarknaden, er fjerna. Grunngjevinga er at desse kriteria er uklare, og at det gir for mykje rom for tolking (Sten 2006a:intervju). I tillegg frykta ein at kriteria skulle opna for prioritering av sosialklientar, medan målgruppa er studentar.

Det kom 16 endringsframlegg i plenumshandsaminga av saka i Velferdstinget, fire av dei blei vedtekne (møtereferatet, Velferdstinget 2005). To framlegg kan nemnast her.

---

<sup>18</sup> Spørsmålet om øvre aldersgrense har også blitt teke opp på ny i Velferdstinget våren 2006 (Heinert 2006a:intervju).

Ein representant frå Venstrealliansen gjorde framlegg om å innføra privat økonomi som prioriteringsgrunnlag i Studentboligene, m.a. med å visa til problem på den private bustadmarknaden. Som i Studentbarnehagene vart det likevel ikkje fleirtal for kriteriet om privat økonomi (ibid.). Ein annan representant frå Venstrealliansen kom med framlegg om ein ny paragraf som gav fordelingsmyndigheten i Studentboligene adgang til å bruka skjønn generelt i prioriteringssaker. Også dette framlegget blei avvist (ibid.).

Eit framlegg som gjekk igjennom, var ønskjet om å prioritera einslege forsytarar ved fordeling av familiebustader, i staden for prioritering etter talet på barn (ibid.).

### **7.2.3 Hovedstyret i SiO**

Hovedstyret gjorde svært få eigne endringar i fordelingsreglane til Studentboligene. Velferdstinget si innstilling gjekk nærest uendra gjennom i Hovedstyret sitt vedtak (Winther 2006:intervju).

### **7.2.4 Andre aktørar**

Søkjargrupper kom ikkje med innspel om ønskte prioriteringar under revideringsprosessen, men individuelle tilbakemeldingar og klager over tidlegare prioriterspraksis overfor sakshandsamarane var, som me har sett, viktige for revideringa (Sten 2006a:intervju, Winther 2006:intervju).

Lærestadene tilknytta SiO, først og framst Universitetet i Oslo, har hatt synspunkt på kven som bør prioriterast ved fordeling av studentbustader. Rett nok var dei ikkje blant dei aktive aktørane i revideringsprosessen hausten 2005, men det var opphavleg Universitetet i Oslo sin idé at unge nyinnflytta førstesemesterstudentar og internasjonale studentar skulle bli prioriterte (Sundnes 2000, Universitetet i Oslo 2003) Universitetet i Oslo vende seg i 2000 til den tidlegare Boligdivisjonen i SiO, med ønske om ein garanti for desse gruppene, og fekk klarsignal av Studentparlamentet (Sundnes 2000). Avtalen innebar at Universitetet betalte for at SiO kunne fristilla nok hyblar til desse gruppene ved semesterstart (ibid.). Argumentet frå Universitetet si side er å sikra rekrutteringa, og viser m.a. til stort fråfall blant nye studentar p.g.a.

bustadsituasjonen (Sundnes 2000), og seinare til ei undersøkjing som slår fast at utdanningssøkjarar har negative bilete av mogleikane til å få seg studentbustad (Universitetet i Oslo 2001:49). Ein viser og til verdet av bustadtilbod for å skapa eit internasjonalt miljø (Universitet i Oslo:2003). SiO meinte framleggget var i samsvar med eigne målsetjingar (Winther 2006:intervju).

Praksisen er derfor ikkje endra, men er no nedfelt i reglementet. Studentpolitikarane ønskte å regelfesta prioriteringa av omsyn til kontinuitet (Sten 2006a:intervju). Universitet i Oslo (og BI) betaler likevel framleis for fristilling av hyblar ved semesterstart (Eggerud<sup>19</sup> 2006). Etter regelfestinga gjeld prioriteringsreglane også utanfor semesterstart (ibid). Dei siste åra har relativt mange ledige husvære ved semesterstart blitt tildelte gjennom garantiordninga (Winther 2006:interjvu), til dømes over 1000 husvære vårsemesteret 2006 (Eggerud 2006).

Universitas var ikkje involvert i prosessen rundt revideringa av Studentboligene sine fordelingsreglar hausten 2005. Avtalen, som vart inngått i 2000 mellom Universitetet i Oslo og SiO, er likevel omtala (Sundnes 2000). Ein kronikk er svært skeptisk til ordninga av omsyn til eldre studentar, og därleg ressursutnytting i samband med fristilling av hyblar (Kvåle 2000). Seinare er det også blitt kritisert at dei prioriterte gruppene berre er garanterte studentbustad dersom dei søker ved hovudopptaka, d.v.s. i starten på kvart semester, og ikkje ved søkjing elles i året (Universitas 2002).

Universitas har også tidlegare teke opp problemstillingar knytte til den øvre aldersgrensa på 34 år, som vart fjerna ved revideringa hausten 2005. Her blir og andre spørsmål i samband med aldersskilnad tekne opp, og det går fram at studentpolitikarar har gjort framlegg om å oppretta ein eigen gang på studentbyane, reservert for eldre studentar (Førde 2004 ). Universitas framstiller dessutan situasjonen med ledige hyblar sett i høve til eldre studentar som ønskjer studentbolig, som eit paradoks (Engh 2003)

Av andre relevante aktørar i revideringsprosessen kan det nemnast at *Norsk Studentunion* for nokre år sidan kom med innspel om den øvre aldersgrensa på 34 år,

---

<sup>19</sup> Eggerud er boligsjef i Boligavdelinga.

som det eldre regelverket opererte med. Deira syn var at det ikkje var naudsynt å ekskludera eldre for å kunna prioritera yngre, slik det dåverande Studentparlamentet hadde ønskt (Engh 2003).

### **7.3 Oppsummering og konklusjon**

Problemstilling nr. 3 var kva som motiverte revideringa av fordelingsreglane. Her vil eg plassera empirien inn i typologien min for hovudmotiv for endring (jf.s. 22): prinsippending, praktisk-administrative omsyn, eller tilpassingar for å betra treffsikkerheten. Dei viktigaste regelendringane i Studentbarnehagene var fjerning av SiO-favorisering i utrekning av studieansiennitet, og fjerning av kvoten for einslege forsytarar utan studieansiennitet til fordel for generell prioritering av einslege forsytarar utan studieansiennitet med bustadregistrert adresse utanfor Oslo-regionen<sup>20</sup>.

Innføring av likestilling mellom alle studium på høgare nivå, hadde bakgrunn i negative erfaringar med skjønnsbruk. Argumentasjonen frå uttakskomiteén (Sten 2005), som viser til at søkerar har følt seg forskjellshandsama, kan bli forstått ut frå eit praktisk-administrativt omsyn, nærmere bestemt omsynet til tilgjenge for søkeren. Omgrepet ”forskjellshandsaming” kan samstundes vera uttrykk for at regelutøvarane frykta at sakshandsaminga blei vilkårleg. Løysinga har vore å ikkje skilja mellom studium, og dermed gå bort frå favorisering av langvarig tilknyting til organisasjonen. Omsynet til organisasjonen er ivareteke gjennom adgangskriterium.

Styrka prioritering av einslege forsytarar utan studieansiennitet er ikkje først og framst eit uttrykk for endra prinsipp. Styrka behovsfokusering er ikkje i sentrum, men ulike aktørar uttrykkjer uro for at kvoten er så liten i høve til kvalifiserte søkerar (Gjengaar 2005b, Sten 2005). Målet med revideringa var å prioritera einslege forsytarar ubunde av kor mange dei er, for dermed å sikra treffsikkerheten. Endringa er meir ei justering som følgje av søkeratal.

Det nye tilleggskriteriet for einslege forsytarar om bustadregistrert adresse utanfor

---

<sup>20</sup> Dei organisasjonelle endringane vil ikkje bli tekne opp her, ettersom fokuset er på fordelingsreglane, i tydninga skriftlege tilvisingar på kva som skal vektleggjast ved fordeling av ulike gode.

Oslo-regionen vitnar om eit nytt syn på kven som har størst behov for barnehageplass. Kriteriet har truleg sin bakgrunn i diffusjon frå Universitetet sitt framlegg til Studentboligene. Eit ekstra kriterium kan og ha vore eit forhandlingskort ved fjerning av kvoten, når ein tek omsyn til knappheten på godet. Tabell 7.1 oppsummerer viktige endringar og motiv i Studentbarnehagene

**Tabell 7.1: Studentbarnehagene: endring og motiv**

Endring	Motiv
<i>Likestilla tidlegare studier</i>	<i>Praktisk administrativt: omsyn til søkeren viktigare enn omsynet til tilknyting til SiO på kostadiet.</i>
<i>Generell prioritering av nyinnflytta einslege forsytarar utan studieansennitet.</i>	<i>Behovsprinsipp ligg fast, justering for å sikra treffsikkerhet. Nytt tilleggsriterie (diffusjon), for å avgrensa til dei ein reknar med har størst behov</i>

Konklusjonen er at dei ulike endringane i Studentbarnehagene sine vedtekter hadde ulike motiv. Funna er likevel i stor grad i samsvar med forventningane. Praktisk-administrative omsyn og revideringar med sikte på å betra treffsikkerheten er viktigast.

Det vart gjort større endringar i reglementet til Studentboligene. På terskelstadiet vart den øvre aldersgrensa fjerna, mykje av omsyn til det økonomiske belegget (Heinert 2006a:interjvu).

Det vart gjort relativt store omveltingar i prioriteringsreglane ved at kvote- og poengsystemet vart erstatta av generell prioritering av visse grupper. To typar argumentasjon motiverer denne endringa: Dei praktisk-administrative omsyna, særleg fremja av Boligavdelinga (Nystad 2005), og ønskjet om sterke behovsprioritering frå studentpolitikarane (Gjengaar 2005a). Dei praktisk-administrative argumenta viser til administrative problem, tilgjengeproblem og beleggsproblem som motiv for å forenkle regelverket. Studentpolitikarane viser til knapphet som argument for sterke vektlegging av behovsprinsipp (Gjengaar 2005a). Likevel har UiO truleg vore svært viktige for behovsfokuseringa gjennom framlegget om å prioritera unge nyinnflytтарar og internasjonale studentar, for å sikra rekrutteringa. Det ligg m.a.o. ei koalisjonsbyggjing bak revideringa i Studentboligene.

Studentboligene har gått frå å prioritera familiebustader etter talet på barn, til å prioritera einslege forsytarar. Det er nærliggjande å kopla den endra operasjonaliseringa til Studentbarnehagene sitt regelverk, og diffusjon derfrå, særleg ettersom forslaget om nytt kriterium for Studentboligene vart fremja av eit studentmedlem i den tidlegare uttakskomiteen i Studentbarnehagene (møtereferatet, Velferdstinget 2005). Val av kriterium er her eit spørsmål om treffsikkerhet i høve til behovsprinsippet. Endra kriterium tyder på endra oppfatning av kva for familiar som har størst behov.

Innanfor særskilde saker er tilleggskriteria hjå Studentboligene fjerna for å gjera tolkingsrommet mindre (Sten 2006a:intervju). Ønsket om å eliminera tolkningsrom kan bli sett frå to perspektiv. Ønsket om mindre byråkrati jamført med det administrative presset i Studentboligene (Heinert 2006a:intervju) kan motivera til meir mekaniske reglar. Omsynet til treffsikkerheten kan saman med administrativt press motivera til same løysing. Fordi byråkratiet er så stort og dei særskilde søknadene så mange (ibid.), kan det bli sett på som vanskeleg å utøva skjønn på ein treffsikker og ikkje vilkårleg måte. Dei to forklaringsmekanismane saman gir truleg det beste perspektivet. Tabell 7.2 oppsummerar viktige endringar og motiv i Studentboligene.

**Tabell 7.2: Studentboligene: endring og motiv**

Endring	Motiv
Fjerna øvre aldersgrense	Praktisk-administrativt: økonomisk belegg
Erstattat kvote-/poengsystem med generell prioritering av utvalde grupper basert på behov	Koalisjonsbyggjing: Praktisk-administrativt: tilgjenge, ressurssparing , økonomisk belegg Normativt: sterkare behovsprioritering p.g.a. knapphet. Omgivnad: UiO med ønske om å fremja rekruttering
Prioritering av einslege forsytarar til familiebustad	Treffsikkerhet: nytt syn på kven som har størst behov
Minka skjønnsinnslag ved å fjerna tilleggskriterium i særskilde saker	Praktisk-administrative omsyn saman med ønsket om treffsikre avgjerder.

Også funna i Studentboligene er for det meste i samsvar med forventningane. Revidering med tanke på praktisk-administrative omsyn og ønsket om å betra treffsikkerheten er det viktigaste. Ei normativ endring er det likevel, ved at behovsprioriteringa er styrka. UiO som interessent har vore ein viktig pådrivar for endringa.

## **8.0 Kvifor er fordelingsreglane ulike?**

I kapittel 5 konkluderte eg med at fordelingsreglane til Studentbarnehagene og Studentboligene til dels er ulike, slik dei er i dag. Kapittel 6 viste at dei også skil seg frå kvarandre ved at reglane til ein viss grad uttrykkjer ulike normative prinsipp om kven som bør få godet. Eg vil no freista å forklara ulikskapane. For å svara på problemstillinga vil eg bruka empirien om revideringsprosessane (kap.7), og data om politikk i SiO (kap. 4). Analysen er delt i to. I kapittel 8.1 utfører eg ei samanliknande drøfting av normative prinsipp. Kapittel 6 konkluderte med at Studentbarnehagene og Studentboligene ikkje uttrykkjer identiske normative prinsipp. Føremålet med kapittel 8.1 er å bruka argumentasjonen til regelutformarane og regelutøvarane, omtala i kapittel 7, og politikken til ulike aktørar, for å svara på om det er ulikskapar i normative prinsipp som ligg bak, trass i at Studentbarnehagene og Studentboligene har dei same regelutformarane. Eventuelle ulikskapar i normative prinsipp vil eg freista å forklara med rettferdsteoretiske forklaringsfaktorar, som t.d. knapphet og viktighet. I kapittel 8.2 vil eg drøfta operasjonaliseringvala som er gjort i utforming av fordelingsreglane. Empiri om revideringsprosessane vil bli dregne inn, og sett i samanheng med forklaringsfaktorar. Kategoriane terskel, ordinær og særskild kø blir brukt for å strukturera framstillinga.

### ***8.1 Samanliknande analyse av normative prinsipp***

#### **8.1.1 Terskel**

Adgangskriteria til Studentbarnehagene og Studentboligene er stort sett like. Det er viktig å vera reell SiO-student. Som me har sett, kan kriteriet klarast bli kopla til eit normativt prinsipp om samfunnseffektivitet. Ein av dei viktigaste likskapane mellom mine kasus er at dei høyrer inn under same organisasjon, Studentsamskipnaden i Oslo. SiO si oppgåve er å ta seg av SiO-studentar sitt velferdsbehov på studiestaden, og i samarbeid med lærestadene å sikra eit godt studiemiljø (LOV-1996-06-28-54 § 4 og § 5). Det å vera reell student blir derfor viktig, saman med tilknyting til organisasjonen. Det er lett å kopla prinsippet om samfunnseffektivitet og adgangskriteriet til SiO sine mål om å leggja til rette for studieffektivitet ([URL:<http://www.sio.no/omsio>](http://www.sio.no/omsio): Hva er

SiO?). Adgangskriteria speglar dermed av institusjonell politikk godt. Dei er også i samsvar med Elster (1992:27) sin teori om at adgangskriterium ofte er baserte på mål om effektivitet.

### **8.1.2 Ordinær kø**

Studentbarnehagene og Studentboligene sine prioriteringsreglar for ordinær køavvikling uttrykkjer, i følgje konklusjonen frå kapittel 6.2, til ein viss grad ulike normative prinsipp. Studentbarnehagene prioriterer hovudsakleg etter studieansiennitet, men favoriserer einslege forsytarar i poengsystemet, samt gir generell prioritet til nyinnflytta einslege forsytarar utan studieansiennitet. Hovudprinsippet slik det blir uttrykt, kan m.a.o. seiast å vera samfunnseffektivitet eller forteneste, men med unnatak for ei definert gruppe ein reknar med har særskild behov. Studentboligene sine prioriteringsreglar uttrykkjer meir einsidig fokus på behovsprinsipp gjennom fleire prioriterte grupper som ein går ut frå har særleg behov for studentbustad (Gjengaar 2005a): unge nyinnflytta førstesemesterstudentar, internasjonale studentar og einslege forsytarar. Ettersom regelutformarane er dei same for begge institusjonane, skulle ein venta at fordelingsreglane uttrykte same prinsippa, og spegla på same måte SiO sin politikk, der fokuset på velferd og studieeffektivitet har lege fast dei siste åra (SiO sine årsrapportar 2001-2005). Det verkar ikkje å vera tilfellet. Dei to saksframlegga frå SiO-komiteén til Velferdstinget, datert same dato (Gjengaar 2005a og 2005b) seier at SiO-komiteén ønskjer å *vidareføra* studieansiennitet som prioriteringsregel for Studentbarnehagene, og at SiO-komiteén ønskjer å *fjerna* studieansiennitet som prioriteringsregel for Studentboligene. Også Studentbarnehagene ([URL:<http://www.sio.no/barnehager>](http://www.sio.no/barnehager): Om oss) og Studentboligene ([URL:<http://www.sio.no/boliger>](http://www.sio.no/boliger): Om oss), som eigne institusjonar, fokuserer begge på samanhangen mellom oppfylling av velferdsbehov og ein god studiesituasjon i sin politikk.

Om ein legg ei tradisjonell tolking av samfunnseffektivitet til grunn, kan det bli hevdat Studentbarnehagene sine fordelingsreglar i størst grad er i samsvar med SiO sin politikk, ved at dei kombinerer velferdsbaserte kriterium med kriteriet

studieansiennitet. Studentbarnehagene gir i tillegg uttrykk for at fortene este er eit viktig prinsipp bak studieansiennitet som kriterium:

*"... da man på denne måten vil fange opp de som faktisk har studert mye."* (Sten 2005).

Studentboligene fokuserer meir einsidig på velferd i prioriteringsreglane.

Berre adgangskriteria sikrar tilsynelatande prinsippet om samfunnseffektivitet i Studentboligene. På eit teoretisk plan kan likevel kriterium som spør etter behov, også vera kompatible med målet om å skaffa flest mogleg høgt utdanna og produktive personar til arbeidslivet. SiO kan velja å prioritera dei gruppene ein går ut frå er mest avhengige av barnehageplass eller studentbustadar, for i det heile å få starta på eller gjennomføra utdanninga, for slik å kunna gå inn i ei produktiv rolle i yrkeslivet seinare. Å leggja til rette for seinare produktivitet er framleis eit av måla, men det kan tenkjast at tildelingar til allereie effektive studentar, eller til dei med høgast studieansiennitet, ikkje har noko å seia i høve til framtidig produktivitet, fordi desse ville blitt produktive likevel. Tildelinga av gode har dermed ikkje den ønskete verknaden, nemleg å betra produktiviteten. Det vil vera ei moderert forståing av korleis samfunnseffektivitet blir operasjonalisert jf. tidlegare rettferdsteoretiske bidrag (Lorentzen 1995:71). Ei slik moderert forståing er ei følgje av SiO sin ståstad mellom to sektorar, med vanlegvis delvis ulike normative prinsipp (ibid.: 298-306). T.d. kan ein velja å prioritera einslege forsytarar fordi ein kan rekna med at dei kan ha føresetnader for produktivitet, men er i større grad avhengig av visse gode for å realisera denne produktiviteten, m.a.o. motivering både ut frå individuelle velferdsprinsipp og eit prinsipp om samfunnseffektivitet<sup>21</sup>. Operasjonalisering av prinsippet om samfunnseffektivitet bør då ikkje berre etterspørja indikasjonar på individuell komande produktivitet, men også *forventa produktivitetsauke* som følgje av

<sup>21</sup> Sjølv sagt kunne ein seia at det mest samfunnseffektive var om opptaksriteria til høgare utdanning var langt strengare. T.d. ved at personar som p.g.a. helsetilstand, familietilhøve e.l. ikkje kunne tenkjast å bli like produktive som andre, blei nedprioriterte trass i gode karakterar. I så måte ville det vera mindre interessant for SiO å prioritera etter "velferdsriterium", om ein også ville oppnå samfunnseffektivitet. Slike opptaksriterium er likevel stort sett ikkje legitime i Norge i dag. Tanken om lik rett til utdanning og individuelle omsyn står sterkt. Det er inga streng operasjonalisering av samfunnseffektivitet i utdanningssektoren, fortene esteprinsippet basert på karakterar står sterke. Dermed blir ei viktig rolle for SiO å hjelpe fleire til å gjennomføra studia, både av omsyn til individuell velferd og samfunnseffektivitet.

godetildelingane. Ein teori blant regelutformarane kan vera at det er viktigare for komande produktivitet å hjelpe folk i starten av studiet, særleg dei nyinnflytta, for å sikra at fleire satsar på høgare studium og får mogleiken til å gjennomføra studia, enn å støtta dei som allereie er etablerte på studiestaden.

Ein viktig føresetnad for at prinsippa kan kombinerast på denne måten, er at dei som har stort behov for goda, også har føresetnader for produktivitet, og kan bli hjelpte til meir produktivitet gjennom godetildelingane. I denne samanhanga er adgangskriteriet viktig. Søkjarane på køstadiet har allereie oppfylt adgangskriteriet om å vera student, og om terskelstadiet ikkje er passert på falske premissar, er det rimeleg å tru at dei fleste søkerane er relativt ressurssterke, og har mogleik til å fullføra utdanninga, sjølv om føresetnadene varierer. Ei slik innretting er i samsvar med Elster (1992:27) sin teori om at adgangskriteria ofte vil vera kopla til effektivitetsmål. Studentboligene sine kriterium kan derfor også vera motiverte ut frå ønskje om auka produktivitet som følgje av godetildelingane. Målet kan *både* vera individuell velferd, behov og velferdsgevinst *og* sikring av at fleire kan få ta utdanning for å bli produktive, m.a.o. ein kombinasjon av ulike prinsipp som har ført til bestemte kriterium.

Argumentasjonen frå revideringsprosessen finn lite direkte støtte til denne forståinga. Det er først og framst behov som blir veklagt eksplisitt i sakshandsaminga kring Studentboligene sine fordelingsreglar (Gjengaar 2005a). Velferdstinget (2005b) sitt overordna mål om lik rett til utdanning synest å vera sterkare kopla til individuell velferdsgevinst enn til ønskje om å sikra akkumulert produksjonsauke. SiO sin politikk vektlegg likevel studieeffektivitet (SiO sine årsrapportar for 2001-2005). SiO si samfunnsoppgåve er, som Winther (2006:intervju) seier, å leggja tilrette for studium. Det kan vera både individuelt orientert og ha breiare samfunnsmål. SiO ønskjer å gje gode til dei som har behov for slik tilrettelegging for å gjennomføra studium, heller enn å straffa studentar som brukar lenger tid enn normert studieplan (*ibid.*). Ved å gjera det, er det ein teoretisk mogleik for å slå fleire fluger i ein smekk, både gi til dei som har størst behov, fremja individuell velferdsauke og å fremja større akkumulert produktivitet. Det ligg utanfor oppgåva å prøva å seia noko om i kva grad alle måla

blir nådde i praksis. Prioriteringsreglane for ordinær køavvikling i både Studentbarnehagene og Studentboligene kan dermed bli forstått med utgangspunkt i velferdsprinsipp (særleg behov) og prinsipp om samfunnseffektivitet.

Blant velferdsprinsippa er behovsprinsippet mest eksplisitt uttrykt av regelutformarane (Gjengaar 2006a,b, Sten 2006:intervju, Winther 2006:intervju), men som vist i kap. 6., kan behovsprinsippet her kombinerast med velferdsgevinst p.g.a. strenge adgangskriterium. Behovsprinsippet står sterkare i Studentboligene sine fordelingsreglar enn i Studentbarnehagene. Det kan bli forstått på to måtar: Sterkare fokus på velferd i regelutformarane sitt medvit i høve til fordeling av studentbustader, og/eller at andre omsyn har ført til at velferd får mindre gjennomslag i operasjonalisering når det gjeld barnehagar. Regelutformarane peikar på at behovsprinsippet er viktigast ved fordeling av *både* barnehageplassar og studenthusvære (Sten 2006:intervju, Winther 2006:intervju). Eg reknar likevel med at regelutformarane si haldning til prinsippet sin viktighet spelar inn, fordi det kan avgjera om eit prinsipp må vika for andre omsyn eller ikkje. Velferdstinget argumenterer sterkt for behovsfokus i Studentboligene sine reglar (Gjengaar 2005a), medan sterkare behovsfokus i Studentbarnehagene i liten grad er diskutert (Gjengaar 2005b, møtereferat, SiO-komiteen 2005 og møtereferat, Velferdstinget 2005). I denne delen av analysen vil eg ta utgangspunkt i kva for faktorar som kan forklara at det leiande prinsippet, behov, står sterkare i tankane til regelutformarane hjå Studentboligene. Kap. 8.2 ser meir på operasjonaliserings-prosessen. Fleire mogelege forklaringar på skilnad i behovsfokus i regelutformarane sin bevissthet kan drøftast: knapphet, kor viktig det er, trekk ved regelutformarane (studentpolitisk interesse), og interesserter i omgivnadene.

SiO-komiteén vektlegg knappheten som argument for styrka fokus på behov i Studentboligene (Gjengaar 2005a). Både Elster (1992:144-145) og Lorentzen (1995:100) hevdar at ved knapphet må venteleg fordelingsreglane og -vedtaka grunngjenvast særleg godt. Knapphet kan dermed føra til at det leiande prinsippet, her behov, blir særleg viktig, medan det ikkje er så farleg med mindre knappe gode.

Forklaringa samsvarar likevel därleg med at knappheten har vore størst i Studentbarnehagene dei siste par åra (Heinert 2006a:intervju, Sten 2006a:intervju). Tregleik i systemet, saman med tidlegare beleggsproblem, kan likevel forklara kvifor Studentbarnehagene sine vedtekter ikkje vektlegg behov sterke. Studentbarnehagene har tradisjon for liten knapphet, og større vektlegging av behov kan koma gradvis (Winther 2006:intervju). Knapphetssituasjonen forklrarar likevel i mindre grad kvifor Studentboligene sine reglar styrkar behovsfokuset akkurat no, i ein situasjon med større beleggsproblem enn tidlegare. Bustadmarknaden generelt viser same utvikling med mindre mangel på bustader (Studentsamskipnaden 2006). Rett nok har knappheten på studenthusvære auka noko det siste året (Bielecki & Meldalen 2006, Winther 2006:intervju), men var større for fleire år sidan. Forklaringsfaktoren får dermed inga klar støtte i empirien.

Ein liknande type forklaring er kor viktig godet er. Fordelingar av viktige gode bør kanskje kunna grunngjenvast særleg godt (Lorentzen 1995: 100). Gjennomslag for leiande prinsipp kan vera viktigare dersom godet blir vurdert som viktig. Om regelutformarane reknar husvære som eit viktigare velferdsgode enn barnehageplassar for potensielle mottakarar, kan behovsfokuseringa bli større. Det er vanskeleg å seia noko om slike haldningar basert på mine empiriske data. Begge goda er meint å forenkla studenttilveret, og blir av regelutformarane peika på som viktige for dei potensielle mottakarane (Velferdstinget 2005b og 2006). Ein kan likevel ikkje sjå bort frå denne forklaringa.

Det som er klart, er at dei potensielle søkerane til Studentboligene utgjer ein større del av SiO-studentane enn det dei potensielle søkerane til Studentbarnehagene gjer. Det er truleg også fleire potensielle leidgetakarar til Studentboligene blant studentpolitikarane sjølv. Begge trekka kan gjera at studentpolitikarar blir meir involverte i høve til Studentboligene. Ei mogeleg forklaring på at ein får større gjennomslag for behov i Studentboligene, er at desse goda blir sett på som studentpolitisk viktigare. Empirien gir visse, rett nok ikkje openberre, teikn på større studentpolitisk engasjement når det gjeld Studentboligene. Det kom fleire forslag i Velferdstingsdebatten (møtereferat,

Velferdstinget 2005), og ei samarbeidsgruppe vart oppnemnd (Gjengaar 2006a:personleg korrespondanse). Det kan verka som om initiativet frå Velferdstinget var større for Studentboligene, medan det for Studentbarnehagene først og framst vart diskutert praktiske spørsmål på initiativ frå Uttakskomitéen.

På den andre sida var Velferdstinget sitt sterke behovsfokus, som ein finn i sakspapira for Studentboligene, i stor grad basert på den tidlegare avtalen med UiO. Derfor er skilnader i omgivnadene truleg ei betre forklaring. UiO som interessent kan ha vore viktig for å setja fokus på grupper ein reknar med har stort behov for studenthusvære. Liknande innspel har ikkje kome overfor Studentbarnehagene (Sten 2006a:intervju, Winther 2006:intervju). Det er usikkert om Studentboligene sine fordelingsreglar hadde vist same utvikling utan ”innblandinga” (Winther 2006:intervju). Framlegg om kriterium kom først. SiO sentralt vurderte forslaget i høve til eigne prinsipp, og fann at det var fornuftige operasjonaliseringar av dei prinsippa SiO ønskte å vektleggja. Det førte til at forteneste og/eller samfunnseffektivitet vart nedprioritert som prinsipp til fordel for behovsprinsipp i Studentboligene. Endringa i styrketilhøve i fordelingsprinsippa følgde av framlegg til nye kriterium utanfrå. Det var ikkje prinsippendring som førte til endring i kriterium, slik typologien min over motiv (jf. s.22) for endringar tek utgangspunkt i.

### **8.1.3 Særskild kø**

Både Studentbarnehagene og Studentboligene gir, som me har sett, særskild prioritet til søkerar p.b.a. medisinske eller sosiale tilhøve. Behovsprinsippet kjem klarast fram i desse prioriteringssakene, som vist i kap. 6. Empirien frå revideringssprosessane (kap.7) viser likevel at behovsprioriteringa har til dels ulik bakgrunn i dei to institusjonane.

Studentboligene sine særskilde reglar med sterkt fokus på eit behovsprinsipp er lett å kopla saman med Velferdstinget sitt uttalte mål om ”lik rett til utdanning”. I Velferdstinget sitt Boligpolitiske dokument (Velferdstinget 2006:8) blir det lagt vekt på at denne retten også gjeld personar med funksjonshemminger. SiO-komitéen viser m.a. til ein teori om at søkerar med funksjonshemminger vil vera blant gruppene som er mest vanskelegstilte på bustadmarknaden (Gjengaar 2005a). Behovstankegangen er

utan tvil rådande, men dei særskilde reglane kan også tenkast å sikra eit prinsipp om individuell velferdsgevinst og samfunnseffektivitet. Prinsippa og kriteria kan klart koplast til institusjonell politikk.

Logikken er litt annleis for Studentbarnehagene. Her er det barna sine behov som er i fokus, og reglane for særskild prioritering er baserte på påbod om slik prioritering i barnehagelova (Lov-2005-06-17-64), som også Studentbarnehagene er underlagd. SiO og Velferdstinget sin politikk er derfor underordna i denne samanhanga.

Sjølv om dei særskilde prioritieringsreglane i begge institusjonane uttrykkjer velferdsprinsipp, er det ein viss ulikskap mellom Studentbarnehagene og Studentboligene. Studentbarnehagene spør etter individuell nytte som tilleggsriterium for funksjonshemma barn (nye vedtekter § 4), m.a.o ein eksplisitt etterspurnad etter velferdsgevinst, i tillegg til noverande velferdsnivå. Regelen er basert på den tidlegare barnehagelova, men er ikkje blitt justert etter endringane i den nye barnehagelova, som tok til å gjelda frå 01.01.06, der nyttekriteriet er fjerna (Lov-2006-06-17-64 og ot.prp. nr 72 (2004 -2005):74-75). Om det er foreldra som avgjer om barnet har nytte av barnehageplass, slik den tidlegare lova rekna med (ibid.), har kriteriet rimelegvis lite å seia i praksis.

## **8.2 Samanliknande analyse av operasjonalisering**

### **8.2.1 Terskel**

Som me har sett, er det samfunnseffektivitet som hovudsakleg konstituerer terskelstadiet for både Studentbarnehagene og Studentboligene, saman med kravet om tilknyting til SiO som følgje av organiseringa i ulike studentsamskipnader. Kriteriet er at søkeren skal vera reell student ved ein SiO-lærestad. Ved samanlikning av sjølve dei skriftlege regelverka framstår Studentboligene si operasjonalisering av prinsippet som litt strengare ved at dei, i motsetnad til Studentbarnehagene, meir eksplisitt krev at studia bør følgja normert studieprogresjon (med unnatak) (nytt tildelingsreglement § 5.1) og at studiet skal vera hovudsysselsetjing (ibid.:§ 2.3). Kravet om studium som hovudsysselsetjing blir ikkje presisert, men studentbustadene utestengjer ikkje

studentar i jobb (Heinert 2006b:personleg korrespondanse), og søknaden stiller berre spørsmål om planlagt studieprogresjon og avlagte eksamenar.

([URL:http://www.sio.no/boliger](http://www.sio.no/boliger): Søknadsskjema). Kravet om studium som hovudsysselsetjing er nok derfor mest å forstå som ein variant av kravet om normert studieprogresjon. Slike eksplisitte krav er det ikkje i Studentbarnehagene. På Studentbarnehagene sine heimesider ([URL:http://www.sio.no/barnehager](http://www.sio.no/barnehager): Søke om plass i Studentbarnehagene?), går det likevel fram at også dei stiller krav til ”normal” studieprogresjon. Studentbarnehagene sitt søkerkjema (ibid.: søk barnehageplass) stiller også spørsmål om forklaring på eventuell forseinking. Konklusjonen er at adgangskriteria i Studentbarnehagene og Studentboligene likevel er relativt like, og kan koplast til SiO sin politikk. Reelle og normalt effektive studentar fremjar mest samfunnseffektivitet.

### **8.2.2 Ordinær kø**

Eg har tidlegare konkludert med at prioriteringsreglane i ordinær kø er meint å vera operasjonaliseringar av behovsprinsipp (og evt. velferdsgevinst) og prinsipp om samfunnseffektivitet (kap. 8.1.2). Spørsmålet her er korleis desse prinsippa er operasjonaliserte gjennom prioriteringsreglane i Studentbarnehagene og Studentboligene. Eg vil først kort knytta synet på skjønn opp mot teoretiske argument. Deretter vil eg sjå på operasjonaliseringa av prinsippa.

Som eg har vist i kap. 5.1.3 og 5.2.3, er prioriteringsreglane i begge institusjonane svært objektive og lite skjønnsmessige. Ulike statuskriterium og andre objektive kriterium, som t.d. studieansiennitet, er valde som operasjonaliseringar.

Regelutformarane i SiO ser generelt på skjønnsvurderingar som lite ønskjeleg. I revideringsprosessane blir det advart mot ”synsing” (Gjengaar 2005a og 2005b). Standpunktet kan koplast til ønskjet om ein enkel tilgjengestruktur av omsyn til søkeren slik me finn argumentasjon for dette knytta til revideringa av reglane til Studentboligene (Nystad 2005, Gjengaar 2005a, Sten 2006a:interjvu, Heinert 2006a: intervju). Mogleikane til likehandsaming ved klare kriterium blir peika på som svært viktige, skjønn blir hevd å hindra likehandsaming. Argumentasjonen har klare

parallellar til tilgjengeteori (Bleiklie 1997:308). Likehandsaming<sup>22</sup> innanfor klart avgrensa kriterium kan her kategoriserast som eit eige mål på rettferd, ved sida av normative prinsipp for kva som skal vektleggjast ved fordeling, d.v.s. som ein del av rettferdsomgrepet deira. Objektive kriterium kan også sikra betre treffsikkerhet i høve til regelutformarane sine prinsipp, fordi det gir studentpolitikarane større kontroll over fordelingane, trass i at regelutforminga og fordelingsvedtaka er på ulike vedtaksnivå (jf. Lorentzen 1992:285). Slike resonnement viser seg t.d. i haldninga om at eventuelle skjønnsvurderingar bør bli overlatne til studentpolitikarar (Winther 2006:intervju, Studentboligene sine nye vedtekter § 7.3). Likehandsaming er likevel ikkje berre eit middel for å oppnå treffsikkerhet. Likehandsaming skapar ei rettferdskjensle i seg sjølv. Studieansiennitet som kriterium er t.d. sett på som OK, trass i at regelutformarane ønskjer å prioritera etter behov, fordi kriteriet fremjar likehandsaming, og har gitt positive tilbakemeldingar på at søkerar har følt seg rettvist handsama (Sten 2006a:interjvu).

Som vist i kapittel 8.1.2 kan prioriteringsreglane koplast først og framst til velferdsprinsipp (særleg behov), men også til prinsipp om samfunnseffektivitet.

I Studentbarnehagene sine vedtekter er behovsprinsippet operasjonalisert gjennom ei absolutt prioritering av nyinnflytta einslege forsytarar utan studieansiennitet og ei relativ prioritering av einslege forsytarar i poengsystemet. Prioriteringsreglane kan koplast til Velferdstinget (2005b) sin barnehagepolitikk, samt Studentbarnehagene sin politikk ([URL:<http://www.sio.no/barnehager>](http://www.sio.no/barnehager)), der fokuset er på behov for fleksibilitet i kvardagen, høve til avlasting og sosialt miljø for nyinnflyttarar.

I Studentboligene er behovsprinsippet operasjonalisert ved å prioritera unge, nyinnflytta førstesemesterstudentar og internasjonale studentar til hyblar, og einslege forsytarar til familiebustader. Kriteria speglar Velferdstinget (2006) sin bustadpolitikk, og Studentboligene ([URL:<http://www.sio.no/boliger>](http://www.sio.no/boliger)) sin politikk. Her er det fokus på verdet av å koma inn i eit studiemiljø ved hjelp av ein enkel søknadsprosess der ein

---

<sup>22</sup> Likehandsaming har parallelar til likedeling (Elster 1992:70-73). Bak begge ligg ein likskapstanke. Likedeling har absolutt likskap som mål (ibid), medan likehandsaming gir ein mal for korleis normative prinsipp (behov etc.) bør bli operasjonalisert.

slepp visningar. Velferdstinget (2006) sin bustadpolitikk viser også til meir konkrete målsetjingar knytta til like mogleikar ubunde av geografisk tilknyting, og internasjonalisering av studium. Velferdstinget (ibid.) er i tillegg oppteke av behov for rimelege husvære grunna studentar sin økonomiske situasjon. Sjølv om studentar sine økonomiske føresetnader blir framstilte som viktige for Studentboligene sitt tilbod av gode, har Velferdstinget avvist framlegg om å innføra dette som kriterium for å prioritera dei søkerane som er mest vanskelegstilte økonomisk, både for Studentbarnehagene og Studentboligene (Velferdstinget 2006). Gjengaar (2006b:personleg korrespondanse) peikar m.a. på at SiO ikkje skal driva sosial og økonomisk utjamning, men syta for lik rett til utdanning ubunde av familietilhøve og geografi. SiO ønskjer ikkje å skilja mellom studentar som har ulike økonomiske føresetnader, slik dei gjer med familietilhøve og geografi. Operasjonalisingsproblem er ei grunngjeving (ibid.). Ei tolking er at Velferdstinget sin offisielle politikk er fokus på behov knytta til geografi og familietilhøve. Kriteria definerer delar av den overordna politikken i SiO, i tydinga ”no set me fokus på nettopp desse behova, andre behov er ikkje så viktige for oss, eller dei er vanskelege å operasjonalisera”.

Ei alternativ forklaring på manglande økonomiske kriterium er konkurransesituasjonen begge institusjonane er i. Ved å prioritera etter dårlig økonomi kan attraktiviteten til goda bli svekka. Det vil kunna bli vanskelegare å auka prisane, både p.g.a. svekka attraktivitet i konkurransen, og studentpolitisk, som følgje av fokus på økonomisk svake studentar. Fordi studentpolitikarar sjølv er regelutformarar, er denne forklaringa truleg mindre sannsynleg enn om kvar av institusjonane sette opp eigne fordelingsreglar, av omsyn til politisk legitimitet. Meir sannsynleg er det at Velferdstinget har valt ein meir avgrensa offisiell politikk av omsyn til operasjonalisering, og med omsyn til dei behova dei meiner er viktigast.

Prioriteringa av unge studentar samt einslege forsytarar, *kan* likevel bli forstått som ei forenkla tilnærming, proxy, til økonomisk behov. Fordi ingen av kasusa brukar økonomiske kriterium, blir det svært vanskeleg å trekka årsaksslutningar.

I kapittel 8.1.2 freista eg å forklara kvifor Studentboligene sine fordelingsreglar legg meir vekt på behov enn det Studentbarnehagene gjer. UiO som interessent var ein viktig forklaringsfaktor. Ei anna tilnærming, som tek utgangspunkt i at prinsippa ligg fast i høve til fordeling av både barnehageplassar og studenthusvære, spør kvifor behovsprinsippet er operasjonalisert snevrare i Studentbarnehagene, og kvifor dei fleste blir prioriterte etter studieansiennitet her. Noko av det som skil Studentbarnehagene og Studentboligene, er kor store grupper som blir gitt absolutt prioritet. Studentbarnehagene hadde i 2005 ca. 20 søkjarar til kvoten for einslege forsytarar utan studieansiennitet, av i alt ca. 1000 søkjarar (Sten 2005). Likevel ville ein avgrensa den prioriterte gruppa til berre å gjelda nyinnflyttarar då kvoten vart oppheva. I Studentboligene dei siste åra har relativt mange ledige bustader ved semesterstart blitt tildelt dei prioriterte gruppene, slik at det har blitt få ledige bustader att til andre grupper (Winther 2006:intervju). Studentbarnehagene tilgodeser m.a.o. ei snevrare gruppe gjennom behovorientert prioritering, medan dei fleste blir prioriterte etter studieansiennitet, kriterium kopla til forteneste og samfunnseffektivitet. Fleire forklaringsmekanismar baserte på rettferdsteori er særleg aktuelle for å forstå ulikskapen: Bestemte vurderingar av kva for grupper som har størst behov, intensjonell innsnevring av prioritert gruppe som følgje av knapphet i Studentbarnehagene, ønskje om å halda på statusen som ”elite-barnehagar”, eller praktisk-administrative omsyn knytt til søkeradsprosedyrene.

Ei forståing tek utgangspunkt i det teoretiske synet at kriteria er meinte å vera operasjonalisering av normative prinsipp. I følgje denne tolkinga har fordelingsreglane for begge institusjonane avgrensa kriteria etter kva for grupper regelutformarane reknar med vil ha særleg behov for godet. Ulikskapen i gruppestørleik ligg derfor i at regelutformarane, meir eller mindre vilkårleg, går ut frå at ein mindre del av søkerane har eit særleg behov for barnehageplass. Det har samanhang med haldninga til godet sin verdi, og kva SiO kan tilby i høve til andre tilbydarar. Det er ikkje sikkert det er viktig for så mange barnefamiliar å få barnehageplass nettopp i SiO. Tolkinga kan få støtte av at det kan vera mindre som skil Studentbarnehagene frå andre barnehagar enn kva tilfelle er for Studentboligene og andre tilbydarar. Det er først og framst

fleksibilitet i opningstider som skal skilja Studentbarnehagene frå andre barnehagar (Velferdstinget 2005b). Det er kanskje først og framst einslege nyinnflytta forsytarar som har det behovet. Det kan vera stor uvisse om kven som har stort behov for barnehageplassar, utanom den gruppa som er prioritert. Fråsegna om at behovsprioritering av store grupper vil føra til press på andre grupper (Sten 2006a:intervju), kan tolkast som at det kan vera vanskeleg å fastslå kven som har størst behov.

Ei anna forståing av Studentbarnehagene si snevre prioritering er at kriteria intensjonelt er utforma slik fordi ein har ønskt at berre ein liten del av søkerane skulle få absolutt prioritet p.g.a. knapphet på godet. Mine data gir visse haldepunkt for at slike ønskjer var reelle ved regelutforminga i Studentbarnehagene. Administrasjonen i Studentbarnehagene frykta at søkeratala frå einslege forsytarar skulle gå rett til vérs når kvoten vart oppheva (Sten 2006a:intervju). Fråsegna om frykt for press på andre grupper om fleire fekk absolutt prioritering (*ibid.*), kan også takast til inntekt for dette synet. Argumentasjonen kan setjast i samanheng med knappheten på barnehageplassar. Studentboligene opplever på si side mindre knapphet, og det kan dermed vera mindre kontroversielt om større grupper får absolutt prioritet. Mot forklaringa er det lett å visa til at Studentbarnehagene hadde mindre knapphet før (*ibid.*), og at det eldre regelverket var enda snevrare i behovsprioriteringa (kvoteregelen i eldre vedtekter § 4.2). I tillegg forklarar neppe knappheten i seg sjølv kvifor søkerar flest i staden skal prioriterast etter studieansiennitet.

Ei mogleg forklaring på innsnevring av behovsfokuset til fordel for studieansiennitet, er dei to institusjonane sin attraktivitet i høve til konkurrerande tilbydarar av tilsvarande gode. Studentbarnehagene er populære fordi dei av mange blir sett på som ”elite-barnehagar” ved at dei er reserverte for born av foreldre på veg mot ei akademisk grad (Heinert 2006a: interjvu). Studentboligene slit derimot med attraktiviteten på fleire av dei eldre bustadene (Studentsamskipnaden 2005, Gram 2005). Dei har mindre mogleik til å ”skumma fløyten”. Studentbarnehagene kan ha valt å halda på studieansiennitet som kriterium fordi det hjelper til med å oppretthalda

statusen. Behovsprioriteringa bør derfor ikkje gjelda for mange. Denne tolkinga er det lite støtte for i empirien. Også her kan argumentet om at behovsprioriteringa var snevrare før trass i mindre knapphet, trekkjast inn. Heinert (2006a:intervju) skildrar det dessutan som problematisk at knappheten er stor som følgje av popularitet.

Viktigare er det at studieansiennitet som kriterium ikkje først og framst blir grunngitt med at ein vil tiltrekka seg dei med mest utdanning, med tanke på forteneste eller samfunnseffektivitet (Sten 2006:intervju). Det blir understreka at studentpolitikarar hovudsakleg vil prioritera dei som har behov for tilretteleggjring, d.v.s individuell velferd og moderert forståing av samfunnseffektivitet (Sten 2006a:intervju, Winther 2006:intervju), men at det er naudsynt med eit kriterium som prioriterer mellom studentane på ein enkel måte (Sten 2006a:intervju). Kriteriet studieansiennitet blir dermed peika på som ein teknikk som blir brukt for å skilja mellom søkerar på ein klar måte, som fremjar likehandsaming, heller enn operasjonalisering av prinsipp. Vidareføring av kriteriet blir argumentert for av omsyn til tilgjenge for søkeren. Studieansiennitet som kriterium er enkelt å forstå, og folk som har fått avslag, har gitt uttrykk for at dei har følt seg rettvist handsama, fordi dei forstår reglane (ibid.). Å gi store grupper behovsprioritering vil kunna føra til vilkårleg handsaming.

Studentboligene brukar søknadsdato som organiserande teknikk, av praktisk-administrative årsaker. Både omsynet til effektiv sakshandsaming og enkel tilgjengestruktur for søkeren, er trekt fram av regelutformarar og regelutøvarar (Nystad 2005, Gjengaar 2005a). Studentbarnehagene på si side har færre søkerar og mindre byråkrati enn Studentboligene og kan derfor takla meir komplekse poengsystem (Heinert 2006: intervju). Studentboligene har kontinuerlege tildelingar utover året, med til dels stor gjennomtrekk, ([URL:\[Søk bolig\]\(http://www.sio.no/boliger\)](http://www.sio.no/boliger)), noko som gjorde at behovet for å kunna operera med føreseielege ventelister var stort (Sten 2006:intervju). Studentbarnehagene har færre kontinuerlege tildelingar, med eit hovuduttak<sup>23</sup>, og mange søkerar som kjem inn på same tid (ibid.). Derfor blir det sett som utilstrekkeleg å prioritera med utgangspunkt i søknadsdato, særleg p.g.a.

<sup>23</sup> Søknader kan sendast inn heile året, men det er færre ledige plassar å fordela utanom hovuduttaket (<http://www.sio.no/barnehager>, lenke: Søke om plass i Studentbarnehagene).

knappheten på godet (ibid.). Praktisk-administrative omsyn tala for vidareføring av studieansiennitet som kriterium i Studentbarnehagene, medan same omsyn tala for det motsette i Studentboligene.

Prioriteringsreglane innanfor ordinær køavvikling kan best bli forstått som operasjonaliseringar av behovsprinsipp (evt. også velferdsgevinst) og prinsipp om samfunnseffektivitet. Velferdstinget legg mest vekt på behov i sin argumentasjon (Gjengaar 2005a, b). Det synest å ha vore lettare å kombinera behovsprinsippet med prinsippet om samfunnseffektivitet og praktisk-administrative omsyn i Studentboligene. Studentbarnehagene sine vedtekter speglar ikkje heilt av at behov er det viktigaste studentpolitiske prinsippet. Uvisse om kven som har behov, samt praktisk-administrative omsyn, har spela inn. Studentboligene sine prioriteringsreglar speglar av fleire aspekt, både SiO sin politikk, studentpolitiske prinsipp og praktisk-administrative omsyn. Funna er i samsvar med Lorentzen (1995:80-83) sine teoriar om at prinsippa si gjennomslagskraft er påverka av om dei kan kombinerast med kvarandre, og med andre omsyn.

### **8.2.3 Særskild kø**

Kapittel 8.1.3 konkluderte med at dei særskilde prioriteringsreglane best kan bli forstått som operasjonaliseringar av velferdsprinsipp, særleg behov.

Studentbarnehagene og Studentboligene har likevel ulike fokus, ved at Studentbarnehagene fokuserer på barn med særskilde behov, medan Studentboligene spør etter studentar sine særskilde behov (evt. også familiemedlemer), noko som klart kan koplast til ulike type gode.

Studentbarnehagene er underlagd barnehagelova (LOV-06-17-64) som gir kriterium for særskild prioritering. Regelutformarane i Velferdstinget og Hovedstyret i SiO står friare til å gjera eigne prioriteringar ved regelutforming i Studentboligene. Ei brei og i utgangspunktet svært skjønnsmessig tilnærming er valt, med kriteria medisinske og sosiale behov (nytt tildelingsreglement § 3.3). Kriteria speglar Velferdstinget (2006) sine mål om lik rett til utdanning, ønskje om fokus på søkjrarar med særskild behov, ein enkel søknadsprosess, og det å få innpass i studiemiljøet.

Dei særskilde sakene er den delen av fordelingsreglane i Studentbarnehagene og Studentboligene som opnar for mest skjønn. Det er likevel visse skilnader mellom dei to institusjonane når det gjeld skjønnsbruk i praksis. Studentboligene er liberale i handsaming av søknader med dokumentasjon på særskilde behov (Heinert 2006a: intervju). Har du dokumentasjon, så blir du prioritert. Skjønnsinnslaget blir dermed overført til tredjepart, offentlege instansar, som attesterer behov for studentbustad. Studentbarnehagene er meir restriktive, og vurderer dokumentasjonen i kvar enkelt sak (Sten 2006a:intervju).

Denne skilnaden kan særleg bli forstått på to ulike måtar: knapphet på godet, og praktisk-administrative omsyn. Det kan vera viktigare for Studentbarnehagene å vera restriktive fordi dei distribuerer eit knappare gode enn Studentboligene. Om enkelte blir prioriterte urettmessig, kan det gå ut over andre søkerar. Studentboligene sine eldre fordelingsreglar var meir skjønnsmessige enn dei nye (jf. kap 5.3), og revideringa kan ha årsak i mindre knapphet. Studentbarnehagene opplevde på si side mindre knapphet for nokre år sidan, likevel har ikkje Studentbarnehagene praktisert regelverket strengare i det siste, som følgje av større knapphet (Sten 2006: intervju). Forklaringa får dermed lite støtte.

Praktisk-administrative omsyn er rimelegvis ei viktigare forklaring på at Studentboligene sin praksis i særskilde saker er meir mekanisk enn i Studentbarnehagene: administrativt press og mengda av søknader om særskild prioritering. Skjønnsavgjerder er meir ressurskrevjande enn mekaniske avgjerder (Lorentzen 1995: 91). Forklaringa får støtte i empirien. Fleire søker om særskild prioritering i Studentboligene enn i Studentbarnehagene, både i absolutte og relative tal (Sten 2006a:intervju, Heinert 2006a:intervju). Kontrollkomitéen, som handsamar dei særskilde sakene i Studentboligene (eldre tildelingsreglement § 3.4, nytt tildelingsreglement § 7.3), blir dermed utsette for eit større press enn sakshandsamarar i Studentbarnehagene. Tilleggskriteria i Studentboligene sine særskilde reglar vart fjerna for å minska skjønnet (Sten 2006a:intervju).

Skjønnsvurderingar blir generelt sett på som noko negativt (Gjengaar 2005a, Heinert 2006a:intervju, Sten 2006a:intervju), av omsyn til tilgjenge. Likehandsaming etter klare kategoriar blir sett svært høgt, noko som får medhald i tilgjeneteoretisk argumentasjon (Bleiklie m.fl. 1997:308). Unnataket er Studentbarnehagene sine særskilde saker, som gjeld ein svært liten del av søkjarane, og derfor ikkje krev store tilleggsressursar i sakshandsaminga (Sten 2006a:intervju). Her kan omsynet til treffsikkerheten krevja at skjønn blir brukt for å luka ut urettmessige søkjarar. Administrativt press i Studentboligene kan gjera det mindre sannsynleg med treffsikre skjønnsvurderingar, og derfor blir mekaniske reglar valde.

### **8.3 Oppsummering**

Føremålet med kapittel 8 var å finna ut kvifor fordelingsreglane til Studentbarnehagene og Studentboligene er ulike (problemstilling nr. 4). Empirien har vist at regelutformarane først og framst ønskjer å prioritera etter behov ved fordeling av begge typar gode (Gjengaar 2005a, Sten 2006a:intervju, Winther 2006a:intervju). Det er i samsvar med forventninga om relativt like normative prinsipp. Behovsprinsippet står likevel sterkest i Studentboligene sine fordelingsreglar, både p.g.a. innspel utanfrå (UiO), og fordi det kunne kombinerast med praktisk-administrative omsyn. Behov er peika på som det viktigaste prinsippet av regelutformarane også ved fordeling av barnehageplassar, men det har verka å vere enklare å kombinera behovsprinsippet med praktisk-administrative omsyn i Studentboligene.

Både Studentboligene og Studentbarnehagene kan i tillegg oppnå samfunnseffektivitet, men på ulik måte. Studentbarnehagene etterspør studieansiennitet, medan Studentboligene kan oppnå at fleire blir produktive ved å prioritera å støtta dei som er mest avhengige av goda for å bli produktive.

Det er interessant at skjønnsvurderingar generelt blir sett på som negativt. Mogleikane for likebehandling er svært viktig for regelutformarar og -utøvarar (Nystad 2005, Sten 2005, Gjengaar 2005a, b).

## **9.0 Konklusjon**

Eg vil her koma med ei kort oppsummering av dei viktigaste funna mine, samt setja interessante funn inn i ein vidare samanheng.

Den første problemstillinga spurte etter kva for fordelingsreglar Studentbarnehagene og Studentboligene har. Konklusjonen er at det er relativt store skilnadar i ordinære prioriteringsreglar, der Studentboligene prioriterer førstesemesterstudentar og internasjonale studentar, medan Studentbarnehagene prioriterer dei med høgast studieansiennitet. Problemstilling nr. 2 var kva for normative prinsipp fordelingsreglane uttrykkjer. Eg konkluderte med at reglane til dels uttrykkjer ulike normative prinsipp. Studentbarnehagene har mest fokus på forteneste og samfunnseffektivitet, medan Studentboligene prioriterer etter behov.

Problemstilling nr. 3 var kva som motiverte regelendringane. Eg viste at ein kombinasjon av normative og praktisk-administrative omsyn motiverte endringa i Studentboligene. UiO var ein viktig faktor. Ei slik koalisjonsbyggjing fann ikkje stad i Studentbarnehagene.

Den fjerde problemstillinga ville ha svar på kvifor fordelingsreglane i Studentbarnehagene og Studentboligene er ulike. Konklusjonen var at også Studentboligene sine velferdsrelaterte kriterium kan oppnå samfunnseffektivitet, ved at dei prioriterer grupper som treng goda for produktivitet. Praktisk-administrative omsyn er truleg den viktigaste årsaka til at Studentbarnehagene har kriteriet studieansiennitet.

Funna er i samsvar med tidlegare rettferdsteoretisk litteratur (Elster 1992, Lorentzen 1995). Mine kasus skil seg noko frå Lorentzen sine ved at dei tilhøyrer utdanningssektoren, men tilbyr velferdsgode. Regelutformarane har størst fokus på velferd, med ønskjet om å prioritera sokjarar etter behov og velferdsgevinst, jf. målet om ”lik rett til utdanning”. Utdanning blir framstilt som eit velferdsgode, med individuell vekst som mål, eit syn me finn att hjå Lorentzen (1992:303-306). Prinsipp om samfunnseffektivitet er likevel også tilstades. Eit interessant funn er høvet mellom

behov, velferdsgevinst og samfunnseffektivitet i Studentboligene sine ordinære prioriteringsreglar. Fokus på behov, velferdsgevinst og samfunnseffektivitet kan kombinerast i same kriterium, dersom søkerar med behov har forutsetningar for å nytta godet til å bli meir produktive. Det skil seg frå den tradisjonelle oppfatninga av korleis prinsipp om samfunnseffektivitet blir nådd, nemleg å prioritera dei flinkaste (Lorentzen 1992:71). Årsaka er at mine kasus er annleis. Her er det snakk om tiltak retta mot individet for å betra produktivitet. Eit døme på andre som driv med noko liknande er Aetat. Aetat kunne ha satsa på dei flinkaste arbeidsledige, men sjansen er stor for at desse hadde fått jobb likevel. Tiltaket hadde derfor ikkje hatt verknad korkje for individ eller samfunn. Ved å satsa på søkerar som er avhengige av tiltak for å koma seg i jobb, vil det ha større effekt både for individ og næringsliv. Som eg har vore inne på, er strenge adgangskriterium, for å sikra at søkeren har eit klart potensial, ein viktig føresetnad for at individuelt behov og effektivitet for individ og samfunn kan kombinerast. Det kan vera kontroversielt i det offentlege å vega velferdsprinsipp mot effektivitet i adgangskriteriet på denne måten.

Praktisk-administrative omsyn spelar ei stor rolle som forklaringsfaktor i mine kasus. Eit prinsipp si gjennomslagskraft er påverka av om prinsippet kan einast med bl.a. praktisk-administrative omsyn, slik Lorentzen (1992:81-82) hevdar. Litt meir atypisk er det kanskje at ein viktig aktør i omgivnadene (UiO) har spela ei svært stor rolle. Det er sjølv sagt p.g.a. lærestadene si særstilling overfor SiO. Eit tema er høvet mellom interessentar si påverknadskraft, og lite engasjement blant regelutformarar. Det var lite initiativ frå regelutformarane i mine kasus. Framlegga og problemstillingane kom frå UiO eller regelutøvarane. Ettersom det ikkje var store skilnader i dei to kasusa, er det vanskeleg å seia noko om høvet mellom omgivnadsfaktorar og engasjement her.

Det er interessant at i Studentboligene var det dei nye kriteria som kom først. Prinsippendringa i fordelingsreglane følgde av framlegg til kriterium i staden for den omvende rekjkjefølgja, som eg rekna med. Dei nye kriteria er i stor grad blitt inkorporerte i Velferdstinget sin politikk. Fokuset er på bestemte grupper og deira behov (Velferdstinget 2006). Framlegget til kriterium kom først, politikkutforminga

med sterkare fokus på behov følgde etter. Ein slik saksgang i regelutforminga kan vera relativt vanleg der ulike og vase normative prinsipp rår, og det er lite engasjement og diskusjon blant regelutformarane. Interesser knytte til bestemte grupper, får dermed større fokus enn normativ diskusjon. Funnet er i samsvar både med Elster (1992:97), som kategoriserer fokus på spesielle grupper som effektivitetsprinsipp, og Lorentzen (1995:80-81) som peikar på at prinsippa kan vera uklare og derfor kan vera vanskelege å stilla seg til som retningsgivande. Det viser likevel klart at høvet mellom prinsipp og kriterium ikkje går i ei kronologisk line, og at det kan vera lettare om fokuset blir avgrensa i utgangspunktet.

Skjønn blir oftast sett på som negativt. Rettvis fordeling for regelutformarane i SiO ser ut til å vera *likehandsaming* basert på klare og velgrunna kriterium. Haldninga er i stor grad i samsvar med Schaffer og Huang (Bleiklie m.fl. 1997:307-321) sin tilgjeneteori. Kriteria blir ofte grunngitt med normative prinsipp, men det er også viktig for rettferd at kriteria motverkar forskjellshandsaming (Gjengaar 2005b, Sten 2005). Det rettvise ligg, i regelutformarane og regelutøvarane sitt medvit, *både* i at fordelingsreglane er treffsikre, *og* at dei fremjar likehandsaming, ved å vera konsise. Rettferdsomgrepet her kan best bli forstått som ein kombinasjon av omsyn til tilgjenge (Bleiklie m.fl. 1997:307-321) og omsyn til treffsikkerhet (Elster 1992, Lorentzen 1995). Likehandsaming er ikkje eit normativt prinsipp i den tydinga omgrepet er brukt her (jf. s.9), men del av rettferdsomgrepet, ved å leggja ein mal, basert på eit likskapsideal for korleis prinsipp bør bli operasjonalisert.

Det kan også trekkjast praktisk lærdom ut av rettferdsomgrepet til regelutformarane. Klare og velgrunna kriterium er viktige for at eit fordelingssystem kan bli opplevd som rettvist for dei involverte partane. Grunngjevinga bør knyttast til aksepterte normative prinsipp, men kriteria bør også hindra forskjellshandsaming. Eventuell opning for skjønn og unnatak bør også grunngjekast, både ved å visa til normative prinsipp, og ved å skapa tillit til rammene rundt skjønnsvedtaka. Val av kven som skal utøva skjønn kan vera viktig, t.d. fagpersonar, eller, som her, demokratisk valde representantar.

## Litteraturliste

Bleiklie, Ivar, Knut Dahl Jacobsen og Jan Thorsvik (1997): Forvaltningen og den enkelte. I: Tom Christensen og Morten Egeberg (red.): *Forvaltningskunnskap*. Oslo: Tano Aschehoug.

Elster, Jon (1992): *Local Justice. How Institutions allocate scarce goods and necessary burdens*. New York: Russell Sage Foundation.

Hochschild, Jennifer L. (1981): *What's fair? American Beliefs about Distributive Justice*. Harvard: Harvard University Press.

Lorentzen, Hilde (1995): *Når ikke alle kan få - om fordeling av knappe goder*. Oslo: Institutt for samfunnsforskning. ISF 1995:13.

Rasch, Bjørn Erik (1990): *Barnas beste? om fordeling av barnehageplasser*. Oslo: Institutt for samfunnsforskning. ISF 1990:3.

Walzer, Michael (1983): *Spheres of Justice. a Defense of Pluralism and Equality*. New York: Basic Books.

Yin, Robert K (2003): *Case-study research: Design and methods*. Thousand Oaks: Sage.

## Datakjelder

Bergo, Guri (2006): *personleg korrespondanse* 27.03.

Bielecki, Camilla H. og Sindre G. Meldalen (2006): Rekordland kø for bolig. I *Universitas* 25.01.  
(16.10.06) [URL: http://universitas.no/?sak=47223](http://universitas.no/?sak=47223)

*Boligtorget. Studentboligene, SiO.* (16.10.06) [URL:  
\[http://www.sio.no/wps/portal/!ut/p/kcxml/04\\\_Sj9SPykssy0xPLMnMz0vM0Y\\\_QjzKLN4o3NPUHSYGY7ib6kShCBvGOCBFvfV-P\\\_NxU\\\_QD9gtzQiHJHRUUA9Pd-A1!/delta/base64xml/L0lDU0IKQ1RPN29na21DU1Evb0tvUUFBHSVFnakZJQUFRaENFSVFqR0VKemdBIS80SkZpQ28wZWgxaWNvblFWR2hkLXNJZDJFOSEhLzdFMi8xUlQvNjYyMjIvc2Euc3BmX0FjdGlvbkxpC3RlbmVy?PC\\\_7\\\_2\\\_1RT\\\_spf\\\_strutsAction=!2fhtml!2fview!2fshowSelectedAccommodation.do#7\\\_2\\\_1RT\]\(http://www.sio.no/wps/portal/!ut/p/kcxml/04\_Sj9SPykssy0xPLMnMz0vM0Y\_QjzKLN4o3NPUHSYGY7ib6kShCBvGOCBFvfV-P\_NxU\_QD9gtzQiHJHRUUA9Pd-A1!/delta/base64xml/L0lDU0IKQ1RPN29na21DU1Evb0tvUUFBHSVFnakZJQUFRaENFSVFqR0VKemdBIS80SkZpQ28wZWgxaWNvblFWR2hkLXNJZDJFOSEhLzdFMi8xUlQvNjYyMjIvc2Euc3BmX0FjdGlvbkxpC3RlbmVy?PC\_7\_2\_1RT\_spf\_strutsAction=!2fhtml!2fview!2fshowSelectedAccommodation.do#7\_2\_1RT\)](http://www.sio.no/wps/portal/!ut/p/kcxml/04_Sj9SPykssy0xPLMnMz0vM0Y_QjzKLN4o3NPUHSYGY7ib6kShCBvGOCBFvfV-P_NxU_QD9gtzQiHJHRUUA9Pd-A1!/delta/base64xml/L0lDU0IKQ1RPN29na21DU1Evb0tvUUFBHSVFnakZJQUFRaENFSVFqR0VKemdBIS80SkZpQ28wZWgxaWNvblFWR2hkLXNJZDJFOSEhLzdFMi8xUlQvNjYyMjIvc2Euc3BmX0FjdGlvbkxpC3RlbmVy?PC_7_2_1RT_spf_strutsAction=!2fhtml!2fview!2fshowSelectedAccommodation.do#7_2_1RT)

*Byggeprosjekter. SiO.* (16.10.06) [URL:  
\[http://www.sio.no/wps/portal/!ut/p/kcxml/04\\\_Sj9SPykssy0xPLMnMz0vM0Y\\\_QjzKLN4o3tPADSYGY7ib6kShCBvGOCBFfj\\\_zcVH1v\\\_QD9gtzQiHJHRUUA1MN\\\_Hw!!/delta/base64xml/L0lDU0IKQ1RPN29na21BISEvb0VvUUFBHSVFnakZJQUFRaENFSVFqR0VBLzRKRmlDbzBlaDFpY29uUVZHaGQtc0IRIS83XzBFUDIvNjY1NjE!?!WCM\\\_PORTLET=PC\\\_7\\\_0\\\_P2\\\_WCM&WCM\\\_GLOBAL\\\_CONTEXT=/wps/wcm/connect/SiO/Om+SiO/Byggeprosjekter/\]\(http://www.sio.no/wps/portal/!ut/p/kcxml/04\_Sj9SPykssy0xPLMnMz0vM0Y\_QjzKLN4o3tPADSYGY7ib6kShCBvGOCBFfj\_zcVH1v\_QD9gtzQiHJHRUUA1MN\_Hw!!/delta/base64xml/L0lDU0IKQ1RPN29na21BISEvb0VvUUFBHSVFnakZJQUFRaENFSVFqR0VBLzRKRmlDbzBlaDFpY29uUVZHaGQtc0IRIS83XzBFUDIvNjY1NjE!?!WCM\_PORTLET=PC\_7\_0\_P2\_WCM&WCM\_GLOBAL\_CONTEXT=/wps/wcm/connect/SiO/Om+SiO/Byggeprosjekter/\)](http://www.sio.no/wps/portal/!ut/p/kcxml/04_Sj9SPykssy0xPLMnMz0vM0Y_QjzKLN4o3tPADSYGY7ib6kShCBvGOCBFfj_zcVH1v_QD9gtzQiHJHRUUA1MN_Hw!!/delta/base64xml/L0lDU0IKQ1RPN29na21BISEvb0VvUUFBHSVFnakZJQUFRaENFSVFqR0VBLzRKRmlDbzBlaDFpY29uUVZHaGQtc0IRIS83XzBFUDIvNjY1NjE!?!WCM_PORTLET=PC_7_0_P2_WCM&WCM_GLOBAL_CONTEXT=/wps/wcm/connect/SiO/Om+SiO/Byggeprosjekter/)

Dameshmand, Erli B.(2005): Mangler barnehageplasser. I *Universitas* 26.10. (16.10.06)  
[URL: http://universitas.uio.no/?sak=46900](http://universitas.uio.no/?sak=46900)

Eggerud, Jonn (2006): *personleg korrespondanse* 22.08.

Engh, Lars (2003): For gammel til å få studenthybel. I *Universitas* 19.11. (16.10.06)  
[URL: http://www.universitas.no/?sak=3898](http://www.universitas.no/?sak=3898)

Førde, Lars E. (2004): Vil ha egen gang for gamlinger. I *Universitas* 20.04. (16.10.06)  
[URL: http://universitas.no/?sak=4414](http://universitas.no/?sak=4414)

Gjengaar, Øyvind (2005a): *Revidering av tildelingsreglementet for Studentboligene*. Saksframlegg (18.10).

Gjengaar, Øyvind (2005b): *Revidering av uttaksreglementet for Studentbarnehagene*. Saksframlegg (18.10.)

Gjengaar, Øyvind (2006a, b): *personleg korrespondanse* 27.06. og 30.06.

Gram, Tor A.K. (2005): Ingen boligkrise i Oslo. I *Universitas* 24.08. (16.10.06)  
[URL: http://www.universitas.no/?sak=46466](http://www.universitas.no/?sak=46466)

*Handlingsplan for Studentboliger*. Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet 2001.  
(16.10.06) [URL: http://odin.dep.no/kd/norsk/dok/andre\\_dok/handlingsplaner/014071-220004/dok.bn.html](http://odin.dep.no/kd/norsk/dok/andre_dok/handlingsplaner/014071-220004/dok.bn.html)

Heinert, Egil (2006a): *intervju* 31.05.

Heinert, Egil (2006b): *personleg korrespondanse* 31.07.

*Hva er SiO?* (16.10.06) [URL](http://www.sio.no/wps/portal/lut/p/kcxml/04_Sj9SPykssy0xPLMnMz0vM0Y_QjzKLN4o3tPADSYGY7ib6kShCBvGOCAFfj_zcVH1v_QD9gtzQiHJHRUUA1MN_Hw!!/delta/base64xml/L0lDU0IKQ1RPN29na21B1SEvb0VvUUFBVFnakZJQUFRaENFSVFqR0VBLzRKRLDbzBlaDFpY29uUVZHaGQtc0IRIS83XzBfUDIvNjY4MzQ!/?WCM_PORTLET=PC_7_0_P2_WCM&WCM_GLOBAL_CONTEXT=/wps/wcm/connect/SiO/Om+SiO/Hva+er+SiO):

[http://www.sio.no/wps/portal/lut/p/kcxml/04\\_Sj9SPykssy0xPLMnMz0vM0Y\\_QjzKLN4o3tPADSYGY7ib6kShCBvGOCAFfj\\_zcVH1v\\_QD9gtzQiHJHRUUA1MN\\_Hw!!/delta/base64xml/L0lDU0IKQ1RPN29na21B1SEvb0VvUUFBVFnakZJQUFRaENFSVFqR0VBLzRKRLDbzBlaDFpY29uUVZHaGQtc0IRIS83XzBfUDIvNjY4MzQ!/?WCM\\_PORTLET=PC\\_7\\_0\\_P2\\_WCM&WCM\\_GLOBAL\\_CONTEXT=/wps/wcm/connect/SiO/Om+SiO/Hva+er+SiO](http://www.sio.no/wps/portal/lut/p/kcxml/04_Sj9SPykssy0xPLMnMz0vM0Y_QjzKLN4o3tPADSYGY7ib6kShCBvGOCAFfj_zcVH1v_QD9gtzQiHJHRUUA1MN_Hw!!/delta/base64xml/L0lDU0IKQ1RPN29na21B1SEvb0VvUUFBVFnakZJQUFRaENFSVFqR0VBLzRKRLDbzBlaDFpY29uUVZHaGQtc0IRIS83XzBfUDIvNjY4MzQ!/?WCM_PORTLET=PC_7_0_P2_WCM&WCM_GLOBAL_CONTEXT=/wps/wcm/connect/SiO/Om+SiO/Hva+er+SiO)

Kvåle, Bjarne H. (2000): Samskipnadens hybelsnadder. *I Universitas* 27.12. (16.10.06)  
[URL](http://universitas.uio.no/?sak=418): <http://universitas.uio.no/?sak=418>

Lode, Veslemøy (2006): Kjøper seg foran i barnehagekøen. *I Dagbladet* 06.07.

LOV-1996-06-28-54: *Lov om studentsamskipnader*. Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet.

LOV-2005-06-17-64: *Lov om Barnehager*. Barne- og familieldepartementet.

Maseng, Jens (2006): Fremdeles utdanning for alle? *I Universitas* 14.03. (16.10.06).  
[URL](http://universitas.no/?sak=47530): <http://universitas.no/?sak=47530>

*Møtereferat SiO-komit  en* 29.09.05. Velferdstinget i Oslo.

*Møtereferat* 03.11.05. Velferdstinget i Oslo.

Nystad, Nina (2005): *Notat*. (17.10) Fr   Boligavdelinga til leiargruppa i Studentboligene.

*Om oss. Studentbarnehagene i SiO.* (16.10.06). [URL](http://www.sio.no/wps/portal/lut/p/kcxml/04_Sj9SPykssy0xPLMnMz0vM0Y_QjzKLN4p3dwTJgFkm-pHIgbxjnABX4_83FR9b_0A_YLc0IhyR0VFANw2yQQ!/?delta/base64xml/L0lDU0IKQ1RPN29na21B1SEvb0VvUUFBVFnakZJQUFRaENFSVFqR0VBLzRKRLDbzBlaDFpY29uUVZHaGQtc0IRIS83XzBfUDMvNjc2Nje!/?WCM_PORTLET=PC_7_0_P8_WCM&WCM_GLOBAL_CONTEXT=/wps/wcm/connect/SiO/Barnehager/Om+oss+Barnehagene):

[http://www.sio.no/wps/portal/lut/p/kcxml/04\\_Sj9SPykssy0xPLMnMz0vM0Y\\_QjzKLN4p3dwTJgFkm-pHIgbxjnABX4\\_83FR9b\\_0A\\_YLc0IhyR0VFANw2yQQ!/?delta/base64xml/L0lDU0IKQ1RPN29na21B1SEvb0VvUUFBVFnakZJQUFRaENFSVFqR0VBLzRKRLDbzBlaDFpY29uUVZHaGQtc0IRIS83XzBfUDMvNjc2Nje!/?WCM\\_PORTLET=PC\\_7\\_0\\_P8\\_WCM&WCM\\_GLOBAL\\_CONTEXT=/wps/wcm/connect/SiO/Barnehager/Om+oss+Barnehagene](http://www.sio.no/wps/portal/lut/p/kcxml/04_Sj9SPykssy0xPLMnMz0vM0Y_QjzKLN4p3dwTJgFkm-pHIgbxjnABX4_83FR9b_0A_YLc0IhyR0VFANw2yQQ!/?delta/base64xml/L0lDU0IKQ1RPN29na21B1SEvb0VvUUFBVFnakZJQUFRaENFSVFqR0VBLzRKRLDbzBlaDFpY29uUVZHaGQtc0IRIS83XzBfUDMvNjc2Nje!/?WCM_PORTLET=PC_7_0_P8_WCM&WCM_GLOBAL_CONTEXT=/wps/wcm/connect/SiO/Barnehager/Om+oss+Barnehagene)

*Om oss. Studentboligene i SiO.* (16.10.06). [URL](http://www.sio.no/wps/portal/lut/p/kcxml/04_Sj9SPykssy0xPLMnMz0vM0Y_QjzKLN4r3DATJgFjuJvqRyCIG8Y5wAV-P_NxUfW_9AP2C3NC1ckdFRQAI-jOV/delta/base64xml/L0lDU0IKQ1RPN29na21B1SEvb0VvUUFBVFnakZJQUFRaENFSVFqR0VBLzRKRLDbzBlaDFpY29uUVZHaGQtc0IRIS83XzBfUDMvNjc4NDQ!/?WCM_PORTLET=PC_7_0_P3_WCM&WCM_GLOBAL_CONTEXT=/wps/wcm/connect/SiO/Boliger/Om+oss++bolig):

[http://www.sio.no/wps/portal/lut/p/kcxml/04\\_Sj9SPykssy0xPLMnMz0vM0Y\\_QjzKLN4r3DATJgFjuJvqRyCIG8Y5wAV-P\\_NxUfW\\_9AP2C3NC1ckdFRQAI-jOV/delta/base64xml/L0lDU0IKQ1RPN29na21B1SEvb0VvUUFBVFnakZJQUFRaENFSVFqR0VBLzRKRLDbzBlaDFpY29uUVZHaGQtc0IRIS83XzBfUDMvNjc4NDQ!/?WCM\\_PORTLET=PC\\_7\\_0\\_P3\\_WCM&WCM\\_GLOBAL\\_CONTEXT=/wps/wcm/connect/SiO/Boliger/Om+oss++bolig](http://www.sio.no/wps/portal/lut/p/kcxml/04_Sj9SPykssy0xPLMnMz0vM0Y_QjzKLN4r3DATJgFjuJvqRyCIG8Y5wAV-P_NxUfW_9AP2C3NC1ckdFRQAI-jOV/delta/base64xml/L0lDU0IKQ1RPN29na21B1SEvb0VvUUFBVFnakZJQUFRaENFSVFqR0VBLzRKRLDbzBlaDFpY29uUVZHaGQtc0IRIS83XzBfUDMvNjc4NDQ!/?WCM_PORTLET=PC_7_0_P3_WCM&WCM_GLOBAL_CONTEXT=/wps/wcm/connect/SiO/Boliger/Om+oss++bolig)

*Om Velferdstinget. Velferdstinget i Oslo.* (16.10.06) [URL](http://www.studentvelferd.no/cms/index.php?option=com_content&task=view&id=14&Itemid=42):

[http://www.studentvelferd.no/cms/index.php?option=com\\_content&task=view&id=14&Itemid=42](http://www.studentvelferd.no/cms/index.php?option=com_content&task=view&id=14&Itemid=42)

Ot.prp. nr. 72 (2004-2005): *Om lov om barnehager (barnehageloven)*. Barne- og familieldepartementet.

*Reglement for tildeling av studentbolig*. SiO. (eldre:26.10.05, nytt: 16.10.06) [URL](http://www.sio.no/wps/portal/lut/p/kcxml/04_Sj9SPykssy0xPLMnMz0vM0Y_QjzKLN4r3DATJgFjuJvqRyCIG8Y5wAV-P_NxUfW_9AP2C3NC1ckdFRQAI-jOV/delta/base64xml/L0lDU0IKQ1RPN29na21B1SEvb0VvUUFBVFnakZJQUFRaENFSVFqR0VBLzRKRLDbzBlaDFpY29uUVZHaGQtc0IRIS83XzBfUDMvNjg3NDQ!/?WCM_PORTLET=PC_7_0_P3_WCM&WCM_GLOBAL_CONTEXT=/wps/wcm/connect/SiO/Boliger/Tildelingsreglement):

[http://www.sio.no/wps/portal/lut/p/kcxml/04\\_Sj9SPykssy0xPLMnMz0vM0Y\\_QjzKLN4r3DATJgFjuJvqRyCIG8Y5wAV-P\\_NxUfW\\_9AP2C3NC1ckdFRQAI-jOV/delta/base64xml/L0lDU0IKQ1RPN29na21B1SEvb0VvUUFBVFnakZJQUFRaENFSVFqR0VBLzRKRLDbzBlaDFpY29uUVZHaGQtc0IRIS83XzBfUDMvNjg3NDQ!/?WCM\\_PORTLET=PC\\_7\\_0\\_P3\\_WCM&WCM\\_GLOBAL\\_CONTEXT=/wps/wcm/connect/SiO/Boliger/Tildelingsreglement](http://www.sio.no/wps/portal/lut/p/kcxml/04_Sj9SPykssy0xPLMnMz0vM0Y_QjzKLN4r3DATJgFjuJvqRyCIG8Y5wAV-P_NxUfW_9AP2C3NC1ckdFRQAI-jOV/delta/base64xml/L0lDU0IKQ1RPN29na21B1SEvb0VvUUFBVFnakZJQUFRaENFSVFqR0VBLzRKRLDbzBlaDFpY29uUVZHaGQtc0IRIS83XzBfUDMvNjg3NDQ!/?WCM_PORTLET=PC_7_0_P3_WCM&WCM_GLOBAL_CONTEXT=/wps/wcm/connect/SiO/Boliger/Tildelingsreglement)

Sten, Kristin (2005): *Ang  ende Studentbarnehagene*. Notat (29.09) Fr   uttakskomite  n til Velferdstinget i Oslo.

Sten, Kristin (2006a): *intervju* 21.06.

Sten, Kristin (2006b): *personleg korrespondanse* 30.06.

SiO (2002): *Årsrapport 2001*. (16.10.06) [URL](http://nexus.student.no/files/kle/sio2001.pdf): <http://nexus.student.no/files/kle/sio2001.pdf>

SiO (2003): *Årsrapport 2002*. (16.10.06) [URL](http://nexus.student.no/files/kle/sio2002.pdf): <http://nexus.student.no/files/kle/sio2002.pdf>

SiO (2004): *Årsrapport 2003*. (16.10.06) [URL](http://nexus.student.no/files/kle/sio2002.pdf): <http://nexus.student.no/files/kle/sio2002.pdf>

SiO (2005): *Årsrapport 2004*. (16.10.06) [URL: http://nexus.sio.no/files/info/aarsrapport/aarsrapport04.html](http://nexus.sio.no/files/info/aarsrapport/aarsrapport04.html)

SiO (2006): *Årsrapport 2005*. (16.10.06) [URL: http://nexus.sio.no/files/info/aarsrapport/aarsrapport05.html](http://nexus.sio.no/files/info/aarsrapport/aarsrapport05.html)

Sundnes, Camilla E. (2000): Førsteårsstudenter skal prioriteres. I *Universitas* 27.12.  
(16.10.06) [URL: http://universitas.uio.no/?sak=368](http://universitas.uio.no/?sak=368)

\**Søk bolig*. Studentboligene, SiO. (16.10.06) [URL: http://www.sio.no/wps/portal/ut/p/kcxml/04\\_Sj9SPykssy0xPLMnMz0vM0Y\\_QjzKLN4r3DATJgFjuJvqRyCIG8Y5wAV-P\\_NxUfW\\_9AP2C3NCIckdFRQAI-jOV/delta/base64xml/L0lDU0IKQ1RPN29na21BISEvb0VvUUFBHSVFnakZJQUFRaENFSVFqR0VBLzRKRmlDbzBlaDFpY29uUVZHaGQtc0lRIS83XzBfUDMvNjg4NzE!?WCM\\_PORTLET=PC\\_7\\_0\\_P3\\_WCM&WCM\\_CONTEXT=/wps/wcm/connect/SiO/Boliger/S%C3%88k+bolig/S%C3%88k+bolig](http://www.sio.no/wps/portal/ut/p/kcxml/04_Sj9SPykssy0xPLMnMz0vM0Y_QjzKLN4r3DATJgFjuJvqRyCIG8Y5wAV-P_NxUfW_9AP2C3NCIckdFRQAI-jOV/delta/base64xml/L0lDU0IKQ1RPN29na21BISEvb0VvUUFBHSVFnakZJQUFRaENFSVFqR0VBLzRKRmlDbzBlaDFpY29uUVZHaGQtc0lRIS83XzBfUDMvNjg4NzE!?WCM_PORTLET=PC_7_0_P3_WCM&WCM_CONTEXT=/wps/wcm/connect/SiO/Boliger/S%C3%88k+bolig/S%C3%88k+bolig)

*Søke om plass i Studentbarnehagene*? SiO. (16.10.06) [URL: http://www.sio.no/wps/portal/ut/p/kcxml/04\\_Sj9SPykssy0xPLMnMz0vM0Y\\_QjzKLN4p3dwTJgFkm-pHIgbxjnABX4\\_83FR9b\\_0A\\_YLc0IhyR0VFANw2yQQ!/delta/base64xml/L0lDU0IKQ1RPN29na21BISEvb0VvUUFBHSVFnakZJQUFRaENFSVFqR0VBLzRKRmlDbzBlaDFpY29uUVZHaGQtc0lRIS83XzBfUDgvNjg4ODc!?WCM\\_PORTLET=PC\\_7\\_0\\_P8\\_WCM&WCM\\_GLOBAL\\_CONTEXT=/wps/wcm/connect/SiO/Barnehager/PLASS+I+STUDENTBARNEHAGENE](http://www.sio.no/wps/portal/ut/p/kcxml/04_Sj9SPykssy0xPLMnMz0vM0Y_QjzKLN4p3dwTJgFkm-pHIgbxjnABX4_83FR9b_0A_YLc0IhyR0VFANw2yQQ!/delta/base64xml/L0lDU0IKQ1RPN29na21BISEvb0VvUUFBHSVFnakZJQUFRaENFSVFqR0VBLzRKRmlDbzBlaDFpY29uUVZHaGQtc0lRIS83XzBfUDgvNjg4ODc!?WCM_PORTLET=PC_7_0_P8_WCM&WCM_GLOBAL_CONTEXT=/wps/wcm/connect/SiO/Barnehager/PLASS+I+STUDENTBARNEHAGENE)

*Søknadsskjema for barnehageplass*. Studentbarnehagene, SiO. (16.10.06) [URL: http://www.sio.no/wps/portal/ut/p/kcxml/04\\_Sj9SPykssy0xPLMnMz0vM0Y\\_QjzKLN4p3dwTJgFkm-pHIgbxjnABX4\\_83FR9b\\_0A\\_YLc0IhyR0VFANw2yQQ!/delta/base64xml/L0lDU0IKQ1RPN29na21BISEvb0VvUUFBHSVFnakZJQUFRaENFSVFqR0VBLzRKRmlDbzBlaDFpY29uUVZHaGQtc0lRIS83XzBfUDgvNjg4ODc!?WCM\\_PORTLET=PC\\_7\\_0\\_P8\\_WCM&WCM\\_GLOBAL\\_CONTEXT=/wps/wcm/connect/SiO/Barnehager/S%C3%88k+barnehageplass/](http://www.sio.no/wps/portal/ut/p/kcxml/04_Sj9SPykssy0xPLMnMz0vM0Y_QjzKLN4p3dwTJgFkm-pHIgbxjnABX4_83FR9b_0A_YLc0IhyR0VFANw2yQQ!/delta/base64xml/L0lDU0IKQ1RPN29na21BISEvb0VvUUFBHSVFnakZJQUFRaENFSVFqR0VBLzRKRmlDbzBlaDFpY29uUVZHaGQtc0lRIS83XzBfUDgvNjg4ODc!?WCM_PORTLET=PC_7_0_P8_WCM&WCM_GLOBAL_CONTEXT=/wps/wcm/connect/SiO/Barnehager/S%C3%88k+barnehageplass/)

*Tillitsvalgte*. Velferdstinget i Oslo. (16.10.06)  
[URL: http://www.studentvelferd.no/cms/index.php?option=com\\_content&task=view&id=12&Itemid=41](http://www.studentvelferd.no/cms/index.php?option=com_content&task=view&id=12&Itemid=41)

Universitas (2002): Venter på hybel. Notis 21.08. (16.10.06) [URL: http://universitas.uio.no/?sak=46045](http://universitas.uio.no/?sak=46045)

Universitetet i Oslo (2001): UiO som studieorganisasjon. I *Virkelighet og visjon. UiO et universitet i en bryningstid*. EVA- selvevaluering. (16.10.06)  
[URL: http://www.admin.uio.no/prosjekter/eva/rapport/EVA-norsk.pdf](http://www.admin.uio.no/prosjekter/eva/rapport/EVA-norsk.pdf)

Universitetet i Oslo (2003): *Strategi for studentmobilitet 2003-2006*. Seksjon for internasjonalisering av studier.  
(16.10.06) [URL: http://www.uio.no/om\\_uio/internasjonalt/studier/studmob/index.html](http://www.uio.no/om_uio/internasjonalt/studier/studmob/index.html)

\**Vedtekter for Studentbarnehagene*. SiO. (eldre: 22.11.05, nye: 16.10.06) [URL: http://www.sio.no/wps/portal/ut/p/kcxml/04\\_Sj9SPykssy0xPLMnMz0vM0Y\\_QjzKLN4p3dwTJgFkm-pHIgbxjnABX4\\_83FR9b\\_0A\\_YLc0IhyR0VFANw2yQQ!/delta/base64xml/L0lDU0IKQ1RPN29na21BISEvb0VvUUFBHSVFnakZJQUFRaENFSVFqR0VBLzRKRmlDbzBlaDFpY29uUVZHaGQtc0lRIS83XzBfUDgvNjk1MDE!?WCM\\_PORTLET=PC\\_7\\_0\\_P8\\_WCM&WCM\\_GLOBAL\\_CONTEXT=/wps/wcm/connect/SiO/Barnehager/Vedtekter/](http://www.sio.no/wps/portal/ut/p/kcxml/04_Sj9SPykssy0xPLMnMz0vM0Y_QjzKLN4p3dwTJgFkm-pHIgbxjnABX4_83FR9b_0A_YLc0IhyR0VFANw2yQQ!/delta/base64xml/L0lDU0IKQ1RPN29na21BISEvb0VvUUFBHSVFnakZJQUFRaENFSVFqR0VBLzRKRmlDbzBlaDFpY29uUVZHaGQtc0lRIS83XzBfUDgvNjk1MDE!?WCM_PORTLET=PC_7_0_P8_WCM&WCM_GLOBAL_CONTEXT=/wps/wcm/connect/SiO/Barnehager/Vedtekter/)

Velferdstinget i Oslo (2005a): *Arbeidsprogram for Velferdstinget*.

Velferdstinget i Oslo (2005b): *Politisk grunn dokument for Velferdstinget i Oslo*

Velferdstinget i Oslo (2006): *Boligpolitisk dokument for Velferdstinget i Oslo*. Velferdstinget i Oslo. (16.10.06)  
[URL: http://www.studentvelferd.no/CMS/index.php?option=com\\_docman&task=doc\\_download&gid=107](http://www.studentvelferd.no/CMS/index.php?option=com_docman&task=doc_download&gid=107)

*Velkommen til Studentbarnehagene*. SiO. (16.10.06) [URL: http://www.sio.no/wps/portal/ut/p/kcxml/04\\_Sj9SPykssy0xPLMnMz0vM0Y\\_QjzKLN4p3dwTJgFkm-pHIgbxjnABX4\\_83FR9b\\_0A\\_YLc0IhyR0VFANw2yQQ!/delta/base64xml/L0lDU0IKQ1RPN29na21BISEvb0VvUUFBHSVFnakZJQUFRaENFSVFqR0VBLzRKRmlDbzBlaDFpY29uUVZHaGQtc0lRIS83XzBfUDgvNjk5NzU!?WCM\\_PORTLET=PC\\_7\\_0\\_P8\\_WCM&WCM\\_GLOBAL\\_CONTEXT=/wps/wcm/connect/SiO/Barnehager/Velkommen+til+studentbarnehagene](http://www.sio.no/wps/portal/ut/p/kcxml/04_Sj9SPykssy0xPLMnMz0vM0Y_QjzKLN4p3dwTJgFkm-pHIgbxjnABX4_83FR9b_0A_YLc0IhyR0VFANw2yQQ!/delta/base64xml/L0lDU0IKQ1RPN29na21BISEvb0VvUUFBHSVFnakZJQUFRaENFSVFqR0VBLzRKRmlDbzBlaDFpY29uUVZHaGQtc0lRIS83XzBfUDgvNjk5NzU!?WCM_PORTLET=PC_7_0_P8_WCM&WCM_GLOBAL_CONTEXT=/wps/wcm/connect/SiO/Barnehager/Velkommen+til+studentbarnehagene)

Winther, Silje (2006): *intervju 07.08.*

Wong, King Ho og Ida De Rosa (2006) Frykter prishopp. I *Universitas* 23.05. (16.10.06)  
[URL: http://universitas.uio.no/?sak=47874](http://universitas.uio.no/?sak=47874)